

Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 1 6



Innhald

Ny giv for Sykkylven historielag	side 3
Kjetil Tandstad: Lang kamp for promille	side 4
Stein Arne Fauske: Soga om ein gravstein	side 6
Eldar Høidal: Sykkelproduksjon i Sykkylven	side 10
Nytt frå Aura-Påls vener	side 15
Jostein Fet: Merkelege stadnamn	side 16
Per Arne Grebstad: Brua og kjærleiken	side 23
Guro Leirmo: Opplevingskunstnaren	side 25
Bent Tandstad: Fundet død i sin seng - taget gift	side 30
Jarle Tusvik: Kremmarane på Blakstad	side 36
Kjetil Tandstad: Møblar og namn	side 40
Jarle Tusvik: Møbelgründerar i Sykkylven (del 4)	side 44
Arild Lekanger Aure: Biletkavalkade 2016	side 50
Per Svein Tandstad: Æresdrap og broderhemn	side 52
Guro Leirmo: Omsorg utan om og men	side 54
Asgeir Kvernberg: Smedane frå Bjørneviksmia	side 56
Wenche Espe/Per Arne Grebstad: Songleik, glede og vennskap	side 63
Kjetil Tandstad: Bussulykka i Tynesstranda - eit femtiårsminne	side 66
Roald Solheim: Kornhesjing på Kjempfol	side 68
Kjell Løseth: "Så lenge skuta kan gå"	side 72
Petter Kursetgjerde: Syklus. Foto: Hallvard Sandvik	bakside

Sogenemnda 2016

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar) Astrid Aure, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Ingvill Kjærstein.

Arbokredaksjonen 2016

Kjetil Tandstad (redaktør, telefon 902 01 231 e-post: kjetil.tandstad@online.no)
Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Jarle Tusvik, Kjell Løseth og Aase Wick Sætre.

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd
Skrift på tekst er Century Old Style 11 pt.
Utforming/Produksjon: EldArt Grafisk. Prent: Hatleholts As

ISBN 978-82-92269-21-3

Forsidebilet

Roald Solheim og Hundedidvik Sogelag stod bak ein demonstrasjon av korleis dei hausta korn i gamle dagar. Astrid Aure stilte opp i tidsrette klesplagg då dei skar kornet, batt kornband og hesja kornbanda. Foto: Hallvard Sandvik.

Ny giv for Sykkylven historielag



Drifta av Sykkylven historielag har kome i gang igjen. 6. april var det skipingsmøte på kulturhuset. Rundt 25 møtte fram.

Det vart vald eit interimstyre: Svein Aure, leiar, Ragnhild Hovet, nestleiar. Styre-medlemmer vart Stein Arne Fauske, Heidi Heggem (sekr.) og Jarle Tusvik. Aktuelle arbeidsoppgåver: Arrangere møte, kurs, ekskursjonar, registrering og innsamling av bilde, munnlege tradisjonar og anna av historisk interesse. Vern av forn- og kultur-minne av alle slag i kommunen.

Første arrangement var 29. mai - ei elvevandring langs Aureelva frå Osen til Bakke-dammen. Stopp undervegs med orientering blant anna om fiske, sanduttak, Nye-brua, Aure gamle skule, Aure-brua, ungdomsskulen, meieriet, sam-funnshuset, vidaregåande skule, Kvennhushaugen, Storhallen, sta-dion, teglverket og Bakkedammen. Forteljarar var Stein Arne Fauske, Olav Asbjørnsen og Svein Aure. Om lag 35 personar tok del.

Arrangement nr 2 i år var kveldsete på Berlihuset torsdag 29. septem-ber. Ingjerd Asbjørnsen viste bilde og fortalde om historia til Berlihuset. Også mange av dei framømte delte historier og opplevingar med Berli-familien som var her kvar sommar fram til først på 1970-talet. Om lag 30 framømte.



Øvst: Olav Asbjørnsen orienterer om dei gamle kvennhusa på Kvennhushaugen. (Foto: Sykkylven historielag)

Historikar Stein Arne Fauske hadde magne historier om Aure-elva og miljøet rundt. (Foto: Sykkylven historielag)



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist og no avdelingsleiar for Møbelmuseet i Sykkylven.

Lang kamp for promille

Av Kjetil Tandstad

I løpet av femti år har Sykkylven endra seg frå tørrlagt bedehusland til eit lokalsamfunn med vin på kafeen, øl i butikken og eige pol. Fremst i striden for skjenkerett på 60-talet stod ein syngjande hotellvert frå Nord-Noreg.

For femti år sidan kom Ernst Ellingsen som sjef for det som sykkylvingane var vane med å kalle Hotellet, men som no fekk namnet Sjølyst Gjestehjem, etter kvart Sjølyst Turistheim. Sykkylven har lange hotelltradisjonar, men hotellet som den nye direktøren overtok, var nedslite og gammaldags og med eit elendig belegg.

Ernst Ellingsen var ein frittalande nordlending. Han kom rett frå nattklubben Regnbuen i Oslo og hadde sine profesjonelle erfaringar frå hovudstaden. No ville han satse på hotell drift i den blomstrande møbelkommunen Sykkylven. Det gjekk ikkje lenge før han gjorde det klart at han måtte ha skjenkerett for spisegjester om han skulle kunne skape eit moderne hotelltilbod. Han viste til at hotella i nabobygdene Ørsta og Stranda var godkjende som høgfjellshotell og hadde fått skjenkeretten sin frå departementet. I Sykkylven var ein prispitt folkeviljen og dei folkevalde. Her var det enno eit kompakt fleirtal mot at det skulle serverast øl og vin til innbyggjarane – ikkje ein gong til maten. Di meir alkoholtilbod, di større skadeverknader, meinte politikarane og var spesielt opptekne av at ungdommen ikkje skulle bli eksponert for rusdrikk av noko slag.

Kristendom og fråhaldssak

Historisk hadde Sykkylven knapt utmerka seg i noka lei når det galt alkoholbruk. Sykkylven var som Sunnmøre elles – ganske midt i laget både når det galt konsum og motstand mot rusdrikken. Distriktet hadde hatt sin del av misbruket som prega landet på 1700- og 1800-talet då heimebrenninga blomstra opp og skapte stor elendigheit. Det store konsumet, spesielt av brennevin, skapte ei pietistisk orientert protestrørsle mot slutten av 1800-talet. Den frilynde ungdomsrørsla hadde også motstand mot rusdrykk på programmet. Kampen mot alkoholen vart ei folkerørsle som greidde å redusere alkoholbruken kraftig i åra som følgde. Spesielt på Sør- og Vestlandet var kombinasjonen fråhaldssak og kristendom ein kraftfull kombinasjon første halvdel av 1900-talet.

I Europa hadde alkoholen ein heilt anna og meir naturleg plass i dagleglivet. Etter krigen såg ein konturane av eit nytt og opnare samfunn der impulsane utanfrå fekk større plass. Spesielt utover på sekstialet, då møbelindustrien tok til å gjere seg gjeldande på eksportmarknaden, kom fleire heimefødde sykkylvingar i nærkontakt med den kontinentale alkoholtradisjonen.

Men motstanden mot liberalisering lokalt var sterk. Mange av dei som vart rekna som bygdas leiande kvinner og menn hadde eit kristent og idealistisk fråhaldsstandpunkt. Dei var opne for internasjonal kontakt, men ville berre importere dei internasjonale impulsane som dei såg som gode og byggjande. Slik var den etter kvart internasjonalt orienterte reiselivsgründeren Bernt Fauske, som arrangerte charterturar for nordmenn til inn- og utland i kristen regi og skreiv flammande dikt og lesarinnlegg mot alkoholen i Sykkylvsbladet. Ikkje minst galt det industripioneren Jens E. Eknor. Han var lokalpatriot, men samtidig vidopen for impulsar utanfrå så lenge dei ikkje gjekk på tvers av ideala han kjempa for.



Idealisme

For Jens Eknor gjekk industrireisinga hand i hand med fråhaldssak og nedervordet pietisme blanda med USA-inspirert kristentru. Han hadde stor velvilje for den kombinasjonen av business, kristendom og privat ansvar for velgjerd som han hadde møtt i Amerika. I tillegg til å vere den mest framgangsrike møbelprodusenten i kommunen, tok han også på seg viktige samfunnsverv. Han var også ordførar nokre år og var med på ei aktiv «headhunting» for å rekruttere unge kristelege lærarar til skulane i Sykkylven. Draumen dei bar på var eit moderne, opplyst og velstående samfunn der folk arbeidde hardt for seg sjølv og kvarandre og som drog i same retning. I dette samfunnet hadde ikkje alkoholen nokon plass, korkje til kvardags eller til fest.

Jens Eknor og Bernt Fauske målbar visjonar som mange i kommunen delte. Men ikkje alle var like rettlinja. Presset frå samfunnet utanfrå auka i styrke. Industrileiarar og seljarar som reiste i inn- og utland vart vane med øl og vin til maten og tok med seg skikken heim. Det vart skumla om kristelege industrileiarar som gjekk på nattklubb når dei var på møbelmesse i København. Mange snakka om dobbeltmoral. Dobbeltmoral var det også å sjå mellom fingrane på fylla i ungdomshusa når det var offentleg dans, meinte mange. Her tok mange av dansegjestene flittige turar bak nova for å styrke seg på heimebrent, kornøl og illeluktande sats. Dette verka som ein gammal og uuttryddeleg tradisjon. Men mange stilte seg spørsmålet om det ikkje hadde blitt mindre flatfyll om dei fekk drikke sitt øl på hotellet i kontrollerte former og på legalt og offentleg vis.

Ernst Ellingsen var ein populær leiar for Sjølyst Turistheim. Han vart gjerne presentert som «den syngjande hotellvert». Han var flink å arrangere musikalske arrangement og greip ofte mikrofonen for å syngje ein eviggrøn amerikansk ballade for publikum. Foto: Bjørn Hervik/Scanpix

Folkerøysting

I 1965 var presset så stort at det vart arrangert folkerøysting over spørsmålet om hotellet skulle få skjenkerett. Fråhaldstanken stod så sterkt at det knapt var nokon som våga å flagga eit ja-standpunkt offentleg. Røystinga viste også at fråhaldsfolket hadde full kontroll. Frammøtet var 60 prosent. Det vart også 60 prosent som røysta nei til skjenking. Vedtaket vart naturlegvis feira som ein siger. Sykkylven skulle framleis vere tørrlagt for kjøpe-alkohol.

Slik var situasjonen tilsynelatande avklara for mange år framover. Men i 1966 kom Ernst Ellingsen inn som hotellvert. Han satsa friskt, pussa opp rom og restaurant og snakka høgt og fritt om sine planar om å levere mat og drikke både til forretningsreisande, turistar og bygdefolk. Hotellet hadde 30 senger. Før han tok over, kunne det vere så få som sju gjester på ein månad. Etter to års drift var det stort sett fullt belegg heile tida året rundt, fortalde han til avisene.

Sykkylven hadde behov for eit moderne hotell, det var også bygdefolket samde i. Etter kort tids drift gjekk Ellingsen ut og sa at dette målet var vanskeleg å nå viss han ikkje fekk servere alkohol til spisegjestene. Det første drifts året hadde han 17 bryllaup på hotellet. Det andre hadde han 40. Neste år skal det bli seksti, lova han. «Det er litt av ein jobb å samle tomflasker og plastdunkar etterpå, men det får så vere. Om eit par år skal eg ha innført drikkekultur i Sykkylven», lova han.

Alkoholdebatten hadde høg temperatur over heile Sunnmøre. I Ørsta hadde Viking Fjord Hotel status som høgjellshotell med skjenkeløyve gitt av departementet. Men samtidig hadde Ørsta kommunestyre gjort vedtak om at skjenkeretten berre galdt for tilreisande og ikkje omfatta innbyggjarane i kommunen. Hotelldirektør Ingvald Rørnes hadde sans for effektar: Han sette opp ei godt synleg tausperring midt gjennom restauranten. På den eine sida sat tilreisande – også voldingar – med alkohol i glasa. På andre sida sat folk frå Ørsta kommune og måtte greie seg med lagerøl, som var den tids lettøl og ei mager trøyst for folk i festhumør. Som venta skapte sperringa mykje aggresjon og brudulje. Då ringde hotellverten bildebladet NÅ.

Sarkasmer

I 1968 fekk også Sykkylven besøk av hovudstadspressa. Det var bildebladet Aktuell som var på langtur. Tema var naturlegvis det tørrlagde Sykkylven. Alt frå første line la bladet seg på ein urban og sarkastisk stil, slik journalistar frå storbyen gjerne gjorde når dei rapporterte frå bedehusland:

«Når det nye året er inne, er alt klappet og klart for nok en akt i vår nasjonale komedie om legal skjenking av øl og vin. Scenen er denne gangen Sykkylven. Hovedaktør i tragikomikken er de gamle travere: Hotelldirektøren og bedehusfraksjonen. I den uskrevne rollelisten figurerer som før hotelldirektøren som fandens ambassadør og avholds/bedehusfolket som de byggende og samfunnsbevarende krefter», heitte det.

Bladet var ikkje direkte objektivt i behandlinga av skjenkesaka i Sykkylven. Vi kan meir enn ane at journalist Bjørn Hervik gjerne spela rolla som opplysningas faneberar i eit mørkemannland der pietismen heldt eit undertrykt folk i slavekår.

«Det pene og ordentlige hotellet, hvor der hittil bare har vært drukket brennevin på flasker og hjemmebrygg i ballongvis, har ikke såkalt turisthotellstatus, hvorfor departementet er avskåret fra å desavouere (overprøve) kommunestyret. Og derfor: Hvis hotellets direktør Ernst Ellingsen, et ukjent antall industrifolk og et ukjent antall av kommunens borgere vil ha skjenkerett – og det vil de - må de spille sin rolle til ende. Men de må gå hardere til verks enn forrige gang, under avstemningen i 1965. Da hadde de ikke mye de skulle ha sagt overfor mot-fraksjonen».

Journalisten prøvde å få nokre av innbyggjarane med ja-standpunkt til å uttale seg under fullt namn. Berre ein person våga å stå fram. Det var fabrikkeigar og kommunestyrrerepresentant Fridtjof Fredriksen. Sjølv drikk han både øl, vin og pølter, vedgjekk han. Men han vil ikkje at ungdommen skulle få alt for lett tilgang til rusdrikken. Ordførar Arnold Weiberg-Aurdal understreka at sjølv hadde han ikkje teke offisielt standpunkt. Men han gjekk så langt at han sette spørsmål ved om at var rett av kommunen å diskriminere sin hotelldirektør ved å nekte han ein skjenkerett som direktørane i nabokommunane kunne nyte godt av.

«Bak nova»

Då Ernst Ellingsen snakka med journalisten i Aktuell i 1968, stod han i ferd med å søkje kommunestyret om skjenkerett for pils og bayer. Spørsmålet om vin og sterkøl ville han kome tilbake til når tida var mogen, det vil seie «når han hadde vist at han kunne halde styr på folk», som han sa. Han rekna med avslag i kommunestyret. Då ville det bli kravd folkerøysting igjen. Etter to år som hotelldirektør i Sykkylven meinte han at han kjende bygdefolket og var trygg på at stemninga var i ferd med å snu. Denne gongen ville ja-folket vinne folkerøystinga.

Formannskapet behandla spørsmålet om skjenking av øl og vin i skattekasse to (pils og bayer) til spisegjester, reisande og til slutta lag. Søknaden vart avslått med fire mot tre røyster. Kommunestyret gjekk imot med 14 mot 11 stemmer. Strategien til Ernst Ellingsen slo til. Det vart folkerøysting i september same året. 777 av dei som røysta gjekk inn for sal av vin og øl, 129 røysta for øl i skatteklasse 2 og 109 for øl i skatteklasse tre, altså totalt 1015 ja-røyster. 893 røysta imot.

Det var altså fleirtal for øl. Dette var det første store slaget. Seinare skulle debatten blusse opp med ujamne mellomrom og gi stadig nye del-sigrar for dei som ville lette på regimet. Eitt heitt strids spørsmål var om skjenkeløyvet skulle knytast til spiseplikt. Ein ting var å drikke øl til maten. Ein heilt annan ting var å drikke berre for drikkinga si skuld. Vedtaket om at det skulle vere ølservering berre i samband med matservering, førte med seg ein praksis som av og til kunne skape reaksjonar. Dei faste øldrikkarane bestilte gjerne eit rimeleg «inn- og-ut-smørbrød» som vart sett på bordet, men sjeldan fortært. Til tider kunne smørbrødet få mange turar inn og ut av kjøkkenet. Skulle det då kome ein gjest som faktisk var svoltten og ikkje var kjend med dei lokale kodane, kunne det vere at han kom til å setje tennene i eit velbrukt smørbrød som både var tørt og uappettlegg.

Det vart kjempa vidare for servering av sterkøl og vin. Så kom kampen om øl over disk. Det siste kulminerte med ei folkerøysting som gav eit knapt ja-fleirtal. Det førte til at Sykkylven kommunestyre vedtok ølmonopol i 1987.

I 1993 vart det vedteke ei prøveordning med ambulerande skjenkeløyve som kunne søkjast for enkelte høve. I 2000 sa kommunestyret nei til eit forslag om at det skulle seljast øl i daglegvarebutikkane. Ølmonopolet med utsal i Godsterminalen på kaia– eit utsal med eit makelaust utval for si tid – skulle halde fram. Vedtaket om øl i butikk vart gjort i 2004. I 2005 kom den første søknaden frå Vinmonopolet om å selje både øl, vin og brennevin. Kommunestyret sa ja med stort fleirtal. Den siste demninga hadde falle.

Kjelder:
Bildebladet Aktuell.
Sykkylvsbladet.
Kommunale arkiv.



Stein Arne Fauske, fødd 1977, er bygdebokforfattar i Haram, men bur på farsgarden i Fauske-bygda. Han har studert historie ved NTNU i Trondheim og er ein av dei som tok initiativet til det nyskipa Sykkylven Historielag.

Soga om ein gravstein

Av Stein Arne Fauske

Eg var berre åtte - ti år då bestefar min, Arne Fauske, viste meg 'gravsteinen' på kyrkjegarden. «Denne er vår», sa bestefar. «Dette er steinen til Fauske-Jyden».

Bestefar er for lengst daud, so det er rådlaust å spørje han om noko meir. Steinen derimot, ligg framleis der. Rett nok ikkje på kyrkjegarden, men like ved inngangen til prestekontoret. Kvifor er han «vår»? Og kva er det elles mogleg å seie om denne gravsteinen?

Bestefarssoge

Tradering – formidling av munnleg tradisjon, kan vere ein risikosport. Bestefar si soge om at steinen skulle vere knytt til Fauske-Jyden (Jens Mortensen Knag (ca 1660 - 1740) kan ikkje stemme. Jyden låg gravlagd under kyrkjegolv. Der låg han til den gamle Korskyrkja på Aure vart riven i 1882.

Same året døydd Lars Karl Jenssen frå Larsgarden på Indre Fauske av tæring. Truleg har steinen vorte flytt frå sin tidlegare stad under rivinga av den gamle kyrkja, og i beit for annan gravstein, nytta dei han på grava til Lars. I alle høve har nokon hogge initialane hans (LKJS) på toppen av steinen. Til informasjon må det seiast at Lars Karl var morbror til bestefar Arne sin far.



Steinen har vore gjenbrukt og nokon har hogge inn initialane LKJF. (Foto: Stein Arne Fauske.)

Sjølve steinen er 175 lang og 40 cm brei. Steinen er hoggen i marmor. Truleg er det snakk om lokal marmor, kanskje frå eit gamalt brot på Humla eller i Vanylven. Marmoren har eit lett gulskjer og er svartspetta på einskilde stadar. Vi finn same type stein nytta i kyrkjene som stod i kjøpstaden i Borgund.

Eg er langt ifrå den første som skriv om steinen. Kulturminnesamlaren og lokalhistorikaren Peder Fyelling vitja Sykkylven i 1872. Han skriv: «Paa Kirkegaarden ligger 2 Ligstene fra gammel Tid, av hvid Marmor, ophøjet efter Midten, hvoraf den ene er noget større end den anden». Fyelling knytter desse steinane til ei segn om ein skotsk trelastskipper som skulle døydd her under trelasttida.

Under arbeidet med fornminna på Aure og skriving av boka «Aura-Påls rike» handfor fylkesarkeolog Bjørn Ringstad steinen. Han slår fast at dette er ein gravstein frå middelalderen. Forma på steinen passar med det Peder Fyelling skriv. Og det er heilt klart den same steinen som det er bilete av her. Skotten kan vi med andre ord truleg avskrive.

Då Fyelling var på reise i Sykkylven i 1870-åra, stod den gamle Krosskyrkja. Den vart vigsla i 1707, og sto svært truleg på tuftene etter den nedbrende stavkyrkja. Vi kan ikkje vite dette for sikkert, men det vi veit er at slike marmorgravsteinar svært ofte

opptrer i par. Eit døme på dette finn vi ved eine korveggen til Borgundkyrkja. Difor kan steinen «vår» godt mogleg ha vore ein av desse. Men kva med gravstein nummer 2?

Mange av kulturminna våre har levt eit turbulent liv – mildt sagt. Særleg dersom dei har vorte rivne ut av sitt meir eller mindre opphavlege miljø. Eg har høyrte frå nokre, at det vart nytta utbrukne gravsteinar som fyllmasse under fortauet som går langs kyrkjegardsmuren. Dette er ikkje usannsynleg, men heller ikkje bevist. Kanskje kan ein framtidig arkeolog få seg ei gledeleg overrasking ein gong?

Gravsteinen er av romersk type og datert til medio 1100-tal eller tidleg 1200. Det har vorte hevda at dette er ein typisk kyrkjebyggjar-gravstein. Det er magister i arkeologi, Øystein Ekroll ved Trondhjem Domkirkes Resteureringsarbeider, som seier dette. Han er ein av dei største ekspertane på gravsteinar og gravmonument frå mellomalderen.

Det er funne nokre andre liknande gravsteinar på Sunnmøre. Vi finn to på aust-sida av kyrkja i Borgund, og fragment av ein som no er plassert på Middelaldermuseet i Borgundgavlen. Den mest kjende er nok steinen på Skjønn-Valborgs grav ved kapellet på Giske. Der er også ein på Austnes i Haram, der den gamle kyrkja sto. Steinen i Sykkylven og den på Haram, utgjer det utypiske. Det er ikkje vanleg å finne slike steinar ved alminnelege soknekyrkjer, til det var dei altfor dyre. Desse steinane var for dei få og rike.

Når ein skal granske den norske mellomalder-soga, er ein heft med særleg eitt stort problem – mangelen, eller det totale fråværet av kjelder. Ein lyt difor nytte fleire moglege innfallsvinklar, alt det kjeldematerialet som finst og ein god porsjon sunn fornuft. På dette grunnlaget kan ein kome med rimelege påstandar eller kvalifiserte gissingar. Her kjem ei kvalifisert gissing...

Kvifor akkurat her i Sykkylven?

Dersom den gravsteinen vi enno kan sjå på kyrkjegarden på Aure, er gravsteinen åt kyrkjebyggjaren i persona, kan det knappast vere snakk om andre enn Pål Skofteson. Pål var son til giskeherren Skofte Ogmundson. Han sende yngsteson sin, Pål, til Aure då han og dei tre eldre brørne åt Pål reiste til Jorsalland for å ta del i det første korstogget kring 1105. Vi veit at Pål ikkje var sverdfør då faren og brørne reiste. Han kan difor ikkje ha vore meir enn 10 -12 år. Det vil seie at han var fødd om lag 1090. Dersom han vart ein rett gamal mann, og levde til han var grå av elde i 60 - 70-års alderen, døydd han ca 1150 - 1160. Dette høver rett godt med dateringa på gravsteinen. Som tidlegare nemnd var ein slik stein svært kostbar.

Både datering, kostnad og status stør teorien om at denne steinen låg over grava til Pål Skofteson. Pål hadde to døtrer og ein son. Reint teoretisk kunne steinen ha vore sett på grava til sonen Niklaus, men han er aldri nemnt i kjeldene som busett på Aure. Tvert imot er han fleire gonger titulert som Niklaus på Giske, og han var etter alt å døme byggjaren av kapellet som enno står der.

Vi må difor med rimeleg visse, kunne seie at dette er gravsteinen åt Pål Skofteson, herre til Giske – det eldste adelshuset i Noreg, godsdrivar på Aure og kyrkjebyggjar. Dersom dette skulle vere rett, har vi her den eldste "namngjevne" gravsteinen i Noreg! Kanskje ikkje ein turistattraksjon i seg sjølv, men i vissa noko vi bør ta på alvor og gjere noko med. Kva med å plassere steinen i våpenhuset? Det hadde høvt seg både for å ta vare på eit sjeldsynt kulturhistorisk minne, og som ei liten heider til han som sette opp det første gudshuset på Aure.



Er dette gravsteinen til sjølvaste Aura-Pål? Det er det gode haldepunkt for, meiner artikkelforfattaren.



Eldar Høidal, fødd 1956, er møbelhistorikar, lokalpolitikar og ivrig syklist. Ha har skrive ei rekkje lokal- og møbelhistoriske bøker. I 2014 presenterte han verket *Gull av gråstein om det sunnmørske næringslivet dei siste hundreåra*. No skriv han ei bok om møbelindustrien på Sunnmøre.

Sykkelproduksjon i Sykkylven

Av Eldar Høidal

Frå 1937 og fram til 1950 vart det laga sykklar i Sykkylven. Syklane vart marknadsførte under namnet Trollsteg. «*Lang veg vert stutt med Trollsteg*» heitte det i den første reklamebrosjyren for tohjulingane frå Sykkylven.

Det var 18-åringen Gunnar Skotte som stod bak etableringa av sykkelverkstaden. Verksemda fekk namnet Sykkylven Sportsforretning, for Skotte ville ikkje berre selje sykklar, men også anna utstyr for sommar- og vinteridrettar. Det vart likevel sykkelproduksjonen som fekk hovudmerksemda. Alt etter eit par års drift var årsproduksjonen komen opp i om lag 150 sykklar.

Initiativrik ungdom

Gunnar Skotte var son til styraren av Sykkylven Handelslag, Edvard Skotte. Mora, Olivia, dreiv Sykkylven Hotell på Aure og der budde også familien ei tid. I 1933 flytte dei til Fauskebygda der borna i familien fekk meir tumleplass.

Det viste seg snart at Gunnar var ein gut med uvanleg tiltak og virkelyst, fortel den yngre broren Reidar Skotte. Alt då Gunnar gjekk i folkeskulen tok han brevkurs i hagedyrking, og han prøvde ut dei teoretiske kunnskapane på jordlappen dei hadde ved bustaden. Han laga drivbenkar der han dyrka fram blomster og kålplanter. Han dyrka også kål på hyttetomta dei hadde ved Andestadvatnet, og på eit jordstykke han leigde i Kagholen. 3000 kål kunne han få fram på ein sesong. Kålen tok han med seg til Ålesund og selde. På Fauske heldt Gunnar også høner. Han ringmerkte dei slik at han kunne sjå kven som gjorde nytte for seg. På same tida skaffa han seg kunnskap om innbinding av bøker. Han batt inn mange bøker for skulebiblioteket på Vik, og for gullgravaren og møbelfabrikanten Karl Ramstad batt han inn ein heil årgang av vekebladet Urd. Ein annan kunde var Bernt Fauske som dreiv Brandbåtane. For Fauske hefta Gunnar inn mange hundre eksemplar av boka «Eitt og anna.»



Handelskurs 1944-1945.
(Utlånt av Reidar Skotte).



Gunnar Skotte med ein av syklane han forhandla i sportsforretninga i Skottehuset i Kyrkjegata. (Foto utlånt av Reidar Skotte).

Start på Aure-kaia

Gunnar hadde lyst til å gå vidare på skule, men det var ikkje vidaregåande skuletilbod i heimbygda. Han reiste i 1935 til Sjøholt for å ta toårig middelskule der. Då han var ferdig i 1937, var spørsmålet kva han skulle slå inn på. Edvard Skotte var godt kjend med Peder Øie som dreiv sykkelproduksjon i Stordal. Han ordna plass for Gunnar i sykkelverkstaden. Her fekk han grunnleggande kunnskap i sykkelmontering. På verkstaden til Øie låg nokre utanlandske eksportblad, mellom dei «Export Trader», som Gunnar fekk interesse for. Og her fann han firmaet Kirk & Merifield i Birmingham, som vart hovudleverandøren hans av engelske sykkeldele. Det første året Gunnar dreiv, tok han delane frå P. Øie.

Gunnar Skotte starta forretninga si i lokala som Vestlandske Stol- og Møbelfabrikk hadde på Aurekaia. Allereie i 1938 hadde han ferdig ein reklamebrosjyre som han fekk trykt og distribuert over eit stort område. Det gjekk ikkje lang tid før han etablerte kontakt med firmaet Helleberg i Lillehammer. Det var ein frå Øglænd-familien på Sandnes som dreiv dette selskapet, Arne Øglænd. Dei komande åra var Helleberg hovudleverandør av sykkeldele til Gunnar Skotte og Sykkylven Sportsforretning.

Sykkel for helg og yrke

Gunnar Skotte hadde heile landet som marknad, men i motsetnad til mange av møbelfabrikkane som kom i gang i Sykkylven på same tida, la han ikkje om frå nynorsk til bokmål i marknadsføringa. Alle annonsar og reklamebrosjyrar vart forma på heimleg målgrunn. Namnet på syklane, Trollsteg, vitna også om at produsenten ikkje hadde trong for å pynte seg med lånte fjør. Truleg er namnet inspirert av Trollstigvegen som vart opna eitt år før sykkelproduksjonen kom i gang.

Det var ikkje berre éin Trollsteg-modell. I den nokså omfattande katalogen som Gunnar Skotte fekk laga i 1939 var det ikkje mindre enn ti modellar. Dei hadde alle eigne modellnemningar: ballongsykel, turistmodell dame og herre, engelsk modell dame og herre, Raleigh-modell dame og herre, halv racer og special racer. I tillegg til Trollsteg-modellane hadde verksemda også to modellar i rimeleg prisklasse, kalla Noreg, og ein lett motorsykel med namnet Trollsteg luksus 1939 modell. Gunnar importerte også nokre Montgomery motorsyklar frå England.

Specialraceren, som var avbilda i katalogen, hadde racerstyre nett som moderne racersyklar, og fotbindingar av metall og ler. Reidar fortel at skjermene var av celluloid



Annonse for Skotte & Co.
(Utlånt av Reidar Skotte).



og felgane av aluminium for at sykkelen skulle vere så lett som mogeleg. Det vart ikkje noko storsal av racer-syklar i Sykkylven, men Gunnar skaffa seg sjølv ein slik. Han trena ikkje på sykkel, og det var ikkje noko miljø for konkurransesykling i Sykkylven i 1930-åra.

Men i Ålesund var det det. Reidar minnest at det ein gong kom tre racersyklistar frå byen. Dei hadde tenkt seg rundt Ramstaddalen, Fjellsetra og Velledalen. Gunnar slengde seg med, men merka fort at han ikkje hadde same forma som spesialsyklistane, og snart vart han hekta av.

Etter at Gunnar hadde brukt sykkelen ei tid, fekk dei yngre søskena hans overta han. Det var kjekt, minnest Reidar.

Dei fleste delane til syklane henta Gunnar Skotte frå Noreg. Delane til Raleigh-syklane kom frå Kirk & Merifield i England. Gjennomsnittleg pris for syklane låg i 1939 på 180 kroner. Racersyklane var om lag 20 kroner dyrare, medan Noreg-modellane kosta 20 kroner mindre. Dette var ein nokså høg pris i ei tid då timeløna i fabrikkane i Sykkylven var kring 80 øre. Det vil seie at dei måtte arbeide i over ein månad for å tene nok pengar til ein vanleg brukssykel.

I presentasjonen av syklane vart det lagt vekt på den stilige designen og fargestaffasjen som syklane hadde. Syklar skulle vere vene å sjå på og gie eigarglede. Men først og fremst var dei nyttige reiskap for å kome seg rundt i landskapet i ei tid då det berre var dei færreste som hadde bilar. I reklamebrosjyren frå 1939 heitte det: «På tur og retur over haugar og fjell er Trollsteg-syklen den beste lell, for han er laga av finaste vyrke og ferdig til bruk både helv og yrke.» Desse linjene vart illustrerte med eit fotografi av Trollstigvegen.

Brå stopp

Sykkelproduksjonen i Sykkylven hadde ein svært god start; 150 syklar vart levert alereie det andre heile driftsåret, og det såg svært lovande ut for 1940. Det året gjekk Gunnar Skotte inn avtale med Helleberg om levering av delar til 400 syklar. Dei emna på å utvikle reine sykkelfabrikken i møbelkommunen. I 1939 hadde dei flytta inn i nye lokale, i Skottehuset, som seinare mellom anna vart nytta av Frivillegsentralen. Her var det rom for rasjonell produksjon av syklar.

Gunnar hadde då fått hjelp i produksjonen. Allereie andre driftsåret, i 1938, tilsette han ein medarbeidar, slektningen Eilef Skotte. På nyåret 1940 byrja Leif Holen i sykkelverkstaden. Sidan han hadde handelsskule, kunne han avlaste Gunnar med kontorarbeid også. Med arbeidshjelp fekk Gunnar høve til å realisere det sterke ønsket sitt om å fullføre ei handelsutdanning og få handelsbrev. Hausten 1939 tok han handelsskulen på tre månader i Ålesund, men han var aktivt med i leiinga av sykkelverkstaden og la offensive planar for det komande året. Mellom anna arbeidde forretninga med å utvide forhandlarnettet utover i landet. I bedriftsarkivet er det til dømes kopi av eit brev som Gunnar 13. april 1940 sende til J. Bergheim i Tysfjord i Nordland for å tilby eit agentur for Trollsteg- og Noregsyklane. Tidene var usikre og sal av syklar skjedde berre mot kontant betaling, skreiv Skotte.



Dette vart altså skrive fire dagar etter at tyske soldatar okkuperte Noreg, ein okkupasjon som varte i fem år. Det tok litt tid før krigens realitetar viste seg for sykkelprodusentar og andre i ein vestlandskommune. Men det vart snart klart at det vart umogeleg å halde oppe vanleg produksjon og levere så mange syklar som dei hadde planlagt.

Tilførslane av sykkeldelar stoppa nærmast heilt opp. Serleg var det vanskeleg med sykkelkjeder og gummi. Det var rasjoneringsordning for sykkelgummi, men det var nesten umogeleg å få kjøpeløyve. Firmaet investerte då i eit par vulkaniseringsmaskiner og sette av eit ekstra rom til reparasjon av sykkelgummi og gummifottøy. I fleire år hadde denne avdelinga fullt opp å gjere. Ein ekstraproduksjon under krigen var framstilling av berenett av papirstrie. Fleire kvinner i nabolaget til verkstaden tok på seg arbeidet som leigesaum, så tok Skotte-familien seg av resten. Til dømes var Egil, yngste bror til Gunnar, heime og gjekk realskulen, og det var stort sett han som hadde ansvaret for pakking og sending.


Handelslærer

Hausten 1940 var ei roleg tid, og Gunnar nytta høvet til å gå bibelskulen på Fjellhaug. Han heldt fram med å ta utdanning under krigen. I 1942 tok han handelsgymnas i Volda på eitt år. Etter det reiste han til Oslo og tok høgre avdeling ved Oslo handelsgymnas. I 1943 fekk han ein ettertrakta plass ved handelshøgskulen i Bergen, og han reiste dit. Men til liks med dei fleste høgskulane, kom skulen ikkje i gang av politiske grunnar. Gunnar fekk då eit årsvikariat som lærar ved Volda handelsskule. I 1944 vart det igjen ein fånytted Bergenstur. Gunnar starta då opp eit handelskurs i heimbygda. I 1945 tok han det toårige studiet ved Handelshøgskolen og vart diplomhandelslærer. Han tok også eit semester ved Handelshochschule St.Gallen i Sveits.

Gunnar Skottes halvårige handelskurs vart eit kjærkome tilbod til fleire av bygda sine fabrikkeigarar og næringsdrivande. Nils K. Roald var ein av dei som gjekk dette kurset, som vart skipa til som eit kveldskurs med undervisning kvar kveld. Etter fullført kurs kunne Roald ta alt kontorarbeid og rekneskapet i møbelverkstaden sin sjølv. Av andre industrifolk som gjekk handelskurset var John Hjortdal, Mindor Hjellegjerde, Perry Fet og Olav Andreassen. Sannsynlegvis var kurset med å heve kvaliteten på rekneskaps- og kalkuleringsarbeidet i dei mange nystarta møbelbedriftene i kommunen, og gie dei eit sikrare driftsgrunnlag.

I 1944 vart Sykkylven Sportsforretning omdanna til aksjeselskap med namnet Skotte &

Lageret er fullt av ny-monterte Trollsteg-syklar. Ein rattkjelke står klar for sesongen. (Foto utlånt av Reidar Skotte)



Omtale av sykkelmotoren Flink i 1952. (Frå Reidar Skottes arkiv).

Kjelder: Arkiv etter Skotte & Co AS. Samtale med Reidar Skotte, september 2016 Eldar Høidal: Industrisoge for Sykkylven

Co AS. Som medaksjonær kom Edvard Skotte inn. Gunnar vart registrert som styreformann i selskapet, medan faren vart disponent. Då krigen var over og det gjekk mot normale tider att, kom også Reidar Skotte meir med i forretningsdrifta. Han hadde også hjelpt til under krigen. Som broren hadde Reidar gjennomført handelsutdanning og var såleis rusta til å ta over meir av det daglege ansvaret. Gunnar byrja i 1948 som lærar ved handelsskulen på Stranda, og frå 1961 var han rektor ved skulen.

Dei heldt fram med å lage sykklar, men også etter krigen var det vanskeleg å få tak i delar. Når dei i 1947 fekk delar til 40 sykklar på ein gong, syntes dei det var storveges. Ei tid laga dei også polstra sykkelsete med trekk av møbelstoff. Olivia Skotte hadde ansvaret for dette arbeidet.

I november 1948 sende dei ut brev til forretningssambanda sine om vedvarande utfordringar med å få inn varer: «*Enno er det uråd for oss å kunne ta opp nye engroskundar i sykklar. Derimot er det no betre tilgang på sykkelgummi, ymse sykkeldeklar og vintersportsartiklar. Vår juniorsjef, Reidar Skotte, vil med det fyrste vitje Dykk og vise fram prøvar av ski og andre varer. På grunnlag av dei ordrane han får, sender vi tinging til dei ymse fabrikkane.*»

Elektriske artiklar

Dei opplevde at det var vanskeleg å få lønnsemd i den småskalaproduksjonen dei hadde. Det vart mykje handarbeid og lite rasjonell produksjon. I 1950 fann dei ut at det kosta like mykje å kjøpe ferdig monterte sykklar som å kjøpe delar til sykklar og sette dei saman sjølve. Det var då klart at sykkelproduksjonen i Sykkylven ikkje hadde framtida for seg.


I staden for sykkelmontering utvida dei varespekteret i butikken og tok inn elektriske artiklar som støvsugarar, kjøleskap og frysarar. – Vi tok inn dei varene vi kunne få, fortel Reidar Skotte, det var ikkje så mykje å få tak i den tida då det framleis var vareasjonering.

Dei heldt fram med sportsartiklane, og selde både sykklar, ski og fotballutstyr. Reidar hugsar at det gjekk ein del fotballsko med fastskrudde knottar. Frå Tyskland importerte dei nokre Flink-motorar. Det var bensinmotorar som vart monterte framme på vanlege trøsyklar. Gjennom ein liten rull som vart pressa ned mot hjulet vart sykkelen driven framover. «*I oppløftet stilling er motoren helt frakoplet, og sykkelen kan trøes som vanlig, - en stor fordel ved bensinmangel,*» heitte det i omtalen av Flink-motoren.

Reidar arbeidde i forretninga fram til 1961. Då tok han til på lærarskulen i Volda. Dei siste yrkesåra sine hadde han på Sykkylven ungdomsskule. Enno ei tid heldt Skotte & Co fram. Det var Edvard Skotte og Kåre Melseth som dreiv forretninga vidare. Men i 1967, det året Edvard Skotte fylte 75 år, var det slutt.

Reidar Skotte er overtydd om at det kunne ha blitt meir sykkelproduksjon i Sykkylven om ikkje krigen hadde kome i 1940. Den lokale sykkelprodusenten hadde ein lovande start. Dei som kjøpte syklane gav gode tilbakemeldingar, og det var ikkje kome ein einaste reklamasjon på ein Trollsteg-sykkel, slo Gunnar Skotte fast då han var i ferd med å byggje opp eit større forhandlarnett våren 1940. Men så tørka forsyningane inn, og industrieventyret fekk ein brå stopp like etter at det vart starta. Av dei om lag 800 syklane som var laga i Sykkylven er mange framleis i rullande stand. Det er ikkje tvil om at syklane frå Sykkylven heldt høg kvalitet.

Nytt frå Aura-Påls vener



Skisse av bronsealderhus på om lag 45 kvm som er under bygging i regi av dugnadsgjengen Aura-Påls vener. Teikning: Jens Peter Ringstad.

Arbeidet med å byggje ein førhistorisk park ved Aure-garden er i godt gjenge. Aura-Påls vener med Thor Lennart Vikstad i spissen har samla ein fin dugnadsgjeng. Tømmer er felt og barka. Grinda til bronsealderhuset er no så godt som ferdig. No flyttar dugnadsgjengen til Lade-fabrikken i Velledalen der dei har fått låne gratis lokale av eigaren. Planen er å byggje vidare på huset innandørs og frakte det i delar til byggjeplassen på Auremarka til våren. (Sjå skisse)

Den førhistoriske parken er planlagt i tre byggjesteg. Huset frå bronsealderen (1800 – 500 år f. Kristus) var opphavleg byggjesteg 2, men vart sett i gang først av praktiske grunnar. Ferdiggjering av bronsealderhuset vil ta mykje av sommaren. Men det er også viktig å få ferdig detaljplanane av vernedekket og markeringa av tuftene etter Gildehallen (frå ca 600 e. Kr.) Det skal markerast kvar vegger og eldstader har stått. Stubbane som står der i dag skal bytast ut med stubbar med innebygd lysarmatur.

Det tredje og største elementet i den førhistoriske parken er bygginga av ein ny Gildehall, slik den kan ha sett ut for halvanna tusenår sidan. Ein 570 kvadratmeter stor bygning er eit prosjekt som truleg ikkje kan realiserast anna en som eit kommersielt prosjekt. Men i ei tid då opplevings-turisme blir utropt som den nye oljen, er det kanskje ikkje så urealistisk at også Sykkylven skal få sin del av den veksande reiselivsnæringa.

Å reise heim glad og nøgd etter å ha gjesta ein gildehall frå folkevandringstid og oppleve lokal mat og kultur, gir opplevingar og minne for livet. Slike opplevingar kan også på same måte som stolar og trafoar, seljast. Med forteneste.

For Aura-Påls vener
Kjetil Tandstad

Støtte til dugnadsarbeidet for ein førhistoriske park på Auremarka kan betalast inn til konto 3910.54.00695.

Museumsformidling i bronsealderområdet på Auremarka. Foto: Hallvard Sandvik.





Jostein Fet, f. 1924 i Sykkylven, litteratursosiolog og norskfilolog. Har gitt ut mange bøker om lese- og skriftkultur hos allmugen på Nordvestlandet.

Merkelege stadnamn

Av Jostein Fet

Det er få emne som engasjerer folk så sterkt som tydinga av stadnamn. Mange trur at dei som har best greie på det, er dei som har vakse opp på staden. Det ein då gløymer, er at studiet av stadnamn er eit spesialstudium, kanskje over fleire år, der særleg etymologien, dvs. opphavet til eit namn og slektskapen med andre namn, er ein sentral del av studiet.

No held eg ikkje meg sjølv som stadnamneksptert. Men som norskfilolog har eg sysla med tydinga av ein del stadnamn. I 1977 gav eg ut saman med systra mi, Borghild Neset f. Fet (1916– 2014), boka *Den gamle garden. Stadnamn og tradisjon frå Fet i Sykkylven*. Også seinare, særleg i *Sunnmørske tunnamn* (Lesja 2010), har eg kome inn på ein del stadnamnproblem.

Men det skal ikkje stikkast under stol at også stadnamneksptertane kan vere usamde om tolkingane av eit namn. Dei er nok oftare samde om kva eit namn *ikkje* kan tyde, enn om kva det *kan* tyde.

Skrivemåte og uttale

I stadnamnarbeid er det vanleg å føre opp ei *normalisert* eller tilnærma normalisert form og ei *uttaleform*. Det er gjort også i denne artikkelen. Den normaliserte forma blir oppført først, der etter uttaleforma i klammer.

Ein viktig del av uttalen er *tonelaget* i eit ord. I norsk skil ein mellom *tonelag 1* og *tonelag 2*. Tonelag 1 har vi i eit ord som staven (bunden form av stav), medan gardsnamnet Stave har tonelag 2. Eg skil mellom dei to tonelaga ved å setje teiknet ´ for tonelag 1 og ˊ for tonelag 2, slik: staven [ˈstav:inj] og Stave [ˈSta:ve]. *Kolonteiknet* etter vokalen a markerer at *vokalen er lang*. For substantiv bruker eg forkortingane *m* (*maskulinum*) for hankjønn, *f* (*femininum*) for hokjønn og *n* (*neutrum*) for inkjekjønn.



Den høge tinden i midten på bildet er Blåbretinden (Ingebærtinden). Ingebærfonna tok laust i sjølve tinden og sopa nedover Heiane, der Ingebær omkom. Røyrhola ligg litt til høgre for elva i sør. Kvelds-hamarbrauta ligg oppe på bakkerøra ovanfor garden lengst til venstre. Foto: Kjetil Tandstad.

NOKRE GARDSNAMN

Dravlaus

Det er berre to gardar her i landet med dette namnet, nemleg Dravlaus i Sykkylven og Dravlaus i Dalsfjord i Volda.

I tolkinga av Dravlaus støttar eg meg delvis til professor Oddvar Nes sin artikkel i *Norsk stadnamnleksikon* (1997). Siste leddet laus adj. «fri for, manglar noko», er greitt. Men det er første leden det har vore diskusjon om. Tre førsteledar kan kome på tale:

- drag* n, straum, rørsle i vatn, t.d. elv,
- drav* n = leivningar av malt, eller
- dravle* m eller f, dvs. mjølkeretten dravle.

Personleg hallar eg helst til det siste alternativet, fordi det føyer seg inn i ein flokk klengjenamn eller ertande namn her i landet, som Brødlaus, Graslaus, Mjøllaus, Rosslaus (=Hes-telaus), Matlausagrend (i Aurskog). Også på Island har dei namn som ligg nær opp til Dravlaus, som *Draflastaðir* og *Draflaleysa*, dessutan Skyrleysa, Kostleysa, Eldleysa, Vatnsleysa, Veidileysa. I Danmark finst Brødløs og Kornløs.

Oddvar Nes skriv om førsteleden «dravle» + laus: «Ved eitt eller fleire høve i gammal tid har gardsfolket vanta dravle [JF: t.d. i eit bryllup] og garden har fått klengjenamnet». Eg vil leggje til: Den nedsetjande tydinga vart snart gløymd, og namnet kom til å fungere nett like godt som andre gardsnamn, som t.d. Velle og Brunstad. Om ein lurar på alderen til ordet dravle, kan det opplysast at *drafli* m finst alt i norrøn tid, t.d. som tilnamn. Så det er all grunn til å tru at dravle var gjestebodskost også hos dei gamle nordmenn.


Til slutt nemner eg eit alternativ som eg ikkje har sett i diskusjonen om Dravlaus, nemleg om Dravlaus i Dalsfjorden eller Velledalen kan vere *oppkallingsnamn*, som kunne vere aktuelle i område med stor tilflytting, jf. dei mange oppkallingsnamna i U.S.A. På Søre Sunnmøre er det i alle fall fire gardsnamn som er felles med gardsnamn i Sykkylven: Brudevoll og Velle i Ørsta, Lade og Brudevoll i Vanylven. Om dette tyder på gjensidig lån, veit eg ikkje.

Kan andre førsteledar enn «drag», «drav» eller «dravle» kome på tale? Eg hugsar tannlege Fredrik Drabløs lanserte ein teori om at namnet i gammalnorsk tid var «Drablaros», dvs. osen med mykje «drabl». Men kva *drabl* tyder (her i «genitiv»), nemner han ikkje. Frenden min Jostein Drabløs var inne på at første leden kunne vere «*drabbe*», dvs. «flyde udover Bredden» (Aasen). Men ei viktig innvending melder seg: På Dravlaus er det nettopp ikkje *mangel* på drabbing. Elva er ikkje «drabbelaus», tvert imot, for ho fløymer utover bardane rett som det er, særleg i eldre tid før elveforbygginga kom i stand.

Hundeidvika, Hundeidet [ˈHondavi:kja, ˈHondei(d)è]

Uttalen av desse to namna er sterkt påverka av skriftformene. Første namnet vil vanlegvis lyde ˈHondavikja. Den ubundne forma Hundeide blir brukt som familienamn av nokre få personar i dag. Når det gjeld målføreforma har eg høyr ˈHondeiè utan d hos eldre folk, og til og med berre *Eiè*. Det må leggjast til at elva som renn uti Hundeidvika blir somtid kalla *Honda* av eldre hundeidvikarar.

Spørsmålet er atter korleis ein tyder første leden, her *hund*. I liknande stadnamn er det vanleg å tolke førsteleden som dyrenamnet. Men Oddvar Nes skriv om gardsnamnet *Hunnes* (Hunneset) [ˈHünjné:sè] i Volda:



Den høge tinden midt på biletet er Blåbretinden (Ingebærtinden). Foto: Kjetil Tandstad.



Ingen grunn til å snakke om Bikkjevik. Hund i Hundeidvik er heller brukt som forsterkende uttrykk for noko veldig og stort, meiner artikkelforfatteren. Det kan gi mening, for både eidet og vika er ganske store.
(Foto: Kjetil Tandstad)

Same namnet finst m.a. i Veøy, og Hunsnes finst i Vanylven. Teoretisk kan dyrenemnet hund liggje føre her, men det gjev inga mening. Av fleire tolkingsutvegar nemner eg berre denne: Hunnes kan innehalde partikkelen hund-, som blir nytta forsterkande i t.d. hundgammal, hundsterk. Hund- el. Hunn- finst òg i ymse svenske stadnamn, t.d. Hunneberg og Hunsberg. Grunntydinga er visst 'svulmande, som ris, svell opp' (Nes 1987: 130).

Min kommentar: Partikkelen hund i Hundeidet har altså *ein forsterkende funksjon*. I gammalnorsk finst ordet *hundmargir* = svært mange. Hundeidet skulle då tyde «det store eidet, det svulmande eidet». Eg meiner det høver godt på Hundeidet. I vid mein- ing rekk eidet frå Tu ved Tuvatnet til Myrset eller Utgård, ei strekning på fleire kilo- meter.

Endeleg kan det nemnast at i Kvistaddalen i Hjørundfjorden er der eit stort gyl som blir kalla Hundsteingylet og ein stor stein som heiter *Hundsteinen*. Eg meiner at desse namna er også eit døme på den forsterkande funksjonen som *hund-* har. (Namna er oppgjevne munnleg av Knut Riise.)

Parakhaugen [ˈparakhæuːn]

Parakhaugen er ein plass under Gjøvenes i Sykkylven. *Severin Gjævenes* (1820–1899) skilde ut denne plassen frå farsgarden i 1852. Sjølv namnet er i og for seg ikkje så vanskeleg, men eg har teke det med fordi sjølv ordet skil seg ut frå vanlege norske ordformer.

Parak n er eit samlenamn på *lam* og *kje*. (Norsk Ordbok). Ordet er kjent i norrønt og i islandsk, men då som tilnamn. Også Ivar Aasen kjenner ordet og skriv: «*Parak n. Lam og Kid. Mandal* (?)». Sidan han viser berre til Mandal, tyder det på at han ikkje har notert det frå Sunnmøre. Ordet er heller ikkje vanleg i sykkylvsmålet, og er ikkje med i ordboka Ord og uttrykk i Sykkylven.

Det har ikkje lukkast meg å finne noko slags forklaring på etymologien til parak, dvs. opphavet og tydingshistoria til namnet.

Ørsneset

Fram til for nokre år sidan var skriftforma Aursnes, t.d. i ferjetabellar. Og det er fram- leis brukt som familienamn. Det er mange som meiner at det er Aursnes som er «rett», ikkje berre fordi det er ei tidlegare skriftform, men også fordi det heiter då *Aure* og

Aurdal? At ei form må vere «rett» fordi ho førekjem *trykt*, er ei seigliga oppfatning. Ho er med på å halde liv gamle danske futeformer som Ous på Stranda, Håskjold i Volda og Drabløs i Volda og Sykkylven, i staden for Os, Håskoll(ane) og Dravlaus.

Men Ørsneset har ikkje noko med Aure å gjere. Filologar i Sykkylven har gruvla litt på namnet. Eg hugsar min gode ven og studiekamerat Thomas Vinje ringde meg seint ein kveld for å diskutere kva Ørsneset kom av. Eg hadde då alt lese artikkelen hans «Gardnamna – kva dei tyder» i Ola Tandstad: Sykkylven i eldre tid (1962).

Thomas skriv der:

Første leden i namnet er uklår. Men liknande namn finst i Nøtterø og i Vågan i Lofoten. Og på grunnlag av det ein veit om desse namna, har ein tenkt seg at dei kan gå tilbake på gammalnorske former som Auris-, Orvis- eller Ørvisnes, der første leden kan vere den same som ein har i gammalnorsk örvendr, keivhendt, i målføra no: orvhendt og aurhendt. I så fall kan tydinga vere eit nes som ligg til venstre. Liksom Ørsnes i Vågan og i Nøtterø ligg Ørsneset på venstre sida ved innsiglinga (Vinje 1962: 76).

Thomas si tolking Ørvisnes > Ørsnes, «neset til venstre for innsiglinga», er truleg den mest sannsynlege. Men eg kan ikkje la vere å minne om at neset ligg på *høgre* sida når ein sigler *ut* fjorden, og er det ikkje like rimeleg at det er *sykkylvingar* som er namnela- garane som at det er folk utanfrå?

Med fare for å få eit spark på skinnleggen av stadnamnspecialistar vil eg lansere ein heilt ny teori enn venstre/høgre-teorien. *Har Ørsneset vore ei hestehamn i gammal tid?* Usannsynleg er det ikkje. I så fall kan Ørsneset kome av *ørs* n eller *hørs* = merr. Former som *ørs* og *ørsfyl* er slett ikkje ukjende hos eldre folk i Sykkylven. Far min, Ole Johan Fet (1885–1976) fortalde frå ein samtale med Severin Brunstad (1849–1941) frå Brunstadbøen (Fet 2007 s. 124):

«Ka slags fyl he merra di i år?» spurde far.
«Å», sa han Syvrin, «i år è det et *ørsfyl*, ifjor va det et hestfyl.»

For han Bø-Syvrin var *ørs* eit hodyr, ei merr. Ordet finst alt i gammalnorsk, men i forma hross n, øyk, hest av begge kjønn. Sidan den tid har det gått føre seg ein *metatese*, dvs. ei omkasting av konsonantar, jf. kross > kors /, friskt > frikst. Det kan leggjast til at hross kjem att i gamle stadnamn som Rossabø i Haugesund og Rossland i Karlsøy i Troms.

NAMN I UTMARKA

Namna nedanfor er henta frå utmarka til Fet og Dravlaus.

Kvel(d)sama(r)sbrauta [ˈkvelsamasbræuta]

Ovanfor Fet ligg Bakkane, ei solid ende- og botnmorene frå istida. Før Bakkane voks til med einer og småkratt, var det ei viktig beitemark, især for geiter og sauer. Straks ovanfor Geila på Fet går det ein stig bratt opp på Bakkane, ei *braut*. Om ordet braut skriv Ivar Aasen i ordboka si:

Braut, f. 1) Vei; især en opbrudt Vei i Sneen, eller i en Bakke, Snjobraut. G.N. braut (til brjota). Heraf brøyta.

- 2) Bakke, Side af en Terrasse ... Paa Sdm. oftest om en Bakke i en Vei.
- 3) Bakkekant, Brink imellem en Bakke og en ovenfor liggende Flade.



Aursneset/Ørsneset har ingen ting med Aure å gjere. Det tyder kanskje hestehamn, trur Jostein Fet.
Foto: Kjetil Tandstad



Tretindande ovanfor
Dravlaus og Velle.
(Foto: Kjetil Tandstad).

Både 2. og 3. tyding er aktuelle her. *Brauta* er kjent som gardsnamn i Velledalen. Både tyding 2 og 3 hos Aasen høver for den bratte vegen (i gammal tid: råsa) som leier frå flatene på Velle opp til flata der Brautegarden ligg.

Ein gong i tida var Kveldsamasbrauta hovudråsa for krytela opp på bakkane. Etter kvart vart det laga endå ein tilkomst, ein veg i sjølv bakkesida som førde fram på bakkerøra lenger sør. Enno ber han namnet *Nyevegen* [ˈNyeveiˈn], endå han er så gammal at ingen i dag veit kva tid han vart laga.

Sjølve namnet *Kveldsamasbrauta* synest å vere temmeleg forvanska. Eg tenkjer meg at den opphavlege forma har vore *Kveldshamnarbrauta (stjerna * tyder at ordet er ei tenkt form), der hamnar er genitiv av hamn, gno. *hafn* f. Sjølve ordet hafn finn eg ikkje i Gamalnorsk ordbok anna enn som eit skaldeord, men ordboka fører opp fleire genitivsformer med -ar, som *hafnarmark*, *hafnarmerki*, *hafnartoll* o.fl. (Heggstad 1930).

I utviklinga vidare har ordet hamar blanda seg inn fordi det likna -hamnar. Men her finst ingen hamar i nærleiken. For å markere genitiven har ein så lagt til ein -s, slik at i somme uttaleformer høyrrest *Kvelsamarsbræuta*.

Men kva er det faktiske grunnlaget for namnet? Eg er nok så sikker på at det må skrive seg frå skikken med å ta smalen ned i garden for mjølking, for der etter å sende dei opp i *Kveldshamna*, både fordi der var liten plass i den

tettbygde garden og fordi smalen skulle gjere seg nytte av kveldsbeitet.

Røyrhola [ˈRåirhø:lå]

Røyrhola finn ein oppe på *Heiane*, som vi kallar det vide området mellom Brykjet og det høge fjellpartiet under Blåbreen i sør (Neset og Fet 1977).

Namnet kan tolkast ut ifrå to alternativ, anten av:

- røyr* f, røyrgras, d.e. ei plante som veks på våtlende, gno. reyrr m, eller:
- røyr* f = steinrøys, gno. reyrr m, med overgang til hokjønn, som *Røyra* i Herøy, ein gard og eit ferjeleie.

Eg kjenner ikkje til at der veks så mykje røyrgras i *Røyrhola* at det skulle ha gitt namn til staden. Eg ser såleis bort frå tolking nr. 1. Derimot er nr. 2 eit sannsynleg alternativ. Utanom Røyra i Herøy finn vi namnet i ei rekkje stadnamn som *Røyr* på Stranda, *Rørøya* i Vega ofl. Alternativ 2 illustrerer *den gamle skandinaviske vekslinga mellom s og r*, som i dansk glasmester / glarmester (Nudansk ordbog). Forma viser at *Røyrhola* må vere eit svært gammalt namn, frå ei tid då denne vekslinga mellom s og r framleis var fruktbar.

Bonnskredhola [ˈBonnskrehø:lå]

Vokalen i bonn- er trong, altså ikkje bann. Det er ikkje lett å bli klok på dette namnet. Bonnskredhola ligg i den bratte bergsida rett under Dravlausnyken, andsynes Fitjagarden. Primærnamnet er *Bonnskreda*, som viser seg som eit gammalt sår i landskapet. Ho ligg rett nedanfor Bonnskredhola Men sjølve Bonnskreda blir nesten aldri nemnd, alltid er det snakk om *Bonnskredhola*.

Tydinga av namnet ligg i første leden Bonn-. Eg meiner at bonn- er ei avleiing av bung [bong] m, ei sideform til *byng*, ein bulk, ei grunn hole, t.d. på ei plate, eller eit kjerald.

Det stemmer framifrå på Bonnskredhola, som er om lag 30 m djup og kanskje 60–65 m i tvermål. Det opphavlege namnet har difor vore **Bungskredhola*. Som kjent blir vokalen u i sunnmørsmålet lægd framfor nasal, som i *tume* > *tomme*, *sume* > *somme*, *hund* [hond].

Pallfonna [ˈpallfønnja]

Pallfonna er eit skredfar i fjellet rett ovanfor Ellinggarden på Dravlaus. Skreda startar i Pallfonnskardet heilt oppe på røra av Dravlausfjellet og følgjer den smale kløfta ned til «pallane», d.e. nokre flate hamrar på begge sider av kløfta. Når fonna kjem forbi desse, vidar ho seg ut i vifteform og kan gå heilt ned på Ellingbøane.

Ordet *pall* m er interessant. Det blir brukt om ei *forhøying*, *ein benk* eller *hylle*. Der er ulike former av pall både i norsk, norrønt, islandsk, svensk og dansk. I mi studietid lærte eg at pall var lånt ifrå slavisk, men eg ser i *Våre arveord* (2007) at pall heller er av yngre dato i germansk, og at dei slaviske formene som liknar, er lånte frå germansk, ikkje omvendt.

I eldre tid var *pall* brukt meir som eit kvardagsord. Johannes Skar fortel frå Setesdal (1800-talet):

Bibelen var lesebok då, alt i skulen. Der var dei kunnige! Ein årakse heldt med nokre frøysnesar um lærdomen. Der sat ein «bymann» hit i pallen, i myrkret, og åt or skreppa – inkje tala, barre åt. So hermde dei eit vers or Bibelen; men dei mintest ikkje plent kor det stod. Då kom det so visst frå han hit i pallen: «Jeremias profet’e, sjaukjandi kapittel, trettiandi vers», sa han (Skar 2: 23).

Tallbordvollen [ˈTalljborvø:ljˈn]

Tall eller *toll* er eit gammalt ord for *fure* (treslaget).

«Turkar toll som i tunet stend,
det hjelp korkje bork eller bar.
So er kvar mann, som kjærleik vantar,
kvi skal han lenge leva!» , står det i Håvamål.


Tallbordvollen ligg i Fitjagarden tett ved Blåbreelva. Namnet tyder på at det har vore stapelplass for furebord. Dette fortel to ting: For det *første* at namnet går så langt atende i tida at det fanst drivverdig fureskog på Fitjabakkane, slik vi enno ser restar etter i myrane. For det *andre* at her har vore *oppgangssag* på Fet, slik eg hugsar Pål-Ole (Ole Martinusson Fet) fortalde han hadde høyrtd tradisjon om.

Tallbordvollen har vore mistolka av fleire historikarar som ein stad der dei *talde* borda. Men ordet finn vi att i ei rekkje namn som skriv seg frå trelasthandelen frå seint 1500-tal og tidleg 1600-tal, som *Tallbordberga* på Sjøholt, som må ha vore stapelplass for utskipping av furebord. Ein stad der det veks mykje fure, kan også vise att i gardsnamn, som *Talberg* i Stordalen.

Ingjebærfonna [ˈIngjebærfønnja]

Ingjebær er ei gammal målførefom for Ingeborg. Forma er gammal. Diktaren Niels Olsen Svee (1758–1789) frå Stranda let etter seg ei dotter, kjend som Ingjebær Nilsdotter (f. 1790). I hundrevis av år har ikkje berre Fitjafolket, men også Hjørundfjordingar og folk på Dravlaus og Velle vore opptekne av segnene rundt Ingjebærfonna. Dei viktigaste variantane av segna er desse:

- Ei kone frå Hjørundfjorden som heitte Ingjebær la i veg opp Tranndalen for å ta seg over fjellet mellom Hjørundfjorden og Velledalen. Ho ville vitje ei dotter som var gift på Velle. Men komen over fjellet, la ho vegen for mykje til høgre. Ho var komen eit stykke ned på Heiane då fonna losna oppe i Ingjebærtinden (= Blåbretinden), sopte nedovar Heiane og tok henne. Fonna vart sidan heitande Ingjebærfonna. Eldre folk seier ikkje Blåbretinden, men Ingjebærtinden.



Dravlausnyken og Tretindane med Pallfonnskaret midt på bildet. Pallfonnskaret har fått namnet sitt på grunn av «pallane» (benkane) på begge sider av fonnefaret. (Foto: Kjetil Tandstad).

Fet som heitte Ingjebær. Ho sætra på Høgsætra, den gamle mellomaldersætra for Fet øvst på Langerimen. Under gjæting framme på Heiane vart ho teken av fonna og omkom.

Desse to segnene har vi ingen spor av, heller ikkje finn vi noko om desse kvinnene i gamle kjelder. Ein anar likevel ein dâm av mellomalder. Fonner som går midtsommars, fører tanken til store snømengder i fjellet og den vesle istida som sette inn på 1300-talet og varde ved i vekslande styrke heilt til midten av 1700-talet.

Litteratur:

Fet 2007. Jostein Fet: *Merke etter liv. Tradisjon frå Velledalen*. Volda 2007. (Avgrensa opplag.)
Heggstad 1930. Leif Heggstad: *Gamalnorsk ordbok*. Oslo 1930.
Nes 1987. Oddvar Nes: «Gardsnamna i Volda», i *Voldaminne. Volda kommune 150 år*. Volda 1987.
Nes 1997. Oddvar Nes: «Dravlaus», i *Norsk stadnamnleksikon*. Red. Jørn Sandnes og Ola Stemschaug. Oslo 1997.
Neset og Fet 1977. Borghild Neset og Jostein Fet: *Den gamle garden. Stadnamn og tradisjon frå Fet i Sykkylven*. Utgjeven av gardsfolket på Fet. Volda 1977.
Nudansk ordbog 1987. *Nudansk ordbog*. Politikens Forlag, Kbh. 13. udgave, 3. oplag. Kbh. 1987.
Ord og uttrykk i Sykkylven. Jan Grebstad (red.). Utgjeven av Sykkylven Sogenemnd. 1999.
Skar 2 1961. Johannes Skar: *Gamalt or Sætesdal. Samla utgåve*. Bd. 2. Oslo 1961.
Vinje 1962. Thomas Vinje: «Gardsnamna – kva dei tyder», i Ola Tandstad: *Sykkylven i eldre tid. Første bandet av Bygdebok for Sykkylven*. Utgjeven av Sykkylven Sogenemnd. 1962.
Våre arveord. Etymologisk ordbok. Revidert og utvidet utgave. Av Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman. Oslo 2007.
Aasen 1983. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Sjette Udgave. Oslo 1983.

2. Ingjebær hadde med seg eit pengeskrin, er det sagt. Folk har leita etter skatten der ho omkom. Dei meiner ho Ingjebær vart gravlagd på ei lita slette oppe på Heiane dei kallar Kyrkjegarden.

3. Dei seier også at ho Ingjebær hadde ein son eller ei dotter på Straume.

Vurdering:

For det første kan vi sjå bort ifrå innslaga om *pengeskrinet og kyrkjegarden*. Sletta dei kallar kyrkjegarden er eit likskap-snamn. Der er nokre steinar som minner om grav-steinar.

Eg trur at segnene om Ingjebær opphavleg kan vere *to segner* som med tida har smelta saman. Den eine er om ei kvinne frå Hjørundfjorden som vart vidgjeten for at ho våga seg over det farlege fjellet åleine og kom seg velberga fram. Kva ho heitte, er ukjent. Den andre er om ei sætredeie frå

Brua og kjærleiken


Av Per Arne Grebstad

I 1885 fekk Syndalen køyreveg for hjulslede. Før måtte dei kløvje eller bruke lunnaslede. Dalen der Grebstad, Høgset, Kjemphol, Eidem og Aure har sætrane sine er ein gammal sætredal. På Gamlestølen ved Grebstadsætra er det funne kulturspor frå omkring år 900 før Kristus, bronsealder. Tunet med same datering låg der Uri og Sykkylvsbladet held til i dag.

Frå Aurekaia og fram på Syndalen fekk dei godkjent ei mil for fraktilskot til mjølkekøyringa. Vegen er seinare lagt om i Brautene og ved Eimsstølen. Elles følgjer han den opphavlege traseen.

På vegen er der ei bru, Nedsæterbrua. Omkring 1980 tok ein til å bli engsteleg for at brua kunne bli skada eller falle heilt saman på grunn av tungtrafikken som nydyrkinga og kraftlinebygginga skapte. Arbeidet med å forsterke brua vart gjort i 1987. Helge Fedt støypte inn ei armert betongplate. Det vart langt vekt på at ho framleis skulle ha same utsjånaden. Plata er ikkje synleg.

Nedsætra med elva og brua er ein idyll, no er der også bord og benkar. Og alt ligg til rette for å dramatisere eventyret om bukkane Bruse.



Helge Fedt forsterka brua. Han gjorde det slik at det ikkje synt.



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure. Han er tidlegare lærar og sterkt historieinteressert. Han er dessutan ein habil fotograf.



Nedsætra med elva og brua er ein idyll. Alt ligg til rette for å dramatisere eventyret om bukkane Bruse.

Det var Karolus Drabløs som bygde brua. Når han var ferdig med dagen, tok han seg eit bad i elva. Så rusla han dei tre kilometrane fram på Syndalen. Romantikken låg over desse gamle stølane, lytt berre til Edvard Grieg sin musikk, som var inspirert av vandringane hans i Jotunheimen.

I Knutselet budde det ei vakker sæterjente, 21 år gamle Johanne Aure. Desse to kjende nok kvarandre frå før, for mormor hennar var frå Barbro, nabogarden til Karolus, men no var ho giftemoden og bryllaup vart det. Dei fekk elleve born, så det må vere noko spesielt med denne fjellufta.

Opplevingskunstnaren

Av Guro Leirmo

Olav Harald Ulstein er sjølvlært kunstnar som målar med eit unikt, skarpt uttrykk. Neste år kan han feire tjuårsjubileet sidan første separatutstilling.

Samtidig stiller han ut i Oslo for andre gong. I ryggsekken har han mange gode minne og tallause kunstverk. Det heile byrja med tilfeldige blyantteikningar og kjenslene for den sunnmørske naturen.

Det var ikkje før i tenåra Ulstein tok steget inn i kunstverda. Han var glad i å teikne, og svært fascinert av fuglar. Eit velkomponert bilete av ein kamerat inspirerte den unge guten til å teikne portrett med blyant, og då han vart fornøgd med resultatet, fortsette han å utvikle sine kunstnariske evner.

Anatomi

- Eg lærte meg teori om anatomi og fekk forståing for korleis ein teikna riktig. Eg er glad eg gjorde dette. Mange kunstnarar, spesielt dei med abstrakt uttrykk, får kritikk for at dei ikkje har lært seg å teikne med blyant, fortel han.

Kunst med innslag av menneskelege skikkelsar har han og hausta god kritikk for. Likevel fell han alltid tilbake til stemningane og kjenslene av kreftene i naturen. Ulstein målar berre med kniv, og byggjer opp bileta i tjuke lag måling med klare og reine fargar. Dette kan vere tidkrevjande, spesielt når han arbeidar med olje.

- Eg legg på dei to første fargane, deretter går det eit par veker før eg kan legge på dei to neste, dette for å unngå at fargane blandar seg. Akryl tek kortare tid, men teknikken fører til at det blir litt venting. Difor held eg gjerne på med åtte – ti bilete samtidig, fortel han.

Å ha fleire prosjekt samtidig er noko kunstnaren trivs med, då han kan hente inspirasjon og nye idear til dei andre bileta når han blir lei av enkeltprosjekt. Han brukar fleire timar kvar dag på måling, slik held han seg i flytsona med både teknikkar og dei ulike stemningane i bileta. Favorittmotiva er henta frå Sykkylven, til dømes Aurdalsnibba, Gimsdalen og Langfjella, der han har vandra sidan ungdomstida.



Guro Leirmo, fødd 1992, har studert økonomi og har elles arbeidd som lærarviklar, frilansjournalist og kommuneadministrasjonen. Ho er ein lesehest med interesse for historie og er glad i å skrive.

Olav Harald Ulstein i atelieret sitt med nokre av sine dramatiske fjellmotiv. Foto: Monica Aure.



*Motiva på bileta
til Olav Harald
Ulstein er oftast
henta frå fjellhei-
men i Sykkylven
og mange set
pris på å kunne
kjenne att
motivet. Foto:
Marius Kalland.*



Klare, sterke fargar og dramatiske linjeføring pregar bileta til Olav Harald Ulstein. Foto: Marius Kalland.

- Eg har måla fine motiv frå mange ulike stader, men det ligg kanskje ein ekstra dimensjon i dei motiva ein kjenner godt og ser utanfor vindauget i kvardagen.

Sjølvlært

Han har verken teke kurs eller studert for å lære seg å feste naturtru måleri på lerretet. Han er bestemt på at det har redda han.

– Mange som er utdanna ved ulike kunsthøgskular har eit veldig likt uttrykk når dei er ferdige, medan eg har utvikla min eigen teknikk. Dette har opna dører for meg. Galleri, som elles har høge kriterier til utdanning og CV, ser forbi desse aspekta i mitt tilfelle. Ingen målar slik som det eg gjer, dermed vil galleria stille ut kunsten min.

Kunstnaren kan fortelje om ei artig hending frå ei utstilling, som verkeleg sette fingeren på den unike teknikken hans.

- Ein mann kom inn og lurte på kva slags redigeringsprogram eg brukte. Då han fekk vite at det var måleri, ikkje fotografi som hang på veggen, ville han nesten ikkje tru det, fortel Ulstein, som valde å ta det heile som eit realt kompliment.

Gå forbi!

- Eg likar godt å vandre rundt i ulike galleri og opplever mange positive kommentarar til naturalisme. Ofte blir dei dessverre supplert av negative meiningar om abstrakt kunst, fortel Olav Harald Ulstein.

Personleg er han er sterkt imot å fordømme andre sin smak.

- Alle har sine preferansar. Om ein ikkje likar eit bilete, er det så enkelt – gå forbi! Sjølv er den naturalistiske kunstnaren svært glød i å fange stemningane og kreftene i naturen.

- Det er alltid litt «rock'n roll» og dramatikk i bileta mine, til dømes midt i ei kraftig snøbyge eller ein storm på veg. Eg er ein ekte haustmann, sommaren er berre ei transporttappe, seier Ulstein.

Han hentar inspirasjon frå heile landet, og kjenner seg heldig som har fått vandra Noreg på kryss og tvers. Frå Pasvikdalen i nord til Finnskogen, samt fleire turar både i Finnmark og dei svenske skogane, har han henta inspirasjon til kunsten sin.

- Når eg går i fjella og ser eit spesielt lys eller kjenner ei stemning, kan eg minnast dette når eg kjem heim og skal måle. Eg fantaserer fram motivet og set inn lyset i ulike bilete, og folk fortel at dei kjenner seg igjen frå opplevingar dei sjølv har hatt ute i naturen. Han fortel at det viktige er å fange opplevinga og stemninga, ikkje sjølv staden og fjellet.

Eit bilete får aldri fram det auget verkeleg ser, og det ein kjenner når ein ser motivet.

Inspirasjon

- Eg finn mykje inspirasjon i kunst med uttrykk som er veldig ulik min eigen, fortel Ulstein. Til dømes halvabstrakte bilete der ein ser menneskelege skikkelsar, som fortel ei historie med flotte fargar, lik det ein kan finne i Bjørn Aurebekk sine bilete.

Aurebekk har faktisk halde separatutstilling på Sykkylven Kunstgalleri, men det var ei anna utstilling som verkeleg trigga Olav Harald si interesse for kunst.

- Eg såg eit bilete eg likte svært godt under ei utstilling i det vi kalla Samfunnshuset her i Sykkylven på nittitalet, fortel han. Då han aldri hadde investert i kunst tidlegare, syntest han dei 2300 kronene vart i meste laget for eit verk.

- Han angra i ettertid og tok kontakt med Stein Kåre Nygård, som enno hadde biletet ståande, og denne gongen greip Ulstein sjansen. Kunstnaren var Roald Tellnes, som er ei av Ulstein sine store inspirasjonskjelder. Eg enda opp med å kjøpe så mange bilete at eg fekk julegåve frå Tellnes, fortel han.

Ei anna oppleving som framleis vekker gode minne, går tilbake til då Ulstein hadde si første separatutstilling. Svært få visste at han dreiv med måling, men det fanst spesielt ein person som stadig gav positiv respons, engasjerte seg i kunsten hans og kjøpte fleire av måleria. Til slutt var det avgjort:

- Eg bestemte at om eitt år skulle eg ha utstilling, altså hausten 1997. Eg leigde Berlihuset, fekk tak i Arnfinn Grebstad til å spele saksofon, arrangerte diktlesing og sende ut invitasjonar. Då dagen nærma seg, kjende eg sommarfuglane i magen, - kva om eg vart sitjande åleine og høyre på saksofonmusikk og diktlesing?

Kunstnaren minnest nervøsiteten med ein humoristisk distanse, ettersom lokalet og tilhøyrande uteområde allereie var fullt ein halvtime før opning og medan alle bileta vart utselde på 15 minutt.

- Dette seier mykje om folk i Sykkylven, eg hadde ikkje vorte kunstnar utan dei. At 600 besøkande tok turen til mi første utstilling i løpet av berre ei helg, ga meg trua på meg sjølv, og det kan ikkje kjøpast for pengar. Mange kunstnarar seier at ein kan ikkje verte profet i eige heimland, men folk i Sykkylven stiller opp og gir gode tilbakemeldingar.

Oslo-utstilling

I fjor hadde han si første separatutstilling i Oslo, med vellukka resultat. I 2017 ventar ei ny utstilling i same galleriet.

- Målet mitt var å stille ut i Oslo, og eg kunne ikkje fått eit betre galleri. I gamle, ærverdige lokale i Frognerveien har ein kunstinteressert familie hatt galleri på same adressa i 30 år, fortel Ulstein og konstaterer at han ser fram mot neste års utstilling.

- Kvar utstilling er spennande, det store spørsmålet er om folk vil kome. Ein vil ha respons og høyre folk sine tankar, salet vert nesten litt sekundært i det heile, forklarar kunstnaren. Neste år ønskjer han å arrangere ei utstilling for å markere 20-årsjubileet, men utover dette har han rikeleg nok å arbeide med.

- Det som blir, det blir. Etterspørselen er god, og eg er fullbooka neste år – så eg må snart tenke fram mot 2018!




Bent Tandstad, fødd 1955, er Bent Tandstad (61) er frå Jakupgarden på Tandstad. Journalist NRK Nyheter på Marienlyst i Oslo, busett i Horten. Har tidlegare jobba i Sykkylvsbladet, Gjengangeren og Sunnmørs-posten. Artikkelen er tidlegare publisert på NRK.no

«Fundet død i sin seng – taget gift»

Av Bent Tandstad

Ein høgreist ung mann lurer seg vaksamt gjennom skogen, livredd for å bli sett. Han går lange omvegar for å kome til det vesle meieriet. Litt seinare tek han den same kronglete vegen tilbake. Dagen etter blir ei 25 år gammal kvinne funnen død inne i meieriet.



Vi er i Sykkylven 24. juni 1899. Det som skjedde i meieriet på Riksem denne midtsommarnatta like før hundreårsskiftet, har levd i ulike versjonar på folkemunne i fleire generasjonar. Ei av historiene er forteljinga om eit gjenferd som har heimsøkt ei hytte som var bygd på materialane av det gamle meieriet. Meir om dette seinare.

I kyrkjeboka står det med sirleg skrift under kolonnen for dødsårsak, at meierske Olave Marie Gregoriusdatter, fødd 1873, «blev fundet død i sin seng, taget gift». Det ser altså ut til at både lensmann og prest hadde konkludert med sjølv mord, men det har vore lite fortalt om korleis dei kom fram til denne konklusjonen.

Konklusjonen frå «øvrigheita» var likevel ikkje nok til å stanse rykta om det tragiske dødsfallet. Olave Marie Gregoriusdatter var gravid, og det var barnefaren som hadde gitt henne gift, vart det kviskra i krokane. Mange har høyrte, men få har visst. Det skjedde rundt år 1900, vart det fortalt, men det var også alt. Eg hadde heller ikkje noko namn, korkje på meierska eller den moglege barnefaren.

Kyrkjebøkene

Eg byrja å søkje i kyrkjebøkene for Sykkylven sokn. Eg leitte under dødsfall først frå 1900 og fram til 1915, utan resultat, før eg tok føre meg åra frå 1895 til 1900. Då eg kom til 1899, fall bitane på plass. Eg leitte etter kvinner som døydde unge. Den vanlegaste dødsårsaka blant unge menneske på den tida var tæring, eller tuberkulose, som sjukdomen blir kalla i dag, viser det seg. Etter ein grundig gjennomgang dukkar «pige meierske Olave Marie Gregoriusdatter» opp. Datoen for dødsfallet var 25. juni 1899, og ho vart gravlagd vel ei veke seinare. Det står ingenting om at det var eit mistenkjeleg dødsfall, eller om lensmannen hadde vore inne i biletet i det heile teke. Berre den korte og kalde konklusjonen: «Fundet død i sin seng – taget gift».

Ugift og sjølvstendig

Meierske Olave Marie Gregoriusdatter var ugift, ho hadde lønna arbeid utan å vere hushjelp og ho budde for seg sjølv. Det var uvanleg for ei ung kvinne i 1899, spesielt i eit bygdesamfunn. For unge jenter var det på den tida viktigast å bli gift, helst til ein

gard. Elles var det å vere tenestetaus, gjerne i andre bygder, og så finne ein framtidig ektemann på den måten. Nokre få fekk sjansen til utdanning, slik som til lærarskule, sjukepleieskule eller å ta kurs for å bli meierske.

Det å bli verande «pige», altså ugift, var ikkje særleg forlokkande, om jenta var aldri så mykje yrkesaktiv og sjølvstendig. Vi veit at Olave Marie på denne tida alt hadde vore foreldrelaus nokre år. Først døydde mora. Faren gifte seg opp att, men døydde nokre år seinare. Olave Marie måtte ta vare på seg sjølv. Ho har ei syster og to halvsyster, som ho har ein del kontakt med. Ho utdannar seg til meierske, blir økonomisk uavhengig og har eigen bustad. Det er ikkje vanskeleg å sjå henne føre seg som ei sterk og sjølvstendig ung kvinne.

Vi veit ikkje kvar Olave Marie tok si meieriutdanning, men eit vitnemål frå meieriutdanninga i Ålesund i 1912 viser kva fag det var krav om då. Då gjekk utdanninga frå 15. juli til 15. januar, altså i seks månader. Det er grunn til å tru at Olave Marie gjekk gjennom ei liknande utdanning. Det var skriftleg eksamen i følgjande fag: Meierilære, norsk, praktisk regning og regnskapsførsel. Så var det munnleg eksamen i fysikk og kjemi, meierilære og bakteriologi og maskinlære. Så var det krav om å vise praktisk dugleik i følgjande fag; «Smørlavning, andet meieriarbeid og arbeidsledelse».



Olave Marie utdanna seg til meierske, vart økonomisk uavhengig og fekk eigen bustad. Grafikk: nrk.no

Jordbruk og gudstru

I 1899 var Sykkylven ei bygd der folk i hovudsak livnærte seg av jordbruk, fiske og litt handverk. Men det var også ei bygd prega av inngangen til ei ny tid, industrialiseringa. Kyrkja og kristendomen stod sterkt, og dagleglivet bestod av hardt arbeid, familieliv og gudstru. Seksuelle forhold utanfor ekteskapet var ikkje akseptert, spesielt ikkje når det vart born av det. Å vere ugift mor på den tida var nærmast ein umogleg situasjon.

Min første reaksjon å ha lese om dødsfallet i kyrkjeboka, var at her har det ikkje vore etterforsking. At dødsfallet til ei einsleg og foreldrelaus 25 år gammal meierske ikkje var blitt prioritert av lensmann Heltberg, som var stasjonert i nabobygda Ørskog. Det var ei lang reise med båt og hesteskyss for lensmannen når han hadde oppdrag i Sykkylven.


Den vidare leitinga etter fakta i saka viste at det var fullstendig feil. Saka vart teken på det største alvor frå første dag. Ved statsarkivet i Trondheim fekk eg hjelp til å grave litt i Norsk Polititidende. Her kjem det fram at det verkeleg var ei skikkeleg etterforsking, leidd av fut (fogd) Jan Greve i Ålesund. Det at sjølvaste futen leidde etterforskinga, er eit klart teikn på at saka vart teken på alvor. På denne tida var futane eigentleg erstatta av sorenskrivarar, men det vart avgjort at sidan Jan Greve nærma seg pensjonsalderen, så skulle han halde fram som fut fram til han gjekk av.

28. juni, tre dagar etter at Olave Marie vart funnen død, har Sundmørsposten ein notis



Aaleaund Handels- og sjøfartstidende hadde ei nyheitsmelding om "mistenkelig dødsfall".

Sjølveste futen på Sunnmøre, Jan Greve i Ålesund leia etterforskinga. Det tyder på at saka blei tatt på alvor.



om eit «mistænkelig dødsfald» etter at «meiersken på Rikshem blev funnet død. Hun hadde hat brækninger, og det er sat i verk undersøkelser for å bringe dødsårsagen på det rene», heiter det i den vesle notisen.

Obduksjon

Polititidende brukar også uttrykket mistenkjeleg om dødsfallet. Det vart kalla inn til liksyn, og det vart også gjennomført ein obduksjon. Her vart det slått fast at Olave Marie var gravid i femte eller sjette månad, og at dødsårsaka var inntak av gift.

Dei som etterforska saka seier at det var ting som kunne tyde på sjølv mord, men at det også var ein heil del andre ting som talte i mot dette. Funn i soverommet tydde meir på at Olave Marie hadde førebudd ein abort. I Ålesund blir politibetjent Hagerup sett på saka. Han tek seg ein runde rundt til apoteka i byen. På apoteket Nordstjernen fekk han napp. Farmasøyten hugsar at ein ung gut frå Sykkylven hadde vore innom veka før dødsfallet med ein resept på arsenikk. Resepten hadde han fått av dyrlegen, og formålet var å uttrydde skadedyr og til «kreaturvask».

Farmasøyten hadde bite seg merke i at ungguten frå Sykkylven skulle ha eit så vidt stort kvantum av gifta. Farmasøyten sa i forklaringa si at han hadde tilbode ungguten ein fosforsalve som rottemiddel, men at han insisterte på at det var arsenikk han skulle ha.

Det tok ikkje lang tid før ein 21 år gammal mann, som budde i nærleiken av meieriet, vart identifisert som kjøpar av gifta. 6. juli 1899, i underkant av to veker etter dødsfallet i meieriet på Riksheim, vart han arrestert, framstilt for varetektsfengsling og så varetektsfengsla. Han sat i varetekt i Ålesunds fengsel fram til 3. august.

Då vart han sett fri mot kausjon. Han måtte deponere bankbøker med til saman 1800 kroner på. Det er uklart om han vart pålagt noko form for meldeplikt i tida fram til rettssaka. Det vart bestemt at saka mot han skulle reisast for Gulating lagmannsrett 12. september same året.

For lagmannsretten

12. september vart det halde lagting, truleg i Ålesund, og 21-åringen frå Sykkylven var på tiltalebenken. Tiltalen lydde på «medvirkning til fosterfordrivelse og aktløst drap». Statsarkivet i Bergen greier ikkje å finne noko om rettssaka i arkiva sine, sakspapira er av ein eller annan grunn borte. Her må vi altså stole på det som stod i avisene.



Rådhuset i Ålesund med fengselet. Her sat den mistenkte tiltalt for fosterfordrivelse og aktlaust drap.

Det var Ålesund Handels- og Sjøfartstidende som hadde den mest omfattande dekinga, av det vi har greidd å grave fram. Dette var den første avisa i Ålesund, og ho kom ut mellom 1856 og 1904. I åra 1872 til 1876 hadde avisa namnet Aalesunds Tidende. I rettssaka fortel den tiltalte 21-åringen ei noko spesiell historie. Han seier blant anna at han ikkje visste at Olave Marie var gravid, men at ho hadde bede han få tak i gift fordi ho var plaga med mus på meieriet. Han nekta altså ikkje for at det var han som hadde skaffa gifta som tok livet av henne. Han nekta derimot for å ha hatt seksuelt samkvem med den nesten fem år eldre meierska.


Han fortel i retten at det var mora hans som hadde fortalt han at Olave Marie var gravid. Aktor finn dette vanskeleg å tru. Han slår fast at det ikkje var tvil om at 22-åringen og avlidne var «fortrolige», altså at han måtte kjenne til at ho var gravid. Forsvararen hans hadde greidd å hente fram vitne som kunne fortelje at Olave Marie Gregoriusdatter var tungsindig, og at ho hadde sagt at ho vurderte å ta livet sitt. Eit vitne fortalde at ho hadde snakka om å bruke «et taug». Andre vitne fortalde at ho ikkje var spesielt tungsindig i dagane før ho døydde, men tvert imot kvikk og lys til sinns. Økonomien hennar var også god, ho hadde over 1000 kroner uteståande i løn, fekk retten opplyst. Ho hadde også kjøpt seg ein del nye klede, og det var lite som tyda på at ho hadde tenkt å forlate denne verda. Med 1000 kroner kunne ho i 1899 ha vore på god veg til å kunne kjøpe seg ein liten gard.

Annan mogleg barnefar

Forsvararen lanserte også ein annan namngitt mann som ein mogleg barnefar, men her vart han sterkt imøtegått av aktor. Aktor sa at det ikkje var noko som kunne tyde på at denne mannen kunne vere far til barnet ho venta, og han avfeia det som «bygdesnak». Han måtte likevel vedgå at han heller ikkje hadde bevis for at det var den tiltalte 21-åringen som var far til barnet Olave Marie venta.

Aktor sa likevel i retten at det var påfallande at 21-åringen hadde brote med jenta han var trulova med, same dag som, etter forklaringa hans, Olave Marie hadde bede han om å skaffe gift. Ei venninne av henne sa i retten at ho hadde spurd Olave Marie om kva forhold ho eigentleg hadde til tiltalte. Ho fekk til svar at det var mellom dei to, og at ingen andre hadde noko med det. Aktor meinte at 21-åringen måtte dømmast for «medvirkning til fosterfordrivelse» og for «aktløst drap». Forsvararen prosederte på full frifinning.

Dagen etter stod det ein liten notis i Sundmørsposten:



«Frikjendt: Gutten fra Søkkelsen, som var sigtet for delagtighed i, at meiersken ved Riksheim's meieri døde av forgiftning, er af lagmannsretten frikjendt».

Dermed kan vi slå fast at retten trudde på 21-åringen, og han kunne halde fram med det livet han eller foreldra hadde planlagt for han. Han var ein svært gåverik ungdom. Dette brukte også aktor når han prøvde å slå hol på forklaringa hans i retten. «Det er en opvakt gut, som ikke under noen omstendighet gir preg av at være enfoldig», sa aktor blant anna, når han ymta om at historia ikkje heilt hang saman.

Ikkje lenge etter frikjenninga reiste ungguten ut av bygda for å ta ei høgare utdanning. Etter utdanninga kom han tilbake til Sykkylven, der han budde resten av livet. Han var ein sentral person under framveksten av industrien i bygda.

Professor i rettshistorie ved Universitetet i Bergen, Frode Ulvund, fortel at om 21-åringen hadde vorte dømt etter tiltalen, så risikerte han ei fengselsstraff på mellom seks månader og fem år.

På dødsleiet

Grundig leiting i den lokale gardssoga gir fleire leietrådar. Eg finn garden der Olave Marie vaks opp, og spør kårmannen på garden i dag, ein mann i 70-åra, om han kjenner til rykta om det tragiske dødsfallet på Riksheim. Han kunne fortelje ei oppsiktsvekkjande historie.

Det var faren hans, som har vore død i mange år, som hadde fortalt at det ein gong på 1960-talet kom eit bod til han frå aldersheimen i bygda. Det var ein bebuar der som absolutt måtte snakke med han. Mannen det gjaldt visste at han skulle dø. Han var i slutten av 80-åra og med eit stort behov for å lette hjartet sitt. Den gamle mannen hadde veksla mellom heil og halv gråt medan han fortalde historia si. Det var han som hadde gjort meierska Olave Marie gravid, og det var han som hadde gitt henne gifta. Det var mor hans som hadde gitt han klar beskjed om kva han skulle gjere, fortel mannen, basert på det faren hans hadde fortalt. Han skulle gi henne gift, ikkje for å drepe, men for å provosere fram ein abort.

Mannen fortalde korleis han laurdagskvelden 24. juni, Jonsokdagen, sneik seg frå heimegarden, gjennom skogen, langs elva og korleis han gjekk lange omvegar for at ingen skulle sjå at han gjekk til meieriet. Der inne hadde han gitt henne gifta. Så hadde han snike seg tilbake via elvefaret og skogen igjen. Dagen etter vart Olave Marie funnen død.

Seinare har eg fått denne historia stadfesta av ei kvinne frå ei anna familiegrein. Mannen hadde fortalt same det same til hennar bestemor, som var halvsysstera til Olave Marie. Dei to som har fortalt meg denne historia vil vere anonyme, men begge er det eg reknar som svært pålitelege.

Den siste kvile

Vi kan rekne med at Olave Marie vart gravlagd i tråd med tradisjonen for korleis eit menneske som hadde teke livet sitt, skulle følgjast til den siste kvila. Korleis vart eit sjølv mord behandla i 1899?

Vi har høyrte historier frå gamle tider om sjølv morderarar som ikkje kunne gravleggjast i vigsla jord. Men dette var det slutt på i 1899, fortel professor i kyrkjehistorie og rektor ved Menighetsfakultetet i Oslo, Vidar Haanes.

Han fortel at den gamle lova som sa at sjølv morderarar ikkje kunne gravleggjast i vigsla jord, vart oppheva alt i 1842. Det var i denne lova framleis slik at sjølv morderarar ikkje skulle sidestillast med naturlege dødsfall, ved at det ikkje skulle vere jordpåkasting eller preike. Denne ordninga vart oppheva i den nye kyrkje- og kyrkjegardslova som kom i 1898, men lokalt var det framleis mykje opp til soknepresten korleis dei praktiserte det, fortel han. I kyrkjeboka for Sykkylven ser vi at rubrikken for «jordfæstelse» er utfyllt i tillegg til rubrikken for gravlegging. Det kan tyde på at gravferda til Olave Marie ikkje skilde seg ut frå andre gravferder.

– Mykje av haldningane til sjølv mord endra seg i kyrkja på 1890-talet. Det vart mindre fordømming og meir lagt vekt på sorg og kjensler, seier Vidar Haanes. Han fortel at i 1902 vart også straffelova endra på dette feltet, og det vart det heilt slutt på at dei som tok livet sitt fekk ei anna type gravferd.

Spøkelseshytta

Så tilbake til spøkelseshistoria som har vakse fram i kjølvatnet av hendingane i meieriet. Det som denne juninatta i 1899, har vore utgangspunkt for fleire rykte og historier opp gjennom åra. Noko av det som har stått sterkast er snakket om ei spøkelseshytte oppe på fjellet mellom Sykkylven og Stranda.

Historia fortel at hytta vart sett opp av materialane frå det gamle meieriet på Riksem, og at folk har opplevd uforklarlege og skremmande ting inne i hytta. Fleire namngitte og truverdige personar, som alle er borte no, har fortalt om skumle ting dei hadde opplevd der. Ryktet om spøkelseshytta heldt seg levande til langt ut på 1960-talet, men etter det har det vore lite snakk om det. Likevel går hytta framleis under namnet spøkelseshytta blant folk i både Sykkylven og Stranda, i alle fall dei over ein viss alder. Eitt av rykta om denne hytta vil ha det til at det uforklarlege og skremmande i hytta tok slutt då mannen som gav gifta til Olave Marie på meieriet, på dødsleiet tilstod si rolle i dødsfallet. Som om det urolege hadde funne ro. Eg ringde til eigaren av hytta, ei kvinne busett på Austlandet. Ho viste at hytta hennar vart kalla spøkelseshytta av folk i både Stranda og Sykkylven, men ho stiller seg heilt uforståande til det. Hytta har vore i familien sitt eige i mange år.

– Eg arva hytta etter far min, og vi har aldri opplevd noko som helst skummelt eller uforklarleg der. Eg er svært glad i hytta. Eg forstår rett og slett ikkje kvifor ho har fått dette namnet, og eg likar det dårleg, seier ho. Ho har også ei heilt anna historie om kvar materiala til hytta kom frå, enn det historia om spøkelseshytta fortel.

Så kan ein lure på kvifor historia om spøkelseshytta har fått så sterkt fotfeste blant folk i dei to bygdene. Er det snakk om rykte som har balla på seg opp gjennom åra? Kan det vere ei forveksling? Er det fjøra som har blitt til fem høns? Det greier vi ikkje å svare på.

Ein steinmur ved Riksheimelva kan vere dei siste levningane etter meieriet.
Foto: Jens Petter Riksem.



Kremmarane på Blakstad

Av Jarle Tusvik



Jarle Tusvik, fødd 1944, er pensjonist etter eit langt arbeidsliv som tilsett i administrasjonen ved Ekornes. Han er medlem av årbokredaksjonen.

På det gamle borgarsetet Blakstadnes/Kremmarnes, bruk nr. 4 på Blakstad, har det vore drive handel i mange hundre år.

Blakstadnes eller Kremmarneset vart først kalla Ødegård, eit namn som var mykje brukt først på 1600-talet. På Blakstadnes (Kremmarnes) var der handel alt på 1500-talet, og lægjet høvde godt til det den tida. Den siste som dreiv handel der var den kjende «Snikkar-Anders». Anders Davidsen Kremmernes.

Borgarsete

I trelasttida kom det opp to borgarsete på vestsida av Sykkylvsfjorden, Riksheim og Blakstadneset (Kremmarneset), men berre det sistnemnde overlevde denne tida. Kring 1700 oppstod Tusvika som borgarsete og dette blei drive til langt ut på 1800-talet. På Klokkehaug, like ved kyrkjestaden Aure, var det handelsdrift ein liten mannsalder frå 1740-åra og utetter. Elles er ikkje andre borgarsete registrerte i soknet. Borgarseta blir rekna opp i denne rekkefølga: Årskog, Rise, Sæbø og Sæbøneset (Hjørundfjord), Tusvika, Blakstadneset, Riksheim og Klokkehaug (Sykkylven).

For å kunne vere kremmar på Sunnmøre, laut ein ha borgarskap i Bergen, vere bergensborgar og ha løyve frå bystyresmaktene til å handle på landet. Dei aller fleste kremmarane på Sunnmøre ser ut til å ha stetta desse krava fram til kring 1680. Frå denne tid tok gamle kremmarar til å seie opp borgarskapa sine og nye kremmarar let vere å løyse borgarskap. Dette var truleg av skattegrunnar: i tillegg til byskatt måtte kremmarane frå denne tida også betale ein særskilt skatt som borgarar på landet.

Ole

I gardssoga, band III, side 378, er den første som er nemnd som handelsborgar, **Ole**, som er brukar frå ein gong på 15. hundretalet til 1612. Han vart oftast kalla Oluf i skriftlege kjelder. Han var handelsborgar og hadde to drenger. Han la 1 kalveskinn i leidang i 1606.

(Sjå Bugge: Ålesunds Historie I s. 377: Her er han nemnd som Oluf Jarnes med to drenger i år 1633. Dette er nok same person som nedanfor er nemnd som Oluf Nilsen Blakstad.

Lauge Jenssen åtte i 1617 ei sag i Valle skipreide. Han blei kalla Jarnes, men budde truleg på borgarsetet under nabogarden Blakstad, Blakstadneset eller Kremmarneset, som det ofte blir kalla.

I 1616-17 er Lauge også nemnd på Hankeneset i Borgund, der han truleg var kjøpsvein for Rasmus Lauritzen Stud i Bergen. Kanskje var han kjøpsvein på Blakstadneset før han flytta til Riksheim kring 1620. Sykkylvshamn, trelasthamna i Sykkylven, låg etter alt å dømme på Blakstadneset.

Oluf Nilssen Blakstad, som første gongen opptre i kjeldene i 1629, var mest truleg sunnmøringen med same namn som tok borgarskap i Bergen i 1623. Kring 1630 er han kalla “Jarnes”, seinare alltid “Blakstad”.

I juni 1633 heiter det at han selde ei ikkje oppgitt mengd sagbord til ein skipper frå Leith som førte ei skute på 23 lester. Av skipperen kjøpte han 30,5 tnr korn og 26 sekkar mjøl. Oluf, som dei fleste andre borgarane, hadde jekt. I 1636 -37 førte han ei last med saltorsk til Bergen og i 1639 svara han lastepengar av to jekter, kvar drektig 6 lester, der.

Oluf levde enno i 1666; alderen hans er då oppgitt til 78 år.

Truleg lenge før den tid hadde sonen **Johan Olsen Blakstad** teke over handelen. Han

tok borgarskap i Bergen i 1658. I 1675 handla han enno; då kalla *borger oc gastgiffuer*. Seinare høyrer vi ikkje meir om han.

Broren Peder var bonde på Blakstad. Ein annan bror var mest truleg den Oluf Olsen Blakstad som i 1686 døydde som handelsmann i Kiberg i Finnmark.

Strandsitjar

Ole Larssen Blakstad, fødd ca. 1649 død 1721, gift med Else Fredriksdotter, fødd ca. 1641, død 1724.

Den neste kjende kremmaren på Blakstadneset heitte Ole Larssen Blakstad, nemnd som strandsitjar 1688 - 99. I 1690 fekk han tingsvitne på at han nærte seg berre som husmann, men han heldt truleg fram med handelen.

Ole Larssen dreiv handel på Blakstadnes dels for eiga rekning, dels for Abelsetfamilien. Han vart snart kalla husmann, snart strandsitjar. Oftast det siste, og det må vere det rette. For vi ser at han måtte betale den såkalla kopp- og eldstadskatten, og den var korkje for husmenn eller for vanlege gardbrukarar. I 1688 la han 1 riksdalar 2 ort i slik skatt, i 1690 1 rd 1 ort 8 skilling. Dette er ikkje små skattar, og på tinget i 1690 klaga han då og på skattane. I 1705 og i 1710 var han for fattig til å betale skatt.

I 1689 skreiv presten, som sjølv la kopp- og eldstadskatt, om Ole Larssen og kona (Bst pk 90): «Begge to er udfattige og skrøbelige folk, som aldelis ingen næring haffuer at leffue aff, uden som andre elendige huusfolk.» Dei kan difor ikkje betale denne skatten. Den same skildringa av fattigdom finn vi i futerekneskapen for 1699; «Thi hverken ejer de noget: til med er han blind på det ene øye og ofte sengeliggende, han er både gammel og skrøpelig. De har ingen tjenestefolk.» Manntalet i 1701: Har et lidet hus, er fattig og blind.

I 1704 fekk Ole Larssen løyve til å setje opp eit hus for å drive handel med bøndene i Sykkylven, så dei slapp å fare til Apalset med varene sine. Huset var ei sjøbu med loft. Eigar av huset var Ole Larssen Abelset, så det var sikkert for han Ole Blakstad dreiv handel på denne tida.

I skiftet etter Ole Blakstad vert det fortalt at Else er «meget svag, sengeliggende og elendig». Ho vart difor flytt til Tu. Der hadde son deira, Christen budd, men var no død. Enkja, Ahled Pedersd. f. Blakstad, var frå Tollevgarden bruk nr 2. På Tu skulle Mikkell Tu ta seg av Else så lenge ho levde, og for det fekk han 52 riksdalar i kontantar og ca. 38 rd i lausøyre. (*Skifteprotokoll nr. 6 s 244*).

Etter skildringane av den store fattigdommen er det uventa å finne at buet etter Ole Larssen er på nesten 200 rd, av det 140 riksdalar i kontantar. Sonesonen på Tu fekk ca. 45 riksdalar.

Husa på Blakstadnes var ei lita stove med kjøkken, bak stova ein liten fjøs, elles ein annan fjøs, eit lite eldhus, ei sjøbu med loft, og eit gammalt naust. Tre av Abelset-brørne hadde pengar til gode i buet, og dei fekk stova. Og presten bygsla bort Blakstadnes til Paul Abelset, som pakta bort handelen.

I 1704 fekk Ole Larssen Abelset på Apalset løyve av stiftamtmannen i Bergen til å setje opp eit hus på Blakstad for å drive handel der, slik at dei han handla med i Sykkylven ikkje trong fare den lange vegen til Apalset. Truleg var den førre kremmaren, Ole Larssen Blakstad, Abelset sin kjøpsvein. Ole Larssen Blakstad døydde i 1721 og etterlet seg eit rikt bu for å vere ein fattig mann. Aktiva var nær 200 rd (av dette 140 rd i reine pengar), passiva snautt 21 rd.

Sonen til Ole, Christen Olsen Blakstad, som døydde før faren, var kanskje også ei tid kjøpsvein for Abelsetfolka, men han døydde som bonde på Tu.



Frå Sunnmøres eldste historie «I balansepunktet» redigert av Stein Ugelvik og Jarle Sulebust: «*Her ser vi ei glastrute fra Bergen Historiske Museum med ein borgar til hest og med sabel i handa. Namnet under er Oluff Nielsson og årstallet er 1621. Ramma rundt er ei form for «cartucheornamentikk». Oluff Nielsen var borgar og innskriven i Bergen Borgerbok i 1623. Han virka som kremmar og trelasthandler på Blakstadneset (Kremmarneset) i Sykkylven. Oluff åtte jekt, jamvel to, og må ha vore mellom dei større kremmarane. Sonen Johan Olsen blei også borgar av Bergen (1658) og tok over handelen etter faren, medan sonen Peder blei bonde på Blakstad. Ein son Oluf Olsen Blackstad, var handelsmann i Kiberg, Finnmark, der han døydde.*»



Kremmarneset der den gamle handelsstaden låg. Legg merke til holmen, der Snikkar-Anders hadde 60 beist gåande.

I 1724 heitte det at Blakstad hadde *af gammel tid været et lidet og ringe kremmerleie* som no atter skulle bli tatt i bruk av Christopher Olsen Abelset på Apalset og Peder Jetmundsen Honningdal i Honningdal, *paa samme gamle stæd kaldes Blachstadnæs*. Ved same høvet fekk *de borgere og handelsmend udj Vegsund, som og alle tider har haft deris handel her udj Søchølven*, løyve til å halde fram med denne og eventuelt bygge eit kremmarsete på Blakstad eller ein annan høveleg stad. Vi veit det ikkje visst, men mest truleg sette kremmarane på Apalset og i Honningdal planane sine i verk. Kven dei heldt som kjøpsveinar og kor lenge handelen blei driven, manglar eg opplysningar om.

Jetmund Jetmundsen, bondeson frå Lande i Ørskog, budde på Blakstadneset i tida 1723 - 30 og kan ha vore kjøpsvein for éin av dei før nemnde kremmarane. Seinast i 1745 budde huslyden i Litjebotn i Volda. Han tok over Blakstadnes kort tid etter at Paul Abelset vart bygslar der. Jetmund hadde borna:

1. Peder fødd 1723, døypt i Borgund. Mellom fadderane var Mads Bondal frå Tusvik og dottera hans, Ælid, løytnant Bringeland, og «min kjæreste bar barnet», skriv presten.
2. Jetmund fødd 1725. Prestefrua bar barnet igjen.

Desse «kondisjonerte» fadrane tyder på at Jetmund var borgar og dreiv handel på Kremmernes. 1724: «Her har af gammel tid været et lidet og ringe kremmer leie som nu igjen bliver oprettet» av Christopher Abelset og Peder Honningdal. Truleg var det for dei Jetmund Jetmundsen dreiv handelen då. Men Jetmund med familie flytte nok frå bygda før 1730. Ein Peder Knutsen Valde budde på Blakstadneset i vissa 1744 - 47, men ser ikkje ut til å ha handla.

Snikkar

Frå midten av 1740-åra handla Anders Davidsen her. Han var snikkar og snikkarson frå Kagholen under Grebstad i Sykkylven. I tida 1746 - 58 svarte han lausgjengar- og/eller handelsskatt i seks av åra. Han budde her enno i 1773, då kona hans døydde. Han etterlet seg eit velståande bu etter bondemål. Aktiva var på nær 276 riksdalar (m.a åtte buet 6 mællag i Dravlaus), passiva berre på 18 riksdalar. Etter tradisjonen skal Anders ha halde fram med handelen også etter denne tid. Han døydde 85 år gammal i 1801. Ingen kremmar seinare.

Anders Davidsen Blakstadnes f. ca. 1715 død 1801. gift 1. 1748 Maren Jakobsd. Aure (Knutg.) ca. 1716 død 1773. g 2. 1774 Randi Sjursd. Helsem f 1733 død 1798.

Anders Davidsen var son til David Eriksen Grebstadbøen, f. Svinnset 1745, bruk nr 2 Svinnset og Eli Larsdatter Svinnset, født Grebstad ca. 1679. Ho skal ha vore frå Vartdal. David og Eli sat på ein husmannsplass under Kagholen på Grebstad.

I gardssoga band I, side 417, er det fortalt om då Anders Davidsen trulova seg i 1748 med Maren, dottera til Jakob Knudsen Eidem og Berte Jansdtr. Aure, Jakobsgarden bnr. 13 Aure: «Jakob skipa då til eit drusteleg trulovingsgilde «med drik og spising fra søndag aften til tirsdags morgen». Anders og svigerfaren kom i slagsmål og seinare for retten, men det enda visstnok med semje.

Anders Davidsen fekk bygsselsetel frå Claus Frimann i 1772 “på den plads hans far fra først av har optaget. kaldes Caghoel”. Men Anders dreiv handel på Blakstad. I 1801 var Anders 85 år gammal og budde hjå sonen Knut på Svartebekk, og der døydde han.

Skrythals

Anders skreiv seg for Kremmernes eller Kremmergård. I unge år var han i teneste ute på øyane og hjå Jan Ebbesen Aurdal. Men han vart fleire gonger nemnd som daglønar utan fast teneste. Han var ein kar med temperament, og skal ein tru det meste av det som vert fortalt om han, litt av ein rabagast og skrythals. Utanbygds fortalde han at han hadde 60 beist gåande på ein holme. Holmen er der, og har høveleg plass til 60 måsar, og det var vel beista han snakka om. *(Sjå bladet «Sunnmøringen» 1933 med andre segner om Anders).*

I band 1 av gardssoga vert det fortalt (s. 294), etter Peder Fylling, at Anders fann ein pengeskatt på Alnes saman med Anders Jonsen Anestad, fødd 1753 død 1820, brukar av Knutgarden, bruk nr. 4 Anestad. Fylling skriv «at dei delte pengane, i alt 900 rdl. Halvparten som Anders Jonsen fekk, gjekk for det meste til sonen Carl Fredrik, som kjøpte Styrkabruket på Vik i 1823. Ein skulelærer skal ein gong ha sett Carl Fredrik med ein dryfting full av sylvpengar som han pussa på, og Carl Fredrik sa at det var av funnpengane.»

Anders dreiv handel på Blakstadnes og kom etter kvart til å verte stor jordeigar. Han må ha drive handel lenge før myntfunnet, for han er nemnd som handelsmann der før kameraten hans ved funnet var fødd.

Dei fleste segnene om Anders syner at han var ein luring. Her eit kort samandrag frå Aalesunds Blad (1876) om skattefunnet: Snikkar-Anders, som han vart kalla, hadde høyrte om ein såkalla haugeld folk hadde sett over ei stor ur nær Alnes, og at folk meinte det var underjordiske, haugfolk, som heldt til der. Anders var ikkje overtruisk og ville granske dette nærare. Han fekk med seg Anders Anestad, og ein av brukarane på Alnes som dei kjende godt, viste dei staden. Anders la merke til ein stad der nokre flate steinar var lagde til rette, men sa ingen ting, berre lét som han trudde der var underjordiske i nærleiken og sa at det var best å pjaske seg derifrå det fortaste dei kunne. Om natta fór dei to sykkylvingane tilbake til staden og fann ein koparkjel nesten fylt med pengar, som dei tok med seg til Kremmarnes og delte mellom seg. Snikkar-Anders skal ha sagt at pengane ikkje kunne ha lege der meir enn i 90 år og at det enno var gangbar mynt. Funnet skal ha vore på 900 rd. Snikkar-Anders var òg trondheimshandlar.

Av gardar der han åtte jord kan nemnast Brunstad, Dravlaus, Midtgård, Utgård, Barstad, Kjellingset, Store Urke, Åkre og Flesje. Noko kjøpte han på auksjon, og det han ikkje selde att, bygsla han bort. I gardssoga IV er det nemnt at Knut Larssen Aurdal, f. 1768 d. 1838, bruker av Edvardgarden, bnr 2 Løvoll, dreiv bondehandel saman med Anders Davidsen Blakstadnes.

Opplysningane til denne artikkelen er henta dels frå Gardssoga for Sykkylven og dels frå Borgarsete på Sunnmøre av Bjørn Jonson Dale og Sunnmøres eldste historie.

Møblar og namn

Av Kjetil Tandstad



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist og no avdelingsleiar for Møbelmuseet i Sykkylven.

Å velje namn til born og produkt er noko ein legg omtanke i. Møbeldesignarar og produsentar henta namna frå stjernehimmelen, TV-seriar, adelskap og jazz, men var underleg forsiktige med å knyte fabrikknamnet til produktet.

Den amerikanske mafia-gangsteren Al Capone hadde eit visittkort der han presenterte seg som møbelhandlar. Han hadde ei bruksjappe for møblar som dekkadresse og hos det amerikanske møbelvarehuset Harvey Norman kan ein enno få kjøpt ein sofa med namnet Capone. Men dette er unntaket som stadfester regelen. Møbelseljarar låner ikkje kriminelle namn til sine produkt. Men frå kongelege, adel, kjendisar og jazzmusikarar – sjå, det er ei heilt anna sak!

Nummer og namn

Den første storseljaren blant fabrikkproduserte møblar i verda var stolane frå produsenten Thonet i Austerrike. Desse lette stolen med si runde form og rottingsete kom rundt 1860. I 1930 var det selt 50 millionar av bestseljaren, som gjerne blei kalla kaféstolen, og dei andre wienerstolane frå fabrikanten. I 1905 kom Josef Hoffmann med si *Sitzmaschine*. Sitjemaskina såg ikkje vidare behageleg ut, men hadde regulerbare rygg. Modellen hadde nok ein viss appell til teknologi-interesserte og er ein modell som peikar framover mot dagens høgteknologisk og regulerbare kvilestolar. Etter kvart kom formgivarane på banen med ny design for moderne europearar. Marcel Breuer med *B3* i 1925, Mart Stam med *Stuhl W1* i 1926. Ingen av namna var særleg fengande - det var få produkt på marknaden og det var lite behov for oppsiktsvekkjande namn.

Seinare blir det viktig å definere produktet. Den danske designaren Hans J. Wegners presenterte sin *3-Benet Skilstol* (1963) og fortel noko om forma på produktet. Det skulle enno gå nokre år før møbelprodusentar flest gav produkta sine beskrivande namn som kunne fungere på mange språk, som finske Kukkapiuro, som kalla sin svingstol frå 1964 for *Karuselli*.

Ikkje minst her i landet var namnebruk i pioneråra lite oppfinnsamt. Dei første korgstolmodellane til Sykkylven Kurvmøbelfabrikk, skipa 1929, seinare kjend som Vestlandske, bar namna *Nr. 70* og *Nr. 71*. Namnet på produktet var først og fremst til intern bruk i fabrikkjen. På 40- og 50-talet greidde ein seg gjerne med modellnummer. På Hjellegjerde var det *Nr. 110*, *Nr. 150*, *Nr. 130*, *Nr. 230* som galdt. Berre ein sofa hadde eit skikkeleg dronningnamn: *Viktoria*.

Svane og Stressless

Like etter krigen gjorde Ekornes suksess med sovesofaen med det talande namnet Sofa-seng. Med Svane-madrassen hadde Ekornes teke namnepolitikken eit skritt vidare og vi fekk eitt av dei første merkenamna i bransjen. «*Som svanen hviler på vannet, like godt vil De hvile på Svane-madrassen*», heitte det i reklamen. Den gongen var Svane eit merkenamn som vart brukt også på møblar. *Svanett* (1956) var det første namnet på kombinasjonsmøbelet som kunne både være stuemøbel og soveplass. *Svanett* – sofa, seng og bord i ett, var slagordet. Svane 4 var også namnet på den første hudmodellen frå Ekornes. Svane Columbus var den første regulerbare kvilestolen med vippe- og dreiefunksjon.

Eit nyskapande produkt frå Ekornes var kvilestolen Stressless som fekk eit engelsk-

klingande, men likevel heilt heimelaga namn. Den første Stressless-stolen vart produsert i 1971. Varemerket Stressless har ein stor del av æra for suksessen. Erling Ekornes var mannen som gav stolen namnet, som høyrer meir engelsk ut enn det er.

”Stress” var moteord nummer ein på syttitalet, brukt i tydinga sjeleleg og lekamleg press, uro, påkjenning. Stressless er eigentleg eit såkalla falsk lån frå engelsk, på same måte som ”grillparty”, altså samansett av engelske ord, men laga her heime utan å vere ein del av det engelsk språket. For nordmenn er det derimot naturleg at Stressless tyder ”fri for stress”- eventuelt som oppmoding: ”stress mindre”. På engelsk kjende ein aldri noka anna tyding av ordet enn eit spesialord frå fonetikken som tydde eit ord utan trykk, fortalde språkforskar Endre Brunstad i ein artikkel i Årbok for Sykkylven i 2009. Men den norske tydinga av ordet vann fort fram i mange språk. Merkenamnet Stressless utvikla seg til ei sterk internasjonal merkevare som blir oppfatta på tvers av språkgrensene.

En-To

Innover femtitalet var det lenge vanleg med norskklingande namn som *Blinken*, *Bravo* og sovesofaen *En-To*. På sekstitalet brukte Hjellegjerde namn som *Arvo* (finsk mannsnamn), *Neptun*, *Vesta*, *Pollux* (himmellekamar) og *Capello* (kjend italiensk fotballspelar og trenar). På syttitalet kom *Corona*, *Carina*, *Fortuna*, *Colombi*, *Mira*, *Luna*, *Nova* og *Capilla*. Namnevalet er framleis inspirert frå latin, medan *Baron* låner namn frå adelskap og overklasse.

Trenden med namn frå himmelrommet og latin held seg også utover på 1980-talet som himmelnamnet *Sirius*. Men vi har også det meir norskklingande *Juvel*, det engelske *Pilot* og *Spring* og det beskrivande *Tilt*. Men det var også tid for eksotiske namn som *Sirrah*, *Targa*, *Salma* og *Antea* og *Riegel*, den siste kanskje inspirert av sjokoladen med same namn.

På nittitalet held det fram med namn frå italiensk og latin, pluss *Mustang* (etter den amerikanske sportsbilen) og *Mirage* (etter det franske overlydsflyet). Så har vi det første tiåret etter 2000. No er inspirasjonen leiarskap og makt (*Alfa*, *Boss*, *Admiral*), det gode liv (*Living*, *Sunset*) og adel (*Hertug*, *Lady*).

Middagskvild

Nummer i staden for namn var i grunnen vanleg i sykkylvsindustrien heilt fram til at Ingmar Rellings design får fotfeste i møbelbygda. Den samanleggbare *Nordic* frå 1954, med skumplast i stoppen og elegant teaktreverk, var moderne både i form og konstruksjon og fekk eit namn som signaliserte ambisjonar om eksport.

Siesta er ein annan ikonisk stol frå Sykkylven. Stolen var nyskapande då han kom i 1965 er og framleis i produksjon. Med sin lette konstruksjon av laminert tre og seglduk og med eller utan pute var han moderne då han kom og tidlaus i dag. For designaren Ingmar Relling var namnet eit naturleg val. *Siesta* tyder noko i nærleiken av det sykkylvingane ein gong kalla middagslur. Sjølv ordet var spansk og drog tankane mot charterturismen som på denne tida var noko nytt og eksklusivt her i landet.

Med Ingmar Relling kom internasjonale og beskrivande møbelnamn på løpande band; *Base*, *Optima*, *Rest*, *Nobel*, *Flair*. Møbelsystemet *Bonus* for Vestlandske, *Combina* for Ekornes og namn som *Flex* og *Wave* var også namn som i tillegg til å vere attkjennelege namn også fortalde litt om produktet. Relling-møblar som *Cox*, *Manta* og



Stressless er eit heilnorsk namn som ikkje finst på engelsk. Men det har blitt ei merkevare som fungerer på alle kontinent. Dette er ur-stresslessen frå 1971. Foto: Møbelmuseet.

Ingen grunn til å vere beskjeden. To produkt i eitt med Genial sengestol. Foto: Møbelmuseet.





Modell 135. Adolf Relling teikna denne stolen for Vestlandske Møbelfabrikk i 1939 og modellnummeret var mest tenkt for å skilje han frå andre modeller han teikna. Namnet skjemmer ingen, tenkte dei nok på fabrikk og det bli med det. Foto: Mirjam Vikestrand, Stiftinga Sunnmøre Museum.

Tema var også eksempel på korte, internasjonale og funksjonelle namn.

Brunstad Møbelfabrikk heldt seg også lenge med tal som namn på sine modellar. *Nr 485* frå 1948 var ei sofagruppe med stoff innvendig og imitert skinn utvendig, *Nr 390* frå om lag same år hadde lause og vendbare seteputer. Ved Brunstad satsa dei på namn i staden for nummer frå rundt 1958. Etter kvart kom sofaene *Lotus*, *Marina*, *Oslo* og *Venus* - alt saman namn tenkt til å passe både ein norsk og ein internasjonal marknad. Det kom stolar som *King*, *Knoll*, *Sjeik* og *Roma*. Den første vippestolen fekk namnet *Pop*. Ein kvilestol i skinn og laminert bøk fekk namnet *Viking*, eit namn som hadde ein god klang både heime og ute.

Krå-Kos

Det urbane liv har alltid hatt appell. Komande forskning må finne ut kor mange norske møbelprodusentar som har hatt modellar med namn som *Manhattan*, *New York*, *London* og *Paris* på sine produkt. Kvilestolen *Rolls* gjorde nok eit forsøk på å hente eksklusivitet frå Rolls-Royce-bilen. Hjørnesofaen *Krå-Kos* og sovesofaen *Snorre* fekk derimot heilnorske namn. Elles dominerte internasjonale namn som *Tellus*, *Triton*, *Argo*, *Mira*, *Safari* og *Marco*, *Sara* og *Topas*.

Tiki frå 1985 var nok inspirert av Kon-Tiki-ekspedisjonen, som representerte ein suksess internasjonalt. *Lord* og *Diana* lånte fjør frå engelsk adel. Gjennom ei årrekke har designarane Arild Alnes og Helge Taraldsen prega Brunstad-kolleksjonen. Med korte, lette namn med gjenkjenningssverdi som *Amanda* og *Athen*, *Diana*, *Epos*, *Smile*, *Sting* og *Delta* går også dei den breie og opptrakka veg når det gjeld møbelnamn.

Det same gjeld ein produsent som Formfin. Her er det *Uno* og *Athene*, *Mobile*, *Swing*, *Thea* og *Venus*, namn dei slett ikkje har vore åleine om. L.K. Hjelte er ein produsent som alltid har kombinert dei utfordrande og moderne modellane med klassisk formgiving. Det går også fram av produktnamna: Her er produkt som *Alberte*, *Arena*, *Windsor* og *Eva*. Men her finn ein også namn med meir moderne klang: *Fam*, *Hal*, *Kawai* og *My*, modellnamn som blant andre gjenspeglar at fabrikk har engasjert yngre arkitektar med fartstid blant anna frå designfellesskapen Norway Says.

Musikk

Musikk har alltid vore ei inspirator for møbeldesignarar. Namn som Menuett og Symfoni har vore i bruk av mange. Hos Hjellegjerde hadde dei sofagruppa Mantovani, truleg inspirert av Mantovani-orkester, som var landeplage i Ønskjekonserten gjennom mange år.

Ekornes har brukt musikalske namn i *Stressless Jazz* og *Stressless Blues*. Men få formgi-varar har brukt namn frå jazzen meir gjennomført enn designarane Dave Vikøren og Steinar Hindenes i designgruppa Circus i Bergen. Her finn vi sofaen (Charlie) *Mingus* og stolen (John) *Coltrane*. Her er teppet *Cannonball* (Adderley), stolen (Thelonius) *Monk*, sofaen *Be Bop* og skapet *Bird* (Charlie "Bird" Parker). I kolleksjonene til Circus finn vi også jazzheltar som (Lester) *Young* og (Ben) *Webster*, (Frank) *Wess*, (Chick) *Webb* og (Stan) *Getz*.

Blygskap

Peter Opsviks Cylindra-serie er prega av underfundige ordspel, til dømes på ein serie skåp med titlar som *Naboskap*, *Lidenskap* og *Troskap*. Ordspela speglar den uhøgtid-elege kreativiteten til designaren.

Eitt særtrekk ved møbelbransjen – og til stor irritasjon for møbelhistorikarar – er den nesten utrulege blygskapen som produsentane har lagt for dagen når det gjeld å

plassere varige fabrikkmerke på sine produkt. Kjøper ein eit kjøleskap, ein komfyr eller ei vaskemaskin, har det alltid vore sjølvstøtt at fabrikkmerket stod sentralt plassert og var festa på ein måte som gjorde at det varte heile produktets levetid. Ein skulle tru at det same ville gjelde også ein sofa eller ein stol. Men gamle møblar har ofte ikkje så mykje som spor av ein avbleika merkelapp til hjelp for dei som vil identifisere produktet.

Anonym

Det er vel kjent at dagens møbelkjeder med vilje tonar ned namnet på den enkelte produsenten og gjerne vil marknadsføre møblane dei har utstilt under kjedenamnet, anten dei skriv seg frå Stordal eller Kina. Men også møblar som er eldre enn møbelkjedene manglar produsent-signatur. Kanskje var det vanleg å setje slik informasjon på emballasjen og på lause merkelappar. Det er likevel påfallande at møbelbransjen, som elles låg frampå med heile brystkassa for å selje sine produkt, ikkje var meir opptekne av å byggje merkevare.

Også for den som prøver å plassere møbelstoff med produsent og årstal, er det liknande vanskar. Møbelstoff er gjerne merka med produsentnamn som Sellgren og Tingvoll, Innvik og Gudbrandsdalens Uldvarefabrikk. Her kan ein også unntaksvis finne eit designarnamn. Men årstalet for designet og når det vart produsert, har vi enno til gode å finne. Vi tenkjer det har sin gode grunn: Dei som selde møbelstoff, var opptekne av å presentere fargar og mønster som moderne og nye av året. Årstal på stoffprøvene, som avslørte av mønsteret var gammalt og velbrukt, ville bli oppfatta som dårleg reklame.



Ekstrem heiter denne artige stolen. Eit naturleg namneval, også fordi designaren heiter Terje Ekstrøm. Foto: Møbelmuseet.



Designaren Peter Opsvik kosar seg med ordspel når han gir namn til sine prosjekt. Desse skåpa frå Cylindra har fått namna Fellesskap, Vennskap og Splittet person. (Foto: Cylindra)

Møbelgründarar i Sykkylven (del 4)

Av Jarle Tusvik

Det var trevareindustrien som skulle bli den dominerande industrigreina i Sykkylven. Frå 1927 var det her største delen av veksten i industri-sysselettinga i kommunen skjedde.

I 1930 var dei to næringane konfeksjon- og trevareindustri nærast jamstore i talet på tilsette. Det var 68 i trevare- og 66 i konfeksjonsindustrien.

Fram til 1940 auka talet på tilsette i trevareindustrien med 493 %, medan talet på tilsette i teko-industrien auka med 85 %. Dei store møbelprodusentane hadde tidlegare halde til i byane. Fram til 1920 vart 90 prosent av alle produkt innan trevareindustrien i Noreg framstilte i byane. Produksjonen skjedde på handverksmåten.

Møre og Romsdal var det fylket som hadde den største veksten i bedriftsetableringar i møbelbransjen. I 1930-åra vart det her i fylket etablert 144 nye møbelfabrikkar, medan det i Oslo vart skipa 41 nye verksemdar i tiårsbolken. Denne utviklinga heldt fram i det fylgjande tiåret, og i 1951 arbeidde det like mange i møbelindustrien i Møre og Romsdal som innanfor næringa i landet elles.

Industriarbeidarane i Sykkylven hadde ein sterk solidaritet med arbeidsplassen. Ein vesentleg grunn til denne solidariteten var at mange av bedriftene vart skipa som arbeidaraksjeselskap. For å få kapital til oppstartinga, kravde initiativtakarane ein inngangsbillett av dei som ville ha arbeid. Ein vanleg pris på denne billetten var 1.000 kroner, som vart betalt med 500 kroner i kontantar og 500 kroner omrekna i arbeidsløn. Denne summen på 1.000 kroner vart kalla ein aksje. På denne måte kom dei til å bli direkte interesserte i framgangen til verksemda dei arbeidde i.

Dessutan vart det mest akkordarbeid i dei nye verksemdene i Sykkylven. Så i prinsippet var det opp til arbeidarane sjølve kva dei ville tene. I 1930 låg toppløna blant industriarbeidarane i Sykkylven på 1.850 kroner, men fleire hadde ei årsløn på 400 kroner. Det at Sykkylven alt i 1918 fekk elektrisk kraft vart nok ei medverkande årsak til at industrien vaks fram i bygda. Ein viktig faktor for utskipinga av produkta vart skipinga av Møre Fylkes Rutebåtar i 1920. Dei første bilane kom og til syne i desse tidene.

Fleire bedrifter kom i gang under krigen, det var L.K. Hjelle Stol- og Møbelfabrikk, Vik og Blindheim Møbelfabrikk, Hj. Brunstad Trevarefabrikk, A/S Lenestolfabrikken Hjellegjerde, Fet Møbelfabrikk og Hole & Lillebø.

Nyetableringane i etterkrigsåra 1945 - 50 gjorde møbelindustrien i Sykkylven endå meir dominerande. I denne femårsperioden kom Velledalens Lenestolfabrikk A/S, Stol og Møbelfabrikken Formfin AS, Jarnes & Krokå Møbel- og Trevarefabrikk og Lade Møbelfabrikk i drift.

Eit nytt trekk i etterkrigsåra var at dei lokale industrileiarane gjekk i lag om samarbeidstiltak. Tidlegare hadde bedriftsleiarane hatt nok med sitt eige. Etter krigen såg fleire føremonene ved ei samordning for å kunne kome vidare merkantilt og teknisk, og for å kunne påverke styresmaktene.

I 1947 vart Sykkylven Handverks- og Industrilag skipa. Dette laget hadde som eitt av måla sine å sette fram krav overfor styresmaktene. Laget skulle og tene den faglege utviklinga i medlemsbedriftene. Dette første tiltaket sette truleg ikkje varige spor et-


ter seg, for i mars 1948 kom det ei ny melding om at Sykkylven Industrilag var skipa. Første formannen var Jens E. Ekornes. Styremedlemmer var Ole T. Lied, Erling Tandstad, Bernhard R. Tynes og Fridtjof Fredriksen.

I vedtektene til laget heitte det at det skulle arbeide for «å samle industrifolk i Sykkylven for å fremje saker av sams interesse til gagn for industrien i bygda og landet». Av desse sakene kom bustadbygging, rasjonaliseringsarbeid og samferdselsspørsmål til å stå i fokus.

Av samferdselssaker tok laget opp utviding og vedlikehald av vegnettet, større regularitet i ferjesambanda og tiltak for å betre råvare- og ferdigvaretransporten. Bernhard R. Tynes hadde skaffa seg ein fraktesbåt nokre år før krigen. Den gjekk i rute frå Sykkylven til Åndalsnes og vart også nytta av andre av fabrikkane.

Brørne Jarnes på Ikornnes hadde allereie frå trettiåra vore engasjert i slik fart mellom fiskesesongane, og slik vart dei eit fast transportledd utover for dei fleste møbelbedriftene i Sykkylven frå 1945 og eit par tiår framover.

Frå 1950 tok også transporten med lastebilar til. Severin Erstad var næraste nabo til J.E. Ekornes Fabrikker, og like etter krigen hadde han fått tildelt ein bil, såkalla



Jarnes-brørne hadde vore engasjerte i frakting av møblar mellom fiskesesongane alt på trettitalet. Frå 1945 var reiarlaget eit fast transportledd for dei fleste møbelbedriftene.



Severin Erstad, med sin Volvo Viking, var den første som frakta møblar for Ekornes med bil.

«krigsbytte». På denne tida fekk han ein del transport for Ekornes på det lokale plan. I 1952 kjøpte Severin Erstad ein ny Ford lastebil, og han kunne tenkt seg å køyre madrassar til Oslo. Men fabrikkleiinga vegra seg for å sende madrassane med bil, for dei meinte dei kunne riste i stykke. Etter at Severin hadde fått oppdrag med Høibergs Mineralvannfabrikk i Ålesund med transport av brus til Oslo, fekk fabrikkleiinga på Ekornes trua på at det då måtte gå å frakte også madrassar med bil.

Frå 1952 starta Severin Erstad med regelmessig transport frå Sykkylven til Oslo. På den nye Ford-lastebilen fekk han med 99 madrassar, og hadde kr. 598,- for desse turane til Oslo. I 1953 investerte han i ein Volvo Viking. Dette var ein større bil enn Forden,

og her fekk han 120 til 130 madrasser med på kvar tur, og frakta var komen opp i kr. 754,- for eit lass til Oslo.

Etter at Severin Erstad vart sjuk i 1959 vart fraktinga avvikla i 1960.

Møblar og trevare	1950	1960	1970	1974	1976
Produksjon i mill. kr.	18,4	42,1	114,0	164,9	260,0
Tilsette	718	783		1.120	1.175

AURSNES

P. & M. Aursnes Møbelverksted

Martin Aursnes hadde vore med å få i gang Hjellegjerdes Lenestolfabrikk AS i 1941. To år etter vart han løyst ut av selskapet. Då gjekk han i lag med bror sin, Petter, om P. & M. Aursnes Møbelverksted.

I 1945 bygde Petter hus på Aursneset, på bruket til faren. Verksemda fekk tilhald i kjellaren i dette huset. Brørne laga overstoppa lenestolar som vart selde over store delar av landet. Dei var også tidleg ute med å eksperimentere seg fram til ein metode for å produsere laminerte komponentar. Laminat frå Aursnes vart blant anna nytta av Hjellegjerde.

Per Arne Aursnes kan fortelle at dette skjedde midt på 50-talet. Det var Petter som hadde fanga interesse for dette, og ein kar som gjekk på Luftforsvarets Sambandsskule på Lutvann og ein anna som studerte ved Universitetet i Oslo kom og hjelpte til med å få dette i gang.

Ein radiosendar vart brukt i samband med herdinga av limen. Fineren vart pressa i former som hadde den form som møbelkomponentane skulle ha. Per Arne Aursnes fortel at det vart montert opp ein transformator som skaffa straum til prosessen, og metoden var i prinsippet den same som er nytta i dag. Drifta vart avvikla kring 1952.

FAUSKE

Hjellegjerde Møbler AS

Møbeleventyret for Hjellegjerde starta i stova og kjøkkenet til Otto Hjellegjerde. Kvar kveld etter at arbeidsdagen var slutt måtte dei rydde verkstadlokala, slik at det kunne bli sengeplass til Otto, kona og eldste sonen.

Eit halvt år etter starten i september 1941 kunne dei flytte ned i nyoppussa kjellarlokale. Fabrikken hadde frå først av namnet AS Lenestolfabrikken Hjellegjerde.

Ved sida av Otto var broren Mindor og faren Ole medeigarar. Martin Aursnes kom med frå 1942. Martin Aursnes og Ole Hjellegjerde hadde eigardel så lenge dei arbeidde ved bedrifta. Ingvald Hjellegjerde kom inn som medeigar ved å ta over faren sin del, og det vart såleis tre brør som kom til å stå for verksemda. Første driftsåret hadde dei fem arbeidrarar i sving.

Ein fjerde bror, Sverre, arbeidde i bedrifta nokre år som bokhaldar, men han døydde i 1967. Martin Aursnes trakk seg etter to år, då han og broren Petter starta P. & M. Aursnes Møbelverksted. Etter kvart vart det trong for meir lokale og dei etablerte seg m.a. i Rønes-kjellaren og i Myre-løa. I 1942 vart det gjort avtale om å ta over ei industritomt ved strandlinja på Fauske. Byggearbeidet kunne ikkje ta til før krigen var slutt, og i 1946 vart eit bygg på 350 m2 i ein etasje teke i bruk.



Enno var Hjellegjerde ei rein stoppmøbelbedrift. I 1948 tok Hjellegjerde inn dei tilsette som vart ledige etter Lunheim Møbelfabrikk, som hadde brent ned til grunnen. Etter dette sto det 23 personar på lønningslista. I 1962 var talet på tilsette 52. Møbelindustrien i Sykkylven orienterte seg tidleg ut til forskjellige eksportmarknader. Leveringane til utlandet hadde jamn vekst, særleg frå 1950. Ein betydeleg del av Hjellegjerde sin produksjon gjekk til eksport.

Talet på tilsette auka moderat fram til 1970, og heile tida vart fabrikkbygningane utvida. Disponent Otto Hjellegjerde fekk etter kvart hendene fulle med å planlegge og administrere utfyllings- og utbyggingsprosjekt i tillegg til at han tok seg av salsarbeidet. Framgangen for bedrifta var ikkje noko einmannsverk, då både Mindor, som hadde hand om økonomistyring og produktutvikling, og Ingvald, som hadde ansvaret for snikkaravdelinga, bidrog sterkt saman med en stabil og kvalitetsmedviten arbeidsstokk.

I 1950-åra var Hjellegjerde Lenestolfabrikk, som namnet vart endra til, mellom dei første i landet som tok i bruk skumgummifyll i lause puter. Då skumplasten kom, var Hjellegjerde også mellom banebrytarane. Hjellegjerde hadde framgang i ei tid då andre stagnerte og vart avvikla.

Storbrannen 20. mai 1981 gjorde paradoksalt sitt til at dei kunne fullføre rasjonaliseringslinja. Det vart då høve til å planlegge under eitt. I 1981 kunne dei bygge opp ein fabrikk som bygde på moderne produksjonsteknologi, og allereie ein månad etter brannen var produksjonen i gang igjen. Etter enda ein månad var dei så godt som tilbake med produksjon som før brannen.

Bedrifta vaks kraftig i åra etter, og i 1989 var talet på tilsette 207 og Hjellegjerde hadde då ei omsetning på 144 millionar. Grunnflata var på 24.000 m2. I 1979 hadde Hjellegjerde også oppretta ei avdeling i Hornindal, Hjellegjerde Grodås AS, som leverte treverk til moderverksemda. I 1987 vart det i tillegg oppretta ei systue som også leverte til moderbedrifta. Der var 22 tilsette ved treavdelinga og åtte i systua. I 1990 etablerte Hjellegjerde eige salskontor i Tyskland.

Frå ca. 1960 til ca. 2000 hadde Hjellegjerde vore ein av dei dominerande leverandørane til den norske heimeinnreiingsmarknaden. Frå 1980-åra vart innsatsen i sterkare grad, retta mot eksportmarknadene, og i 1989 var eksportdelen oppe i 17 %. Fram til om lag 2000 lukkast Hjellegjerde med å halde stillinga som ein hovudaktør i den norske marknaden, samstundes som eksportdelen auka.

*Hjellegjerde Møbler kom i gang i 1941 og frå 1960 til ca 2000 var dei ein av dei dominerande leverandørane til den norske heimeinnreiingsmarknaden.
Foto: Jarle Tusvik.*

I 2000 starta Hjellegjerde produksjon i Thailand og i 2001 var verksemda drivkraft for å opprette eit produksjonsmiljø for møblar og møbeldelar i Litauen, Lille Sunnmøre i Panevezys. Dette var ein lekk i prosessen med å få produksjonskostnadane ned, for bedrifta byrja på denne tida å merke sterkare konkurranse frå produsentar i lågkostland i sin marknadsnisje.

Selskapet var børsnotert i perioden mellom 1997 og 2010 som Hjellegjerde ASA, og konsernet hadde i denne perioden fleire dotterselskap; Hjellegjerde Møbler AS, Hjellegjerde AS og Hove AS. Desse norske selskapa er no fusjonert saman i hovudselskapet Hjellegjerde. Selskapet eig produksjonsselskap i Litauen (Hjellegjerde Baltika) og Thailand (Hjellegjerde Asia Co. Ltd).

Sidan starten i 1941 vaks Hjellegjerde frå å vere ei lita familiebedrift til å bli eit stort, børsnotert konsern med marknadsspreiing over tre kontinent; Europa, USA og Asia. I løpet av 2000-talet omstrukturerte selskapet produksjonen og verdikjeda elles. Dette kom som ein konsekvens av marknadsutviklinga internasjonalt, og dei moglegheitene som selskapets produksjonsanlegg i Litauen og Thailand innbaud til, i ein balanse av ein offensiv Supply Chain strategi. Selskapets utviklingsavdeling er framleis basert i Sykkylven.

Hausten 2010 tok Stavanger-selskapet Interstil AS over aksjane i det børsnoterte selskapet og tok selskapet av børs. Eigarskapet til Hjellegjerde ligg i dag i holding-selskapet Interstil Holding AS. Selskapets tidligare fabrikk eigedom i Sykkylven er no eigd av Hjellegjerde Eiendom AS, og det er Hjellegjerde Næringsseiendom som samlar leigetakarar i lokala.

A/S Elegant

Med 3.000 kroner i aksjekapital gjekk fem karar i 1947 i gang med møbelverkstaden A/S Elegant. Det var Kristian Larsen, Karl, John og Henry Haram og Olav Hatlemark. Bedrifta fekk første tida rom i bustadhuset til Kristian Larsen på Fauske. I 1953 bygde Olav Hatlemark hus på ei nabotomt, og då flytta A/S Elegant over dit. Der var dei til verksemda gjekk over ende vel eitt år seinare.



Ergo Møbelfabrikk spesialiserte seg på å lage salongbord.

Ergo Møbelfabrikk og Brødrene Eidem Møbelfabrikk

Brørne Kåre og Karl Johan Eidem gjekk i gang med møbelproduksjon av salongbord på farsgården på Ytre Fauske i 1948. Dei heldt til i eit bygg som berre bestod av kjellarmur med takplate over. Det var på denne grunnmuren Karl Johan Eidem bygde stovehus i 1954.

Før Eidem-brørne starta i 1948, hadde salongbordfabrikken gått i regi av eit driftslag der Kåre Eidem, Knut Otterlei og Leif L. Grebstad var med. Denne verksemda fekk namnet Ergo Møbelfabrikk.

Brørne Eidem Møbelfabrikk var godt utstyrt med snikkarmaskiner. I 1948 hadde bedrifta åtte tilsette, mellom desse var maskinsnikkarar, treskjerarar og polerar. I 1950 var det ute med verksemda.



Ullavik/Lunheim - Arbeids-stokken om lag 1938. Frå venstre: Petter A. Aure, Karl Haram, Petter Aursnes, Leif L. Grebstad, Martin Aursnes, Ivar Ramstad, Konrad Ramstad, Elias Vatne (nesten skjult), Jens Andestad, Olav Hatlemark og Ole Honningdalsnes.

ULLAVIK

Ullavik Møbelfabrikk AS/ Lunheim Møbelfabrikk

Bedrifta vart etablert under namnet Møbelfabrikken Formfin AS i 1935. Like etter oppstartinga vart namnet endra til Ullavik Møbelfabrikk AS.

Lars J.A. Aure og Guri Aure selde tomt til aksjelaget for 1.600 kroner. Det vart oppført eit bygg i to etasjar, der det var produsert finerte soverommøbler. Dei hadde både snikker- og lakkavdeling. Karl Johan Eidem, som var ein av aksjonærane, var forretningsfører. Dei andre aksjonærane var Jens Andestad, Alfred Aure, Ivar og Konrad Ramstad, Jonas Sandal, Petter Aure, Peder L. Fauske, Elias Vatne, Petter og Martin Aursnes.

Etter knappe to år vart møbelfabrikken seld til interiørarkitekt Knut Måseide frå Ålesund, som ga bedrifta namnet Lunheim Møbelfabrikk. For at det skulle bli noko av handelen med Måseide måtte arbeidarane gi avkall på 200 kroner av pengane dei hadde til gode i løn. Som motyting fekk dei rett til arbeid på fabrikk.

Knut Måseide døydd i 1940, og då gjekk bedrifta over til broren Johan Måseide. I 1941 var det 26 tilsette, og spesialiteten var småmøbler, men dei laga også spisestove- og soverommøblar. Fabrikklokala hadde ei grunnflate på 650 m². Størstedelen av fabrikk brann ned til grunnen i 1948 og vart ikkje oppattbygd. Petter Andestad kjøpte eigedomen i 1956 og dreiv trelast- og byggeforretning der i mange år.

Kjelder:

Eldar Høidal: Industrisoge for Sykkylven.

Biletkavalkaden 2016



«Når livet gir deg sitronar, lag limonade!» kunne ein lese på framsida av Sykkylvsbladet i januar. Medan mange klaga si naud over kulda, og sprengfyrte innandørs, nytta hundrevis av sykkylvingar sjansen til å få testa skøyten sine ulike stadar i bygda. Dette biletet er frå Tuvatnet. (Foto: Eldar Høidal.)



Då vinterferien tok til i februar, benka 164 deltakarar seg i Storhallen for å delta på det til no største datapartiet som har vore arrangert i Sykkylven. I om lag fire døgn sat ungdomane ved datamaskinene sine og dyrka ein av sine store lidenskapar. (Foto: Jon Marius Roald.)



Kristian Krohn (t.v), Simen Alvestad og Kristian Fet kunne gå til topps på pallen, og ta i mot sine gullmedaljar for sigeren sin i lagskyting under NM i Klepp tidleg i mars. Dette var startskotet for eit år med mange gode sportslege prestasjonar i Sykkylven, i ei rekkje ulike idrettsgreiner. (Foto: Privat.)



Senterpartiordførarane Jan Ove Tryggestad og Odd Jostein Drotninghaug stod i brodden for eit særskilt vellukka møte mellom kommunestyra i Sykkylven og Stranda i april. Det historiske møtet gjekk føre seg på Union Hotell i Geiranger. Saman med representantar frå ungdomsråd og tillitsvalde vart kommunereforma og intensjonsavtalen mellom dei to grannebygdene drøfta. (Foto: Frank Kjøde.)



17.mai vart sjølvstendte feira med brask og bram. I heile bygda samla folk seg til feiring. I alle krinsar har dei sine måtar å feire dagen på. Med barnetog, leik og program på skular og forsamlingshus, konsertar, talar, korpsmusikk og mengder av is, pølser og brus, vart dagen markert på aller beste vis. I Velledalen var det som vanleg barnetog, og i år starta toget på Velle. (Foto: Bjørnar Akselvoll Lade.)



Brøvøllsfestivalen slo også i 2016 til med eit fantastisk program, og lokka små og store til Velledalen og to dagar med reinhekle moro. Entusiasmen, pågangsmotet og dugnadsanda ser ikkje ut til å ta ende i dalen. Dei mange som tok turen til området rundt Velledalen grendahus denne helga i juni, fekk heilt klart valuta for pengane, slik som denne jentegjengen som var klare for ein storslagen kveld på festival. (Foto: Stine Klevberg Tynes.)

Her er nokre glimt med små og store hendingar i året som gjekk, henta frå Sykkylvsbladet sitt rikholdige arkiv. Ved Arild Leikanger Aure.



Aure sentrum, handelsforeininga, lag og organisasjonar synte seg frå si beste side i juni, då Sykkylvsdagane vart arrangert. Sjølv vèrgudane var på arrangøren si side, og varta opp med strålende solskin. Men sjølv om det var sol ute, var det også eit variert program inne. Barnas kulturdag har blitt eit årvisst innslag på Sykkylvsdagane, der elevar frå alle barneskulane får syne fram litt av sine talent. (Foto: Åge Eikrem.)



Laksesesongen i begge dei store vassdraga i kommunen hadde eit godt besøk i år. Om ein er heldig eller dyktig når ein får på land ein nærare ti kilo tung laks i Aureelva, skal vere usagt. Men Ivar Hopen som fekk landa denne ruggen er langt frå berre heldig. Han har også kunnskapen som skal til for å få storfisken på kroken, slik han gjorde denne solskinsdagen i august. (Foto: Arild Leikanger Aure.)



Det er få som kjenner bygda betre enn dei dyktige tilsette ved Posten. Dei er innoom kvar ein veg og kvart eit hus fleire gongar i veka. Ein av dei som har hatt ei særskilt lang tenestetid i Posten er den alltid smilande og blide Ståle Eikrem. Men i slutten av september parkerte han postbilen sin, og gjekk over i pensjonistane sine rekkjer. (Foto: Stine Klevberg Tynes.)



Musikkfestdagane i september lokka små og store til ei scene anten på kulturhuset, i sentrum eller i kyrkja. Dei tre skulekorpsa i kommunen slo seg saman og arrangerte ein stor konsert på kulturhuset, der mellom andre Haakon Esplo deltok. Han fekk hjelp på scena av ein ung sjarmør som ikkje var sein å be når Haakon trengte hjelp frå ein frivillig. (Foto: Sekoya Ray Sjøli.)



Ungdomshuset Vaarvon i Straumgjerde har blitt den nye «konsertscena» i Sykkylven. Med artistar som mellom anna Jørn Hoel, Benny Borg og Unni Wilhelmsen har dei drege fulle hus gong på gong. Den intime stemninga på Vaarvon, samt gode vertskapet har gjort sitt til at både artistar og publikumarar trivst godt. Janne Svindseth og Camilla Tafjord var to av dei som møtte opp på konserten til Jørn Hoel i februar. (Foto: Arild Leikanger Aure.)



Per Svein Tandstad, fødd 1939, er pensjonert lærar, bonde, dirigent og musikar. Han er også sterkt nteressert i lokalhistorie og slektsforskning. Denne gongen har han fordjupa seg i dramatikken som utspela seg på Orknøyane etter drapet på Ragnvald Mørejarl.

Æresdrap og broderhemn

Av Per Svein Tandstad

Æresdrap og hemn pregar også den norske historia. Det viser denne kortversjonen av dei dramatiske hendingane i etterkant av drapet på Ragnvald Mørejarl for vel tusen år sidan. Parallellane til dagens Syria er mange, meiner artikkelforfattaren.

Ragnvald Mørejarl miste sonen sin Ivar i eit slag ved Orknøyane. Det var Harald Hårfagre som leia den norske hæren. Av sønene til Ragnvald Mørejarl var det frillesonen Einar som slo seg ned som jarl på Orknøyane. Han kunne å spa torv og lærte det vidare til folket der borte. Difor fekk han namnet Torv-Einar. Han var flink med pengar og samla seg opp ei formue etter kvart.

Jarledrap

På Møre skjedde det så den ulukka at to søner av Gunnhild og Eirik Blodøks brende inne og drap Ragnvald Mørejarl. Den eine sonen, Gudrød, sette seg bu i det mektige jarledømet til Ragnvald. Dette likte Harald Hårfagre ille og for opp til Møre med ein stor hær. Gudrød såg ikkje anna berging enn å gi seg over til kong Harald, som sende han ned til Agder-fylka. Dei var mykje mindre verd en jarledømmet til Ragnvald. Harald sette så Tore, son til Ragnvald, inn som jarl og gifte han med Ålov, dotter si. Seinare fekk ho namnet Årbot.

Den andre sonen til Eirik Blodøks, Halvdan Hålegg, flytta og kom reint uventa vest til Orknøyane. Han hadde med seg tre langskip, så Einar jarl hadde ikkje anna å gjere enn å flykte. Men han kom tilbake same hausten og kom då uventa på Halvdan. Det vart eit stutt slag og Halvdan og mennene hans flykta. Natta kom på, men straks det tok til å lysne for Einar og mennene hans rundt om på øya og drap menn som hadde flykta. Halvdan fann dei ikkje, men Einar såg noko som lea seg ute på Rinansøy. Dei rodde dit og fann Halvdan. Dette var han som hadde brent far til Einar inne. Derfor hemna han far sin slik: Han stakk sverdet i ryggrada og skar av alle ribbeina i ledda oppover. Så tok han ut lunga og skar av blodårane. Det vart kalla «å riste ørn».

15 kilo gull

Dette likte brørne til Halvdan ille og sa det var verd at dei skulle hemne det. Det vart då slik at kong Harald tykte han måtte ordne opp i denne saka. Kongen drog i hop ein stor hær og drog vest til Orknøyane med mange skip. Då kongen kom fram, gjekk det ordsendingar mellom kongen og jarlen. Dei tykte at dette kunne ordnast utan at det flaut mykje blod. Einar let kongen dømme i saka. Kongen dømde då Einar og alle under han til å betale mordet på Halvdan med 60 merker gull (15 kg.)

Bøndene tykte bota var for stor. Då baud Einar jarl bøndene at han skulle betale heile bota mot å få all odelen på øyane. Dette gjekk dei med på. Det kom godt med at Einar hadde levd sparsamt. Torv-Einar var jarl i mange år. Han var godt likt og styrte med visdom. Han døydd i 930.

Sonen Torfinn Hausakløyv vart Jarl etter Einar. Til Orknøyane kom det folk av alle slag frå Noreg. Det var som Island ein fristad. Her var det fred. Orknøyværingane tykte dommen til kong Harald Hårfagre var vel hard. Derfor var Eirik Blodøks og støttespelarane hans velkomne. To søner av Einar vart med hæren til Eirik Blodøks til England. I eit slag her fall dei begge to.

Hovudskallekløyvar

Torfinn Hausakløyv (hovudskallekløyvaren) fekk mange søner. Eldste sonen hans, Arnfinn, vart gift med dotter til Eirik Blodøks og kona Gunnhild. Ho heitte Ragnhild etter bestemora. Det viste seg at ho var mykje lik mora: herskesjuk, hatefull og med ei evne til å kunne påverke og drille menn til både det eine og det andre. Etter ei stund i ekteskap med Arnfinn vart ho lei av han og let han bli drepen.

Ho gifte seg så med de neste broren Håvard. Etter ei stund blei ho lei han óg. Og dermed vart også han drepen. Så gifte ho seg med den tredje av sønene, Ljot, som no hadde blitt jarl og ein stor hovding. Han vart drepen av broren Skule. Skottekongen hadde utrusta ein hær under hans kommando. I slaget mot broren Ljot tapte han og flykta med Ljot og mennene hans hakk i hel. I eit nytt slag på Kataness fall Skule. Ljot hadde seinare fleire slag mot skottane. I eit slag mot Margbjód (skotte) vart han sára og døydd seinare av skadane.

Dette er ein kort versjon av det Ragnhild hadde stelt i stand. Ho dreiv heile tida med intrigespel. Resultatet vart at fire brør vart drepane.

Torfinn Hausakløyv - Grelåd Dungadstr.

Arnfinn – Ragnhild Håvard Ragnhild Ljot – Ragnhild Skule(drepen av Ljot) Lodve

Lodve skulle no bli jarl, men han måtte flytte til Noreg, for Ragnhild hadde fått hjelp av brørne sine. Lodve var gift med Edna, dotter til irskekongen. Han fekk hjelp og jaga Ragnhild og Eirik-sønene vekk. Slik vart han jarl på Orknøyane i ti år (972 – 982). Hjelparane hans var Håkon jarl og irskekongen. Lodve døydd i sjukdom og sonen Sigurd vart jarl. Han fekk tilnamnet Digre og vart ein mektig jarl. Under Sigurd jarl fekk orknøyingane odelen sin tilbake: Det skjedde slik:

Sigurd var ein vidkjent krigar. Han førte krig mot både den eine og den andre. Til slutt minka hæren hans og pengane også. Skottane sin leiar, Skinnleik, kom no med ein stor hær og baud Sigurd til slag på Skidamyr til ein fastsett dag. Sigurd fekk problem med å få folk til å stride under seg. Høvetala mot skottehæren var 7: 1. Sigurd kom då på at å tilby orknøyingane at om dei stilte til slag, så skulle dei få tilbake odelen på bruka sine. Då dette vart gjort kjent, kom bøndene i hopetal – og Sigurd og mennene hans vann slaget.


Etter slaget sa orknøyingane at no fekk det vere nok med kriginga til Sigurd. Dessutan var statskassa tom. Sigurd Digre var jarl i 32 år. Riket hadde blitt mykje større, men folket var utarma, utmatta og leie av krig. Sigurd fall i eit slag ved Irland – og riket hans fall då i grus.

Kjelder:

Snorre Sturluson: Orknøysaga
Stefanus Kvalsvik: Slekthistorie



Teikning: Gerhard Munthe. Henta frå Snorre Sturlusons Kongesoger.



Teikning: Gerhard Munthe. Henta frå Snorre Sturlusons Kongesoger.



Guro Leirimo, fødd 1992, har studert økonomi og har hatt jobbar både som journalist, lærarvikar og i kommuneadministrasjonen. Ho er interessert i å lese og oppteken av historie. Ho likar også godt å skrive og er medlem av årbok-redaksjonen.

Omsorg utan om og men

Av Guro Leirimo

Det har skjedd store omveltingar sidan Sykkylven sjukeheim vart opna i 1973. Medarbeidarane har teke utfordringane på strak arm. Mange av dei har meir enn 40 års praksis frå institusjonen.

Sykkylven sjukeheim, starten på det vi no kallar BUAS, hadde driftsstart 3. april 1973. Byggjeleiar for prosjektet var Torbjørn Aasen og formannen i byggenemda var lensmann Erling Lillevik. Finansieringsplanen for prosjektet, som skulle koste 5.350.000 kroner, vart vedteke i kommunestyret 19. mai 1970. Seinare vart prisen oppjustert til 6 350 000 kroner, grunna feil prisar på utstyr.

Prosjektstart var faktisk ein månad for sein då arbeidet tok til 1. juli 1970. Våren 1973 stod bygninga likevel ferdig, med ei golvflate på 2800 kvadratmeter. Bygget hadde ei hovud- og ei sidefløy. Der fanst ti tomannsrom, tolv einerom og to firemannsrom i starten. Varmeanlegget hadde både elektrisk varme og oljefyring, og på pasientromma fanst uttak for både radio, telefon og tv. I tillegg var der mange andre nyttige rom, blant anna kjøle- og fryserom, terapirom og kapellrom. I matsalen fanst det plass for om lag 70 personar. Personalet utgjorde 25 - 30 stillingar i starten, av desse var om lag halvparten pleiarar. Elles fanst diverse administrative sjefar og assistentar, kjøkkenpersonell, vaktmeister og reinhaldarar. Oddbjørg Sæter Røe var første styraren.

Fylkeskommunal

Dei første åra låg alle sjukeheimar under fylkeskommunalt ansvar. Eit lokalt styre vart oppnemnd av fylkeskommunen, og styreformann var Kårstein Blindheim.

- Kommunane måtte vere pådrivarar for å bli økonomisk prioriterte. På denne tida var Øystein Eliassen ordførar i Sykkylven. Styret fekk tildelt eit budsjett frå fylkeskommunen, som vi måtte planlegge ut frå, fortel tidlegare styremedlem Karl Ramstad.

Det var framleis uvanleg med sjukeheimar på denne tida. Alternativet i Sykkylven var kvileheimen på Vik. Dei som var i endå dårlegare form heldt til i sjukeheimen på Stranda. Då det nye bygget i Sykkylven opna, kom fleire frå både Vik og Stranda flyttande. I byrjinga var det 12 pasientar frå Stranda og elles seks andre bebuarar som heldt til på sjukeheimen. På grunn av ekstra kapasitet, vart det teke inn folk frå andre kommunar i tillegg, blant anna Skodje, Ålesund, Ellingsøya, Haram og Ørskog. Problemet med alt for mange ledige plassar er ein interessant kontrast til dagens situasjon.

I 1980 vart aldersheimen på Vik stengd grunna brannfare. Då flytta bebuarane til trygdebustaden. Denne var eigentleg planlagt som trygdeleilegheiter for dei som ikkje trong like mykje hjelp, men vart no ei provisorisk løysing. To personar måtte dele leilegheit, den eine sov i stova og den andre i soverommet. I 1985 stod aldersheimen ferdig og då flytta dei vidare hit. Då desse bygga var ferdige, hadde sjukeheimen allereie blitt kommunen sitt ansvar. Det siste steget i bygget si utvikling var samanføyinga mellom dei eldre bygga, som i sin tur førte til at einingane vart kombinerte til det vi no kjenner som Sykkylven Bu- og aktivitetssenter.

Berre ungjenter

Då sjukeheimen opna, hadde mange unge, forventningsfulle innflyttarar fått arbeidsplass i bygda, og fann seg til rette i dei nye bustadene i Skogvegen. Her var det hovudsakeleg lærarar og hjelpe- og sjukepleiarar som vart busette og dette skapte eit nært miljø mellom kollegaene.

-Då vi kom hit, skulle Aasen hente oss for å vise fram våre nye bustadar, men då han kom til den avtalte møtestaden, reiste han sin veg. Han såg nemleg ikkje noko som likna på komande pleiersker, fortel Eldbjørg Fauske. Vi var berre ungjenter tidleg i tjuåra, forklarar ho.

Dei nyttilsette syntest sjukeheimen var flott, men det var ikkje flust av faglært arbeidskraft. Mange fekk permisjon for å ta utdanning, noko dei vart oppmoda til. Forholda var mindre på denne tida, med færre bebuarar og tilsette. Dette skapte eit nært samhald internt, og dei tilsette var svært stolte av yrket sitt.

- Vi kjende eigarskap til jobben, og hadde mykje moro saman, fortel Eldbjørg Fauske.

Sjølvmorgonen 17. mai møtte pleiarane opp lenge før vakta starta klokka sju. Dei ville nemleg rekke å stelle bebuarane før toget skulle kome forbi.

Bendixen

Tilsynslege Odd Røe Skogen reiste rundt jamt og hadde tilsyn på dei ulike sjukeheimane i fylket. Likevel var det mest stas når doktor Bendixen skulle kome på besøk. Då gjorde alle seg litt ekstra flid under morgonstellet. Både pleiersker og pasientar venta og gledde seg svært til besøket hans. Dei minnest at han alltid tok seg god tid og var høgt verdsett av dei eldre.

- Han prata om kvardagslege ting, lytta og tok seg tid til pasientane, fortel Reidun Ekornåsvåg.

- Bendixen hadde eige kontor på sjukeheimen, og han skaffa seg god oversikt over journalane før han besøkte pasientane, legg Martha Tynes til.

Før i tida var sjukeheimane meir ei avlastande hjelp for sjukehusa, og gjennomførte mange krevjande prosedyrar. Ved tragiske dødsulukker som tidvis hendte i bygda, kunne sjuke bilen kome hit med offera, då det fanst både stelle, pynte- og kjølerom på BUAS. Det var ikkje gravferdsbyrå i Sykkylven, så dei unge pleierskene måtte godta å stelle og pynte, deretter løfte tunge kister inn i skapa der dei døde vart oppbevarte. Elles fanst det eit realt skyljerom med rein sone og skitten sone, - til og med røykerom hadde sjukeheimen i ein lengre periode. Det fanst to damer som vaska på kvar av dei to avdelingane, frå måndag til laurdag. Berre ei kontordame var tilsett på sjukeheimen på denne tida, ho heitte Aud Aasen. Aud var dyktig og utførte mange ulike arbeidsoppgåver, blant anna brukte ho å handle inn matvarer.

Ein vaktmeister var tilsett på fulltid dei første åra. Dette gjorde det mogleg å vedlikehalde bygninga og uteområdet jamt. Han la sjela si i arbeidet, og var på jobb før pleierskene som starta vakta klokka sju. Då hadde han gjerne allereie spylt vegen utanfor bygninga, og til jul gjorde han seg flid med å bone golva.

- I dag er alt i ein større skala, meir splitta og med få ressursar. Det er stort fokus på sparing, kanskje er det derfor det er så vanskeleg å få tinga unnagjort på same måte som før, konstaterer damene.

Arbeidsstova

Arbeidsstova i kjellaren var populær tidlegare, og dei fleste ville gjerne dit når dei fekk sjansen. Dei laga mange fine ting som dei også selde. I dag er tilbodet meir tilrettelagt for folk i bygda – no kjent som Dagsenteret - men før var det bebuarane ved BUAS



Skyllerommet var i flittig bruk. Eldbjørg Fauske og Liv Ringseth skyller og skrubbar.



Pause måtte til mellom travle økter. Frå venstre Marit Bakkedal, Synnøve Longva, Reidun Ekornåsvåg og Ingebjørg Nilsen.

som brukte mykje tid her. I den første fasen til BUAS var altså det meste tett knytt saman. Sjølvve rominndelinga i bygget var annleis enn no med fellesrom for både fire og to personar. Desse var gjerne skilde med ein liten gang inn til neste rom, slik at tre personar delte bad og toalett. Planløysinga gav lite privatliv, men pasientane opplevde likevel ein fellesskap med romkameratane. Når nokon var borte, vart dei gjerne sakna av dei dei hadde budd saman med.

I dag set pasientane stor pris på fellesskapen, og samlar seg gjerne i gangen der dei har god utsikt til alt som skjer utanfor dei store vindauge. Likevel set dei pris på å kunne trekkje seg tilbake på eigne rom. Det kunne bebuarane ikkje gjere før i tida.

Rapportboka

- Eg gløymer ikkje rapportboka! Den låg alltid på vaktrommet, ei bok med stiv perm der vi noterte nokre linjer manuelt etter kvar vakt, seier Ingebjørg Nilsen. I tillegg hadde dei ein perm med laboratorieark, samt kurver og ein Cardex – men det var alt! Det går nesten ikkje an å samanlikne rapportskrivinga frå denne tida med dagens mengder av dokument og tallause ringpermar.

- Vi noterte helst meir når noko spesielt hadde hendt. Det gjekk med mykje kortare tid til rapportering og dokumentasjon då enn no, fortel Anne Settemsdal.

Fordelinga av vakter var ganske annleis for nokre år sidan. Med tre personar på vakt, kunne dei jobbe skift på heile tolv timar. Dei kunne og ha delte vakter med arbeidstid frå sju om morgonen til klokka 13, før ein tre timer lang pause. Deretter venta ei ny arbeidsøkt på tre timar. Dette vart gjort for å utnytte arbeidskrafta der det var behov. Dei tidlege ettermiddagstimane var nokså rolege.

- Dei av oss som ikkje hadde familie, brukte fritimane på berga på Haugneset når det var fint vær, fortel Eldbjørg Fauske. Dei gjekk helst ikkje heim for å kvile. Då var det tyngre å kome i gong med siste arbeidsøkta.

- Vi arbeidde anna kvar helg i ein lang periode, og hadde vakt frå klokka 11 - 19, fortel Ingebjørg Nilsen. Dei fem damene er samde om at yrkesstoltheita stod høgt i kurs på denne tida. Ingen klaga på vaktfordeling, som kanskje ville vore mindre aktuelt i dag.

- Tempoet var annleis, og kvardagen kjendest mindre travel. Det var mindre forhold. Alt skjer i ein større skala i dag, seier Reidun Ekornåsvåg.

Liggesår

Likevel er dei samde om at svært mange av endringane som har skjedd, er positive. Mengda tilgjengelege hjelpemiddel har auka drastisk, og kvaliteten på alt frå bleier til madrassar er mykje høgare. Det er færre tunge løft for pleiarane, og meir behageleg for bebuarane.

- Pasientane har ikkje liggesår lengre. No går det luftstrauumar gjennom madrassane og stolane, der vi før måtte bruke lufringar som vi fylte med vatn for å avlaste kroppsvekta til pasientane, forklarar Ingebjørg Nilsen.

Sjolv sprøytene måtte i periodar vaskast og brukast fleire gongar, på lik linje med metallbekken og spyttekoppar. Det fanst to vaskefat i nattbordet til pasientane. Dei gjennomgjekk grundig rens i kokaren ein gong i veka.

Ei stor utvikling skjedde då dei fekk heis å hjelpe seg med dei tyngste løfta. Sjølv om det tok tid å lære rett bruk, vart denne hjelpa høgt verdsett. Kvaliteten og mengda hjelpemiddel har auka kontinuerleg i seinare tid, noko dei ser svært positivt på.



Rapportskriving måtte ikkje forsømmast. Frå venstre Gerd Hjelset, Bodil Rønneberg, Berit Hopen, Ingebjørg Nilsen og ei ukjent.

Arbeidsoppgåvene var også ganske annleis før. I dag skal det meste ha praktiske løysingar og gjerast raskt på grunn av stadig sterkare tidspress. Før i tida måtte tøyet ligge pent med teljekantar i lintøyrommet, og ein måtte halde tommelen rett i bretten for at lakena skulle reias på riktig måte. Rosebukettar vart sette til kjøling om natta, og delte ut att neste morgon, slik at dei skulle vare lengre. I dag brukar ein heller enkle stretchlaken, og dei grøne plantane på BUAS er stort sett kunstige.

Moro

Mellom arbeidsøktene fans det likevel rom for mykje moro blant dei tilsette. Ein gong rapporterte nattevakta om ein ustabil pasient som var komen inn i løpet av dei siste timane. Dei som gjekk på vakt klokka sju måtte difor vere stille, då denne personen - som var plassert på badet - skulle ha ro, og ikkje forstyrrast før tidlegast klokka ni. Då dei til slutt våga seg inn for å sjekke, låg der ingen pasient. Forvirring oppstod før dei innsåg at det var 1. april – ein vellukka aprilsnarr!

Sjolv tilfeldigheiter kunne skape situasjonar som i ettertid har vorte latterfylte minner. -Vi skulle vaske inne på isolatrommet, som var lydisolert og hadde godt stengde vindauge. Plutseleg gjekk nokon forbi utanfor og låste døra bak oss. Med eitt var eg og Gunvor Nybø innelåst på isolat, fortel Martha Tynes.

Ein annan gong skulle Martha Tynes på butikken for å kjøpe «Twist» til ein av bebuarane. Då ho kom tilbake med ein pose Twist, forstod han ingenting. Det var jo Oliver Twist skråtobakk han ville ha!

- Nokre pasientar gløymer vi aldri. Til dømes hadde vi to damer frå same grend, dei brukte artige uttrykk som vi pleiarane til slutt begynte å bruke. Ord som *kjormelse*, *pistelense* og *å ha fått eit måt*, minnst Eldbjørg Fauske.

- Ei anna kvinne brukte å løyse kryssord, og vi hjelte henne med dette. Ein dag hadde ho streva lenge med eit uttrykk, og plutseleg ringte ho etter oss. Vi gjekk inn på rommet hennar i tilfelle ho trong hjelp, då kunne ho svært nøgd fortelje at ho hadde funne ut av det mystiske ordet, fortel damene.

Luringar

Enkelte er ekte luringar som finn på sprell heile livet. Småtjuveri av godsaker eller rømmingsturar til mørkeloftet kunne skje rett som det var. Ein gong skulle Ingebjørg servere kaffi og kaker åleine. Då ho kom ut frå eit rom, stod serveringstralla tom i gangen. Like i nærleiken fann ho ein kar med fulle lommer som hadde forsynt seg fritt av



Dei unge pleierskene nyt finevêret på 17. mai. Frå venstre Ingebjørg Nilsen, Oddbjørg Tusvik, Åse Marie Vartdal og Synnøve Ramstad.

søtsakene. Tilsvarende skjedde då Reidun var på seinvakt ein laurdag. Vi sette frå oss smørbrødfatet vi hadde laga klart, og skulle stelle ein pasient. Då vi returnerte, hadde nokon tømt fatet, fortel ho.

Det var færre demente i pasientgruppa før enn i dag, men enkeltindivid skapte minneverdige opplevingar. Ein mann dei leita etter i alle rom, var fullstendig borte vekk. Til slutt gjekk dei opp til mørkeloftet, som var overfylt av vinterklede som var pakka vekk for sesongen. Plutseleg kunne ein skimte nokre føter som lea på seg, og der stod mannen gøymd mellom nokre klesstativ. I dag er det kodelås på mørkeloftet for å unngå tilsvarende opplevingar, då det er lett å trykke feil knapp i heisa. Ei forkava ålesundsdame skulle stadig bort i Kipervikgata, meinte ho. Eg måtte hoppe på sykkelkelen då vi oppdaga at ho var vekk, og fann ho att nede i sentrum, fortel Eldbjørg Fauske.

Mat på brett

Men det er fleire enn gode pasientar som har skapt varme minne for dei tilsette ved BUAS.

- Aldri gløymer vi ei pårørende kvinne, Inger Ludviksen Drabløs heiter ho. Kvar laurdag kom ho med ei god og varm, nybaka kake til oss. Det sette vi så stor pris på, fortel Ingebjørg Nilsen.

Mat er ein viktig del av kvardagen gjennom heile livet, og i sjukeheimen si startfase fekk alle pasientane servert middag i den felles matsalen, som i dag er Jettegryta. - Maten kom ferdige på brett i store serveringsvogner, merka med pasientnummer og kort, fortel Ingebjørg Nilsen. Deira jobb var å frakte bretta til rett pasient. Vi pleiemedarbeidarane og pårørende fekk kjøpe middag. Eg minnest at middagen kosta 12 kroner, fortel Martha Tynes. I seinare år har ulike løysingar for maten vorte brukt, både halvfabrikat og ein meir heimelaga variant av middag. No er ein på veg tilbake mot sistnemnte alternativ, noko mange er nøgde med.

Tidlegare fanst det eitt badekar i kvar etasje, noko som var uvant for fleire av pasientane. Dei var vane med vaskefata sine.

- Ein av pasientane ville absolutt ikkje bade, han meinte at vaskefatet var godt nok. Då eg spurte om han ikkje ville vaske føtene sine, var svaret at han brukte å berre snu sokkane på vranga iblant! Om det var spøk eller alvor veit eg ikkje - men vi vaska jo pasientane godt, fortel Eldbjørg Fauske.

Stell av hår var og eit viktig tema for mange. I dag er den mest vanlege frisyren kort hår og permanent, men før i tida hadde dei fleste damene som budde på sjukeheimen langt hår. Dette skulle flettast og setjast opp, noko som tok si tid! Men det var ikkje berre kvinnene som stilte krav, ein mannleg bebruar var fast bestemt på at han skulle ikkje til frisøren med det vesle håret han hadde att. Berre Eldbjørg skulle få klippe han!

Sjølv på klesfronten måtte pleierane trå til. Dei lånte crimplene-kjolar i store posar frå klesforretninga til Mokken, til glede for bebruarane som fekk prøve og velje frå dei ulike kleda.

Også pleiarane sine uniformer har endra seg mykje gjennom tidene. Forkle med strip-

er og hette på hovudet var vanleg. Fasongen på hetta signaliserte kvar pleieren hadde gått skule.

- Det var greitt å setje hetta på hovudet, så vart ein pen uansett kor bustete håret var, fortel damene. I periodar var lårkort på moten, noko ein kunne sjå ut frå frakkkelengda til pleierskene.

Det var viktig å bruke rette titlar. Hjelpepleiarane kunne tidvis kjenne på den hierarkiske strukturen i yrkeslivet og dei minnest namneskilta. Settemsdal, som var sjukepleiar, vart titulert «søster» medan hjelpepleiarane, som hadde eittårig utdanning frå til dømes Volda eller Stranda, vart kalla «frøken». Uavhengig av tittel fekk alle mykje ansvar i sitt arbeid på sjukeheimen. Erfaringa dei hadde frå tidlegare jobbar og praksis på sjukehus og andre institusjonar var til god nytte når rutinar og system skulle setjast i verk.

Både lokala og kvardagen på BUAS har gjennomgått enorme endringar gjennom dei siste fire tiåra. Det heile har skjedd gjennom gradvis vekst. Fleire tenestetilbod har vakse fram, tilbod om fotpleie og frisør blir sett pris på av mange. Dette gjeld og høvet til privatliv på eige rom, kombinert med sosial omgang og diverse underhaldning i fellesareala. Andakta er framleis like populær som før i tida, og ofte kjem ulike kulturelle grupper på besøk til BUAS. Det ligg mange artige historier og gode minne i bygningane som stegvis vaks fram, og det blir spennande å sjå korleis den vidare utviklinga vil verte.



Uteområdet ved nye sjukeheimen var flott laga til!

Smedane frå Bjørneviksmia

Av Asgeir Kvernberg



Asgeir Kvernberg, fødd 1952, har vore lærar i Ørskog, aktiv i Storfjordens Venner, m.a. leiar, ansvarleg for restaureringa av Bjørneviksmia og dugnadsarbeidar på Ytste Skotet. Interessert i lokalhistorie og ivrig formidlar av grindbyggtradisjonen gjennom kurs og bygging.

«Alt er mulig å få til, det tek berre litt lenger tid», brukte Svenn Bjørnevik å seie. Og i smia i Bjørnevika på Furstranda fekk han det til.

Kunsten å smi hadde Bjørnevik-karane med seg frå Kjellstad i Sunnylven då slekta kom til Furstranda og tok over Bjørnevika i 1863. Det var Martinus Kjellstad (1820-1898) som kjøpte bruket i 1863, etter å ha leigd det i nokre år. Han var utdanna smed og børsemakar. Læretida si hadde han på Kongsberg og fekk sveinebrev der. Sveinestykket hans var ein stillbar gjengetapp. Etter det arbeidde han som børsemakar for Oscar II i Stockholm.

Furstranda

Før han var 30 år gammal gifta han seg med Marte Langeland og dei fekk tre gutar. Dei fekk høyre at det var to ledige gardsbruk i Sykkylven, den eine garden var Bjørnevika, som hadde vore vanstelt med dårlege hus. Forrige brukar måtte gå frå garden, og fekk seg ein plass lenger ute. Denne plassen ber namnet hans den dag i dag, Akselvika. Bjørnevika låg sentralt til i høve ferdsel på fjorden, og Martinus slo seg ned her. Det tyder på at han alt då hadde tankar om å bygge smie.



Støypeformer, skorne ut i tre, som vart lagt ned i ein spesiell sand. I avtrykket som desse formene etterlet seg, støypte dei metallgjenstandar som tannhjul, bismarlodd og beltespenne. Frå Bjørneviksmia. Foto: Storfjordens Venner.



Bjørneviksmia slik ho ser ut i dag. Her har mange dyktige smedar hatt sitt arbeid. Foto: Storfjordens Venner.

Før han bygde, hadde han smistaden sitt i eine enden av stovehuset. Han såg at dette gav ei viktig inntekt ved sida av gardsdrifta. Truleg bygde han smia alt i 1860, før han fekk skøyte på garden. Smia hadde eitt rom, fem meter breitt og om lag sju meter langt, vart bygd i stein og betong med jordgolv. Smia vart innreidd med doble belgar så det kunne arbeide fleire mann der. Mange av oppdraga fekk han frå folk som budde lenger inne i fjorden. Når dei var på bytur, hadde dei gjerne med seg reiskap som skulle reparerast, endrast, eller dei hadde bestilling på noko nytt. På veg utover var dei innom Bjørnevika med oppdraget. Etter byturen henta dei det ferdige arbeidet. Enno viser merke etter fortøyningsboltane i berget nedanfor smia.

Sonen Amund (1849-1946) var fødd i Sunnylven, og vart smed og børsemakar som faren. Han arbeidde også i smia, og tok etter kvart over gardsdrifta. I 1876 gifta han seg med Anne Ullavik (Svarstad). Dei fekk ni born. Nokre utvandra til Amerika og dreiv som smedar og mekanikarar i Seattle-området. Der er det til og med ein veg som er oppkalla etter Kjellstad/Bjørnevik-slekta, Kjellstad Road. Andre var aktivt med i utviklinga av industrien i Brattvåg og etablerte Bjørneviks mekaniske verkstad.

Smijarn og tre

Svenn (1877-1962), son til Amund og Anne, lærde seg til smed, mekanikar og treskjerar. Han tok over drifta av garden og smia. Svenn var ein særskild treskjerar. Han brukte bjørk eller andre treslag frå garden og skar ut mellom anna møblar, bilderammer og mange støypeformer som til dømes tannhjul, bismarlodd, beltespenner og delar til vribare propellar. Dette vart støypt i messing i smia. Formene vart lagt ned i ein spesiell sand i ei lita trekasse. I avtrykket støypte dei ting i messing. Mest kjend som treskjerar er han nok for dei tre store golvklokkene han skar ut frå 1933 og fram til krigen.

Svenn har også laga smijarnsarbeidet på altarringen i Volda kyrkje. Han var svært netthendt. Då han monterte ein Jappmotor i ein færing, laga han aksling og vribar propell sjølv.

Etter at Martinus døydde, utvida Amund og Svenn smia med eitt rom, bygd i stein og betong. Det var i 1900, og smia vart då 10,5 meter lang og 5,1 meter brei. Smistaden med dei doble belgane vart flytta inn i det nye rommet. Det andre rommet vart ein svært godt utstyrt verkstad. Det vart plass til fleire mann i arbeid. På det meste var der opp til ti mann.



Bjørneviksmia er kanskje mest kjend for Bjørnevik-greivet som er prototypen for alle grev i handelen i dag.

Foto: Asgeir Kvernberg

Dei tre personane på eine bildet er Rolf Saure (til venstre), Sigmund Bjørnevik og Asgeir Kvernberg. Dei står i smia og held den vribare propellen med aksling som Svern Bjørnevik støypte og monterte i ein færing.

Foto: Storfjordens Venner.



Smedane i Bjørneviksmia kunne skrive ut lærebrev, og hadde gjerne tre - fire læregutar i sving. Smia hadde sin mest aktive periode 1880 til 1920. Dei laga alt av jarn- og metallutstyr som trongs på ein gard. Dørlåsar, hengsler, økser, plogar, ljaar, bismarar, reveglefser, størjeskutel, utvendige trapperekkverk og «alt mogeleg» anna. I ettertid er dei kanskje mest kjent for Bjørnevik-greivet, som er prototypen for alle grev i handelen i dag.

Børsemakar

Børsemaking med ombygging av børser var ein stor aktivitet. Børseløpa vart bora opp og rifla på nytt med ei spesiell boremaskin. Då måtte løpet varmast, Når det hadde ein kirsebærraud farge, kunne det riflast. Andre børser vart ombygde og fekk nytt løp. Dei gamle børseløpa vart tatt vare på, og nytta til gardstolpar. I Bjørnevik stod det ein bøgard frå sjøen ved Skjervika, opp bakkane og forbi vegen ved Stokkestien. Det kunne vere 60 - 70 børseløp i alt. I dag er alle desse vekke.

Alle børsene skulle prøveskyttast og godkjennast. Amund, son til Martinus, var den store prøveskyttaren av våpen som var ferdigstilte i smia. All skyting skulle gå føre seg ståande, for frihand, med fem fulltreffande skot. Amund var ein liten og lett kar, men vart sett på som ein fenomenal skyttar.

Historia fortel om ein gong Martinus hadde ferdigstilt eit våpen, og Amund skulle teste det. Avstanden vart nøye oppmålt med 100 alner (ca 63 meter), og dei leita fram "blinken" – ein konge frå ein kortstokk, og sette den opp. Amund gjorde seg klar til å fyre av dei fem obligatoriske skota. Han tok oppstilling og la an børsa. Det small kraftig fem gongar, og karane gjekk fram til kongen frå kortstokken. Då såg dei at kongen hadde fire skot i hjartet og det siste delte sverdet han heldt i høgre hand i to, og laga ein halvsirkel i kanten på kortet. «Nei, denne børsa er ikkje god nok, ho må borast oppatt», sa Martinus. Som sagt, så gjort. Den neste prøveskytinga gjekk føre seg på same måte – no sat alle fem skota i rett posisjon, og børsa var klar til levering.

I dag er det Sigmund Bjørnevik som eig Bjørneviksmia. I samarbeid med Storfjordens Venner er handverkar Per Kjell Holtleite frå Stordal i gang med ei omfattande restaurering av smia. Målet er at ho skal bli funksjonell igjen. Utstyret skal ordnast og det blir ei lita utstilling inne i smia. Rolf Saure frå Stranda skal hjelpe til med å organisere alt utstyret og lage ei informativ utstilling.

Kjelder:

Harald Kjølås: Storfjordens Venner, kalender 1997, 2008, 2015

Martin Gjøvenes: Gardssoga for Sykkylven IV

Panteregeister for Nordre Sunnmøre sorenskriveri, Ørskog, Sykkylven tinglag 1736-1954

Sigmund Bjørnevik og Harald Sandvik, munnlege kjelder

Songleik, glede og vennskap

Av Wenche Espe og Per Arne Grebstad

Den 20. desember 2016 er det hundre år sidan Petra Brudevold vart fødd. Ho fekk seg ein plass i hjartet hos mange. I år etter år instruerte og inspirerte ho leikarringen i Sykkylven frilynde ungdomslag. Med lette steg og røyst tok ho heile ringen med seg i songleiken.

Så er det naturleg å markere dette jubileet med nokre glimt frå historia om leikarringen som framleis møter til øving ein gong i veka på kulturhuset. Første leikvollen var Kapralkvitla ved elva, der helikopterlandingsplassen er i dag. Dei dansa rundt den store bjørka som den gongen, i 1908, truleg ikkje var så stor. I 1912 stod det prektige ungdomshuset Valhall ferdig og då hadde dei hus heile året. I 1919 kjøpte ungdomslaget halve teglverktomta til stemneplass. Det er stadion i dag.

Den frilynde ungdomsrørsla stod sterkt på Sunnmøre. Helga 26. og 27. juni 1926 kom her 7000 tilreisande for å vere med på stemnet. Klara Semb, ho som overtok etter Hulda Garborg, hadde folkeviseleiken på Valhall og kongsbonde Joanus Paturson frå Kyrkjebø på Færøyane var ein av talarane. Mange har sett på TV korleis kongen vår dansa på Kyrkjebø.

Høgdepunktet i historia om leikarringen er utan tvil turen til Danmark i 1950. Wenche Espe har saman med mor si, Oddbjørg Aarhuus, bladd i familiealbumet og funne fram bilde som dei deler med oss. Faren Vebjørn var ikkje berre formann i ringen, men dei gifte seg same året.

Så kan bilda fortelje resten. Oddbjørg Aarhuus har til og med teke ned frå veggen i stova bildet som fotograf Lyshol tok før turen til Danmark. Henrik Straumsheim var reiseleiar og spelemann.



Wenche Espe, fødd 1952, arbeider i resepsjonen hos Ekornes.



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er frå Kapralgarden på Aure og er tidlegare lærar. Han er historieinteressert og ein habil fotograf.

Leikarringen frå Sykkylven vart invitert til å danse på Åndalsnes Hotell og bildet dei tok er frå rundt 1950. Framme frå venstre Jorunn Welle, (seinare Svindseth), Oddbjørg Aarhuus, (seinare Sjøstad). Bak Hjalmar Slinning, Sigmund Bakke, hotellvertinna, Vebjørn Aarhuus og Norvald Sjøstad. Foto utlånt av familien Aarhuus



Sykkylven Leikarring 1950. Bildet er teke før dei skulle reise til Danmark. Dei vitja Randers, Hadsten og Galten på Jylland. Dansarane frå Danmark var på gjenvissitt i Sykkylven året etter og hadde oppvising både i Sykkylven og Ålesund. Framme frå venstre: Karen Opsvik, Annlaug Eliassen (gift med Leif Grebstad), Oddny Vik (gift Heggdal). 2. rekkje: Petra Brudevoll, Sylveig Klock (gift Skurtveit), Jorunn Welle (gift Svindseth) Henrik Straumsheim, Norun Vik (gift Eliassen) Anna Brudevoll og Oddbjørg Aarhuus. 3.rekkje: Olgar Grebstad, Normann Abelseth, Norvald Sjøstad, Hjalmar Slinning, Louis Aure og Vebjørn Aarhuus. 4. rekkje: Sigmund Bakke, Leif Parr, Kjetil Vik, Rasmus (ukjent etternamn) og Leif Grebstad. Foto utlånt av familien Aarhuus.

Danseoppvising i samband med fotballkamp på Aksla stadion i Ålesund. Foto utlånt av familien Aarhuus.



Dansarar frå Sykkylven og Spjelkavik på stemne i Trondheim. Dei leigde båten Brattvaag, På denne turen reiste fleire frå Sykkylven ungdomslag til Stiklestad for å avduke støtta på grava til Jostein Blomberg, som fall der under krigen. Foto utlånt av familien Aarhuus.



Leikarringen frå Sykkylven vart invitert til å danse på Åndalsnes Hotell og bildet dei tok er frå rundt 1950. Foto utlånt av familien Aarhuus.

Bussulykka i Tynesstranda – eit femtiårsminne

Av Kjetil Tandstad



Kjetil Tandstad, fødd 1950, er tidlegare journalist og no avdelingsleiar for Møbelmuseet i Sykkylven. Han var sjølv med på bussulukka i Tynesstranda.

To ungdomsskuleelevar vart drepne og mange skadde då ein skulebuss køyrde av vegen i Tynesstranda i 1966.

Laurdag 3. september var det stor stemning i skulebussen til Straumgjerde. Den sjette skuledagen i veka var over. Helga stod for døra. Dei fire grøne skulebussane frå Stranda og Sykkylven Billag vart fylte opp av skuleelevar frå 7., 8. og 9. klasse ved ungdomsskulen for å ta fatt den lange vegen mot Velledalen og rundt fjorden til Sørestranda og Hundeidvik. Blant dei rundt 30 elevane som var passasjerar, var det som vanleg eit lykkeleg lurveleven. Storøygde sjuandeklassingar, med berre nokre vekers fartstid på den nye skulen, lytta imponerte til dei store gutane bak i bussen som kunne skryte av sin erfaringar og sine forventningar til laurdagskvelden.

Svak vegkant

Alt var som vanleg då bussane køyrde etter kvarandre langs riksvegen innover Tynesstranda. Ein møtande personbil køyrde til sides og stoppa. Tre bussar passerte utan vanskar. Men då den fjerde bussen kom, rakna torva og som heldt vegen og veggrusen på plass.

I eit andelaust sekund som kjendest ut som eit minutt, seig den over på sida. Ei stund verka det ut som den skulle stanse, men så slitna vegbarden heilt. Hjula på høgre sida gjekk rett igjennom. Eit stort skrik fylte bussen då bussen tippa over. Eit nytt andelaust sekund gjekk medan bussen tapte fart og det nesten verka som den ville leggje seg til ro på sida. Men så rulla den vidare, først over på taket, så rundt på hjula igjen og så over på sida ein gong til. Det kjendest som i sakte film. Etter å ha rulla rundt halvannan gong, stoppa bussen mot noko kratt og ei bjørk nokre meter frå fjøresteinane 15 – 20 meter nedanfor riksvegen. Hadde ikkje desse hindringane vore der, hadde bussen rulla ut i den brådjupe fjorden.

Det kunne altså ha gått endå verre. Men ei forferdeleg katastrofe var det like fullt. På den ville ferda vart 13-åringane Terje Tandstad og Harald Hjorthol slengde ut og klemde til døde under den rullande bussen. Fem ungdommar vart sende til sjukehuset i Ålesund, fleire av dei alvorleg skadde. For 14 år gamle Gudrid Tandstad stod det om livet. Ho hadde fått store indre skadar og skulle få varig mein av ulukka.

Tok kommandoen

Lensmannsbetjent Erling Lillevik hadde tilfeldigvis kome forbi like etter at ulukka hadde skjedd og kunne ta kommandoen på ulukkestaden. Då han kom til, var alt uhyggeleg stille i ulykkesbussen. Så braut det ut eit vilt kaos med skriking og uhyggelege scener. Dei fleste var oppskrapte og blødde sterkt, men nesten alle kom seg ut av bussen med eiga hjelp, fortalde han til Sunnmørsposten.

Det same minnest fleire av dei som var med på ulukka. I eit lite augneblink var det uverkeleg stilt. Så braut panikken ut. Det var skrik og jamring medan borna fortvila leita etter utgangar frå bussen. Dei klatra ut gjennom siderutene, som hadde ramla ut, aka seg nedover utsida av bussen og hoppa ned på fast grunn. Så storma dei oppover den bratte skråninga, blodige og redde, minnest fleire av dei som var med på ulukka. Lensmannsbetjent Lillevik fekk varsla dr. Albrechtsen, som kom til og organiserte red-

ningsarbeidet. To jenter og tre gutar vart sende til Ålesund sjukehus. I tillegg til sjuke bilen, vart folk som kom i privatbilar rekvirert og sende til sjukehuset med dei hardast skadde. Dei køyrde fort og brukte hornet. Dei andre elevane vart frakta til legekantoret i Sykkylven og fekk medisinsk tilsyn der. Dr. Bendixen, den faste legen i Sykkylven, var i Oslo. Han reiste heimover med første fly for å hjelpe til med å ta seg av dei skadde.

Svake vegkantar

Jan Rokset (11) og Roar Tynes (14) hadde nettopp gått av bussen då dei høyrde ein høyrde uvan lyd. Dei trudde første det var ein kollisjon, men så såg dei at skulebussen hadde rulla utfor vegen, fortalde dei til Sunnmørsposten. Folk i bilar som kom til, strøymde til for å hjelpe. Etter kvart breidde også ryktet seg til foreldre og pårørende. Nokre av dei som budde nærast, kom springande. Lensmannsbetjenten måtte dirigere trafikken forbi og skilje dei skadde og pårørende frå dei skodelystne, som også samla seg og skapte bilkø.

Den unge sjåføren tok det tungt. Han hadde fått buss-sertifikat berre eit halvt år før. Men i følgje avisa var det ingen som klandra sjåføren for ulukka. Sunnmørsposten kunne fortelje at bussen hadde svært låg fart då ulykka skjedde. Hjulspora viste hjula hadde vore ein halv meter frå vegkanten. Vegstikkene var derimot plassert heilt ytst på vegbarden. Men vegkanten var berre lausgrus, fortalde avisa.

Dagen etter følgde avisa opp med eit intervju med vegsjef Torvik i Statens vegvesen. Svake kantar er eit problem på mange gamle vegar i fylket, vedgjekk han. Trafikk med tunge bilar pressar vegkantane utover den delen av vegen som er fundamentert. Brått kan dei gi etter – det er eitt slag trøttleiksbrot, uttalte han.

Då Sykkylvsbladet kom ut fem dagar seinare, 8. september, hadde avisa fått tid til å tenkje over årsaka. «Den svake vegkanten må ta skulda for denne forferdelege ulykka. Det er nok diverre slik at utbygginga av vegane i den seinare tid, ikkje har stått i forhold til den store utviklinga i trafikken» heitte det i artikkelen.

Folkekrav

Redaktør Leif Ramstad brukte ikkje krigstypar og mange ord til å fortelje om ulukka. Det var det ikkje nausynt. Dette snakka heile bygda om. Torsdag 22. september kunne avisa melde at kommunestyret også hadde drøfta den dårlege vegstandarden. Det vart samrøystes vedteke å sende eit skriv til vegsjefen i Møre og Romsdal med oppmoding om at dei farlegaste vegstykkane måtte bli utbetra. I brevet, som vart skrive av ordførar Arnold Weiberg-Aurdal, heitte det at det var eit folkekrav at det snarast måtte gjerast noko for å utbetre fylkesvegen gjennom Sykkylven. I ordskiftet om brevet var det eit krav at dei farlege vegpartia frå Tynes og innover måtte prioriterast.

Det var jo dårlege vegkantar i heile kommunen, Tynesstranda, over bøane på Lade, Riksheim og Erstad. Vi har jo nokre av dei enno, på Sørestranda, seier Magne Berge, som arbeidde i «Billaget» det meste av sitt liv. Akkurat dette året køyrde han lastebil for Haugset. Men han heldt kontakten med sjåførane i Stranda og Sykkylven Billag og han minnest vel at ulukka gjekk hardt inn på alle involverte.



Oppslaget i Sunnmørsposten første avisdag etter ulukka i Tynesstranda 5. september 1966.



Roald Solheim, fødd 1946, er pensjonert lektor og bur i Hundeidvik. Han har gjort ein stor innsats for å spreie kunnskap om lokal historie i heimekrinsen. Han har vore redaktør i Årboka i ei årrekke og har levert både artiklar og dikt til spaltene gjennom mange år.

Kornhesjing på Kjemphol

Av Roald Solheim

Den kulturinteresserte bonden Terje Haugseth sådde, etter ønske frå Hundeidvik Historielag, ein rimeleg stor åker med havre våren 2016. Etter kvart kom det korn på nye strå.

Om hausten skulle grøda skjerast. Dagen starta med sur gråskodde og rått plaskregn. Men så kvarv skyene, og solskiva stakk fram. På ettermiddagen var det lunt og triveleg på Kjemphol både for verten, havren og dei frammøtte. Frå Sunnmøre Museum møtte konservator Eldar Høidal. Fotograf var Hallvard Sandvik. Astrid Aure spanderte kaffi og nybaka eplekake. Som spesielt sakkunnige hadde vi med oss dei to syskena Dagny Hovden Vedvik og Knut Hovden. Dei var begge med på skurdonna på heimegarden Hovden i Hundeidvik - både før, under og ei tid etter den andre verdskrigen.

Tilfanget til ei trehes vart ofte kalla hesjeved, fortel Knut Hovden. Hesjeved er eit samlenamn for dei loddrette staurane, dei vassbeine trodene, slettskurene (eller snedskurene), klyftaskurene og hesbanda. Det var ein viktig ressurs for eit gardsbruk å ha tilgang på skog som kunne nyttast til hesjeved. Dette varierte frå bruk til bruk, og frå bygd til bygd. Bonden måtte bruke den skogen han hadde. Hesjeveden burde helst hoggast om vinteren, og avberkast heilt. Etter at skurdonna var over, burde hesa løysast ned og tilfanget lagrast under tett tak i eit tordeskyle.

Staurane

Ordet finn vi i norrønt: staurr og i germansk staura. Ordet tyder eit ungt treemne som var kvesst i tjukkenden. Beste treslaget til staur var rettvaksen eine. Einen er seig og særleg motstandsdyktig mot rote. Men ung fure, gran og om lag all lauvved vart også nytta, fortel Knut. Ringaste hesjeveden er den som er laga av gråor. Dette treslaget rotnar rimeleg fort. I begge endane av hesa skulle der vere ein ekstra kraftig staur. Denne stauren vart kalla endestaur. Staurane måtte som nemnt vere kvesste med øksa i tjukkenden. Denne enden skulle ned i staurholet som bonden laga i jorda med eitt spett (jarnstaur). Stauren i kornhesa kunne med fordel vere kvesst i toppen også. Enkelte stader laga dei bål og svei staurane i tjukkenden. Staurar som var svidde, var meir motstandsdyktige mot rote enn dei som ikkje var det.

Trodene

Knut fortel at dei vassrette stengene som går mellom dei loddrette staurane vart kalla troder. Vi har same uttrykket i fisketrode. Trodene kunne lagast av same tresort som staurane. Men trodene var ofte monaleg lenger enn staurane - gjerne over to famner. Knut er bygningsmann. Vi kallar også takborda over sperrene for tro. Å legge tro på taket kallar vi å trø taket. Kan det tenkjast at dei i urgammal tid festa tynne og sterke troder på taket som grunnlag for taktekke av halm eller takrør (Phragmites communis)?

Skurer

Snedskurene eller slettskurene hadde ikkje klyft i toppen, og var lette å finne emne til. Snedskurene kan vere laga som staurane, men er noko lenger, om lag 2,5 meter. Klyftaskurene har, som namnet seier, ei klyft i toppen. Det gjeld å finne emne der stammen kløyver seg i to i toppen. Skurene skal kvessast i rotenden. Nesten alle treslag kan brukast til skurer. Ved kvar ende av hesa skal det vere eit skurepar (ei snedskure og ei klyftaskure) som støttar kvarandre og er surra saman i toppen mot endestauren og øvste troda.

Skurene skal vere festa i bakken eit høveleg stykke frå hesa. Endestaur-skurene skal ikkje stå i 90 grader mot hesa sett ovanfrå, men i om lag 45 grader. Desse skurepara har ein dobbelfunksjon. Dei skal for det fyrste stø og stive av hesa mot vind frå sida. I tillegg skal dei stø endestauren og på den måten heile hesa, slik at endestaurane ikkje sig mot kvarandre, og hesa etter kvart sig saman mot midten. I tillegg til dei skurene



som støttar endestaurane, skal det vere skurepar for annakvar staur elles i hesa også. Desse skurepara skal også vere festa langt oppe på stauren, men desse skurene skal stå på skrå ned i åkeren vinkelrett på hesa (sett ovanfrå).

Hesband

Den lokalhistoriske faglitteraturen fortel ein del om trehesa. Men festeteknikken er dårleg dokumentert. Til å feste trodene på staurane bruka dei korkje vidjer, reip, ståltråd eller trenaglar. Knut fortel at dei brukte noko som dei kalla «hesband». Knut opplyser at vanleg bjørk (Betula odorata) eignar seg godt til dette. Greiner frå gamle bjørketre er ofte sprø og vanskelege å bøye utan at dei brotnar. Knut demonstrerte dette. Det beste er renningar, eller fire-fem år gamle ungsjøtt av bjørk. Renningar frå hengebjørk (Betula verrucosa) eignar seg spesielt bra. Dei er seigast. Knut hadde leita seg tak i eit knippe gode emne. Emna var om lag 1,5 meter lange. Knut skar bort dei aller tjukkaste greinene ved rotenden. Men dei mindre greinene skal vere med. Lauvet skal også vere med. Knut fann ei klyft i toppen på emnet. Frå denne kløyvde han emnet med hendene i retning av tjukkenden. Det er viktig å kløyve emnet rett etter margen. For å styre dette, brukte han tommelfingrane. Ved å kløyve emnet, fekk han to hesband. Det kløyvde bandet er ganske seigt og sterkt, og det skal mykje til for at det brotnar under bruk. Sjølve knytinga er enkel, men likevel vanskeleg å setje ord på.

Både staur og trode skal vere omslutta av hesbandet. Bandet må vere så stramt som råd. Kløyveflata, lauvet og smågreinene framskundar ein krympeprosess. Knytaren må stundom halde hesbandet fast med munnen. Då kan han bruke begge nevane og konsentrere seg om knytinga. Det er mogleg å montere ei trehes åleine. Men det er ein stor fordel om to personar samarbeider. Då får han som knyter banda hjelp til å halde troda på plass til ho er fast, seier Knut.

Kornhesa

På 1700-talet og på 1800-talet var det om lag berre på Sunnmøre at dei tørka kornet i hes. Andre stader i landet tørka dei kornbanda på einskildstaurar. Knut gjekk rekruttskulen på Værnes i Trøndelag på byrjinga av 1950-talet. Rekruttane måtte hjelpe bøndene i skurdonna. Her lærte Knut å setje opp kornstaur, og å trø kornbanda på stauren. Knut viste oss også korleis dette vart gjort. Somme stader har dei så lang kornstaur at dei måtte ha ein person ståande på ein krakk attmed stauren. Han tok mot kornband frå dei andre, løfta bandet opp med ei gaffel-liknande tregreip, og tredde så kornbandet ned på stauren.

Kornhesa er eit spesielt sunnmørsk fenomen. Ho ser enkel ut ved første augekast, nett som sunnmøringen, men ho har sine sider når du kjem nær innpå henne. Ho gjev rikeleg att for rett montering og godt stell. Sunnmøringen kunne førebu og seinare

Seige bjørkerenningar er fine til å binde saman ei kornhes med.
Foto: Hallvard Sandvik.



byggje hesa si medan det var survêr. Når kornet var moge og det kom ein tørrdag, kunne han og huslyden hans stable langt fleire kornband på ei økt, enn dei ville ha gjort om dei nytta lange einskildstaur.

Ved staurbruk må ein som nemnt lyfte eitt og eitt kornband to og ein halv meter opp i høgda før det sig ned på stauren. Dette er ganske arbeidsintensivt, og høver best for sterke og vaksne arbeidsfolk. Ved bruk av kornhes slepp ein å løfte alle kornbanda så svært høgt opp. Born og eldre folk kan med fordel ta del i arbeidet. Når kornet er tørt, er det lett å ta dei tørre kornbanda ut av hesa. Dei øvste kornbanda i hesa tek mot regn og fører nedbøren ut til sides, og vernar på den måten det underliggende kornet mot væte langt betre enn korn på staur. Kornhesa passar godt i vindfullt og regnrikt klima, som til dømes på Møre.

Før innmarksutskiftningane kom i gang på slutten av 1800-talet, låg jordstykkja til bruk på Møre om kvarandre som store lappeteippe. Eit kornreit kunne vere lite, berre eit halvt, eller nokre få ar (1ar= 100 kvm). Grunnen kunne vere steinrik, og det kunne vere vanskeleg å få staurane langt nok ned i jorda. Ein einskildstaur som ikkje står djupt nok, ville lett kunne blåse over ende. Ei trehes derimot, hadde skurer på begge sider, og kunne tole ein god del vind før ho la seg ned.

Knut fortel at dei nedste trodene godt kan vere ein halvmeter opp frå bakken. Vidare oppover kan avstanden mellom trodene vere om lag 30 cm. Men dette kunne variere. Avstanden mellom staurane kan også variere. Men om lag ei famn (180 cm), kan høve mange stader. Lengda på trodene var med på å bestemme avstandane mellom staurane. Det er ein fordel om ei trode kan vere festa til 3 staurar. Elles er det lurt å ikkje ha alle trode-skøytane på samme staur. Kan ein få til overlapping, er det bra for stabiliteten i hesa.

Mellomrommet mellom to staurar kallar vi golv. Ei hes burde ha eit tal golv som kunne delast på talet 3. Altså 3,6,9 eller 12 golv. Dette kan ha noko med religion å gjere. Talet 3 er eit heilag tal, og i denne samanhengen ei stille bøn om god haust vidare. Når bonden sådde korn i mai, kunne han gjere eit krossteikn før han starta. Han tok også av seg hatten, i vørnad og von om god sommar og lukke med kornet. Kornet var livsviktig for menneska.

Skjeringa

Kornet vart skore med sigd eller skyru. Den eldste reiskapen er sigden. Sigden har eit

Knut Hovden reiste kornhesa og drog kornbanda på plass. Foto: Hallvard Sandvik.



Astrid Aure skjer korn og samlar aksa ved å surre ein bendel rundt.

Kornband på staur var ingen ting å satse på i det fuktige og vindfulle Sunnmøre. Her hesja vi kornet, men det er lenge sidan vi har sett ei slik hes i Sykkylven. Foto: Hallvard Sandvik.

etter måten svakt krumma blad, og tanga (ståldelen som bladet var festa til treskaftet med) vart ofte klinka, eller sjeldnare surra fast til skaftet. Somme stader var skaftet på sigden relativt langt, nesten som eit lite stutturv. Sigden var opphavleg i bruk over heile landet. På deler av kysten vart sigden brukt heilt opp til vår tid. På Austlandet og i Trøndelag har skjereiskapen i nyare tid vore skyru (skurru, skjera). Her er stålbladet svært mykje krumma, og tanga går gjerne inn i skaftet. Skaftet er alltid kort. Denne skjereiskapen kom inn i landet frå sør i høgmellomalderen (1000 - 1300 e.Kr.).

Dei fleste «sigdane» som vi finn kring om på gardane på Sunnmøre i dag, er faktisk skyru. Eit kjent sosialistsymbol er hammar og sigd, industriarbeidaren og jordarbeidaren. Men kunstnarane teiknar oftast hammar og skyru. I daglegtalet skil folk flest ikkje mellom dei to kornknivane. Dei kallar begge for sigd. Vi kallar av den grunn også skyru for sigd her i denne artikkelen.

Dagny viste oss korleis dei skar kornet. Dei heldt sigden i høgre handa, og tok ei handfull kornstrå med andre. Så skar dei av stråa med den kvasse sigden heilt nede ved jorda. Det gjekk fleire handfuller kornstrå med til eit nek eller band. Det skulle ikkje vere for få kornstrå i eit kornband. Det var i tilfelle ein urasjonell måte å arbeide på. Det skulle heller ikkje vere for mange kornstrå i bandet. Det kunne gå ut over turkinga. Kornstråa samla arbeidaren under den armen som ikkje førde sigden. Dagny fortel at når dei hadde skore høveleg mange kornstrå til eit kornband, skar dei ein handfull nye, lange kornstrå som skulle vere til å ha kring kornbandet. Dette bandet kalla ho bendel.

Det var viktig at korna på bendelen peika mot der korna på bandet var. Vende korna på bendelen feil veg, og kom dei seinare i kontakt med væte, kunne dei ta til å spire. Det var uheldig, og kornet på bendelen var øydelagd. Bendelen måtte vere høveleg fast. Bendelen skulle fjernast seinare, så han måtte knytast slik at han samstundes var rimeleg lett å løyse opp.

Hesjinga

Dagny forel at kornbanda nærast bakken ikkje vart hengde over nedste troda slik ein gjerne skulle tru. Dei nedste kornbanda blei plasserte slik at rotenden på bandet står på bakken. Kornenden kviler, frå begge sider av hesa, mot den nedste troda. Desse kornbanda vart kalla røven (dialekt: 'røvinj'), fortel Dagny. Det var viktig at røven vart montert rett. Om namnet har noko med det lure rovdyyret med kvit haletipp å gjere, er uvisst. Med litt fantasi kan der kanskje vere ein viss formlikskap?

Kvaliteten på kornet frå røven kunne vere skiftande. Røven er fin å sjå til, men ikkje alltid å lite på. Frå og med trode nummer to nedanfrå, vart kornbanda lagde over troda og inn i hesa. Kornside av neket burde vende mot den sida der det tørka best. Det var ofte mot sør, der sola varma og der sønnavinden kunne leike i gule aks.

Kjelder:
Norsk Historisk Leksikon
ISBN 82-02-04893-1
Norsk Allkunnebok.
Floraen I
ISBN 82-03-16537-0



Kjell Ole Løseth, fødd 1941, er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. No er han travel pensjonist og oppteken med organisasjonsarbeid, revy og lokalhistorie. Han er styreleiar i Storfjordens Venner.

«Så lenge skuta kan gå»

Av Kjell Ole Løseth

Kommunegrensene for Sykkylven har vore eit heitt tema i nesten 200 år: Eigen kommune frå 1837 til 1883. Endring også i 1955. Blir det nye «ektemakar» frå 2020?

Det er spanande tider for innbyggjarane i Sykkylven nett no: Kommunegrensene for 2020 skal teiknast. I denne artikkelen skal eg sjå litt på den historiske utviklinga når det gjeld kommunegrensene til Sykkylven dei siste par hundreåra. Det er freistande å sitere følgjande barneregler: *«Eg og du og vi to/seilte i ein tresko/treskoen kvelva/du og eg i elva.»* Samarbeid kan gå i vasken, som vi skal sjå.

Formannskapslovene

Frå 1814 var det embetsmennene som sat med makta – lokalt sjølvstyre var det ikkje snakk om, men innbyggjarane i heile landet mislikte embetsmannsstyret. Kravet om meir lokalt sjølvstyre vart sterkare. Utover 1830-åra kom stortingsrepresentantane med same krava. Stortinget vedtok dei såkalla Formannskapslovene, men både konge og regjering sa nei! Dei var redde for at bøndene skulle få for stor makt.

Hausten 1836 vart det kalla saman til omframt Storting. Dei vedtok endå ein gong lovframlegget. Kongen og regjeringa greidde ikkje å motstå presset. Dei sanksjonerte lova 14. januar 1837. Formannskapet hadde etter lova den reelle makta. Dei skulle *«bistå øvrigheten med opplysninger og betenkninger. Avlegge, revidere og desidere. Utrede for øvrigheten saker en ville ha utvirket til herredets gavn og påse at de økonomiske anliggenders ordentlige og sparsommelige forvaltning».*

Ordføraren skulle veljast av og mellom formennene for to år. Ordføraren skulle vere kommunens fremste ombudsmann. Vere uløna administrasjonssjef, kalle inn til møte, føre møtebok og arkivere alle saker og korrespondanse, underskrive i kommunen sitt namn og møte i amtstinget.

Representantskapet (kommunestyret) hadde nok i realiteten lite makt - det var mest sandpåstrøing av vedtak i formannskapet - i alle fall til å begynne med. Formannskapsmedlemmene kunne ikkje veljast inn i representantskapet (kommunestyret). Dette blei først endra i 1879. Etter den tid vart heradstyret samansett av formannskap og representantskapet.

«Ekteskap» frå 1838

Noreg vart etter formannskapslovene inndelt i 396 formannskapsdistrikt - først frå 1853 blei omgrepa kommune eller herad tekne i bruk. Ordet kommune er opphavleg latin og tyder «sams», noko ein er saman om. I vanleg tyding er kommune eit område som utgjer ei eiga politisk og administrativt eining underlagt staten, men med eit visst sjølvstyre. Herad byggjer på norrønt språk og tyder «hær», altså eit område som rådde over ein hær. No eit «myndighetsområde».

Formannskapsområda eller kommunane blei politiske og administrative einingar med utgangspunkt i eksisterande inndeling i prestegjeld. Eit prestegjeld vart ein ny kommune. Såleis var det kyrkjeordninga som blei avgjerande for kommuneinndelinga den gongen.

Ørskog kommune, inkludert Sykkylven, starta opp med «blanke ark og fargestifter tel». Ole L. Sollid frå Ørskog - som hadde vore stortingsmann i dei åra formannskapslovene var i fokus - vart vald til kommunen sin første ordførar den 13. januar 1838. Hopehavet var i gang.

Sentrale Søvikdal

Nedre Søvik var ein sentral plass i den nye Ørskog kommune. Første kommunestyremøte vart avvikla her og vidare framover. Her var alle forhold lagt til rette med kommunestyresal, handelsstad, kai og brennevinsutsal.

I den første tida var det som var omtala i lova som opptok kommunestyret mest: Fattigstellet, skulestellet og kyrkjestellet. Frå 1851 kom vegstellet til.

Sykkylven skulle ha 16 representantar i kommunestyret, Ørskog 12. Sykkylvingane visste å utnytte dette til sin fordel. Ordførar Ole R. Sollid blei kasta ved første høve!

Vêret på Storfjorden kunne vere tøft og det hende fleire gongar at representantane som segla og rodde ikkje nådde møta i Søvika i tide. Men møta starta presis. Det skapte sjølvsaugt sinne og harme når sykkylvsrepresentantane - for så vidt på lovleg vis - gjorde vedtak til Sykkylven sin fordel. Særleg var det ei viktig vegsak, som blei avgjort medan dei frå Ørskog kava i nordvestkulingen, noko ørskogbygdarane blei rasande for, som rimeleg kan vere.

Amtmannen på Molde skreiv i 1861: *«Ørskog prestegjeld utgjør ett formannsdistrikt, der således innbefatter tvende splittede bestanddele uten felles interesser»*

Lik representasjon eller lausriving

Ikkje uventa var det ørskogbygdarane som var mest misnøgde i kommunen. Sykkylvingane grov til seg for mykje, meinte dei. Det vart store utgifter til fattigstellet og skule. Det skulle byggast ny skule på Ørskog (Steinholt skule). Det var også planar om lærarskule der. Sykkylvsrepresentantane meinte at huset var for stort og ville redusere med ei høgd.

Då kokte det over for ørskogbygdarane. Det blei halde eit møte på Amdam der dei ville ha lausriving frå Sykkylven eller likt tal på representantar i kommunestyret. Kravet om lik representasjon blei handsama i eit kommunestyremøte den 19. april 1873. Møtet likna ein «polsk riksdag». Alle frå Sykkylven røysta imot og framlegget fall! Misnøya heldt fram.

Skilsmål 1883

Samarbeidet skranta meir og meir mellom bygdene på kvar si side av Storfjorden. Fjordskilje og kulturskilnader var hyppig brukte argument for å få slutt på hopehavet. I 1880 vart eit framlegg frå P. Th. Gjære og P. Skarbø frå Ørskog om å dele Ørskog herad *«i tvende formannskapsdistrikter med særskilte kasser»* handsama. Etter lang diskusjon sa formennene ja. Frådelingssøknad kunne sendast. Søknaden gjekk til Kongen og futen kunne melde tilbake om positivt vedtak med verknad frå 1. august 1883.

Ramstaddal, Søvikdal og Furstranda skulle framleis vere delar av Ørskog kommune. 28. juli 1883 vart det halde eit historisk kommunestyremøte i Nedre Søvik. Sykkylven vart eiga kommune. O. Strømme blei valt til ordførar med O.B. Lyshol som varaordførar.

«Treskoen som hadde kvelva» starta eit nytt kapittel for Sykkylven «med blanke ark og fargestifter tel».

Ny endring av kommunegrenser 1955

Rundt 1950 melde kravet seg sterkare frå Ramstaddal, Søvikdal og Furstranda om at bygdene burde skiljast frå Ørskog og leggjast til Sykkylven. Det var m.a. grunnlagt med betre vegar og lettare tilkomst til kommunesenteret. Kommunestyrerepresentantane frå desse bygdene dreiv eit godt lobbyarbeid som førte til at søknaden frå «sørsida



Ørskog har vore i ekteseng både med Sykkylven, Stordal og Skodje. Det har ikkje blitt varige forhold. Foto frå Sunnmørssoaga Gull av gråstein. Finn Loftesnes.

av fjorden» i 1953 blei handsama i kommunestyret i Ørskog den 22 oktober 1954. Frådelingsvedtaket lyder slik:

«1. Bygdene Ramstaddal, Søvikdal og Furstranda vert ført over til Sykkylven kommune så snart overføringa kan fremjast av praktiske og formelle omsyn. 2. Alt oppgjer som melder seg i samband med overføringa vert å ordne i samsvar med dei prinsipielle retningslinjer frå kommuneinndelingskomiteen.»

Ved kongeleg resolusjon blei overføringa gjort gjeldande frå 26. august 1955. Sykkylven kommunestyre sa seg godt nøgde med overføringa og «medgifta» som følgde med. Mellom anna ein flunkande ny Ramstaddal skule.

Den historiske hendinga blei markert med ei felles samkome i fred og fordraglegheit mellom kommunestyra i Sykkylven og Ørskog den 10. desember 1955. Det er protokollført følgjande:

«Kommunestyra i Ørskog og Sykkylven i Møre og Romsdal, med hjelp av fylkesmannen Olav Oksvik, har i 1955 vorte samde om å regulera grensa mellom dei to kommunane slik at bygdene Ramstaddal, Søvikdal og Furstrand, som frå gamal tid har tilhørt Ørskog, skal først over til Sykkylven kommune i 1955. Storfjorden frå Skodje kommune i vest til Stordal grense i aust, skal i framtida vere den nye grensa mellom dei to kommunane. Kronprins Olav, som er regent i Noreg den tid Kong Haakon den 7. var sjuk, har den 26. august 1955, gjort vedtak om at denne overflyttinga og grense-reguleringa skal ta til å gjelde frå denne dato. Økonomisk mellom dei to kommunane gjeld overføringa frå 1. juli 1955. Kommunestyra i Ørskog og Sykkylven har den sikre tru, at det som her er gjennomført, skal tena dei to kommunane, og vere til signing for det folk og dei bygder dette gjeld»

Berre herlegdom og glede altså!

Medan Sykkylven som eiga kommune har stått som ein påle sidan 1883 og 1955, har naboane våre hatt endringar. Ørskog blei slått saman med Skodje og Stordal frå 1. januar 1965 i tråd med Schei-komiteen sitt framlegg. (Underteikna har hatt den tvilsame opplevinga å vere med i kommunestyret i denne kommunen). Samarbeidet skranta og blei oppløyst att i 1976 med kommunar som før, i tråd med framlegget frå Tallaksen-komiteen. «Treskoen kvelva» atter ein gong. Stranda og Sunnylvn blei også slått saman i 1965 og det «ekteskapet» har vart til no.

Sykkylven kommune frå 2020?

I 2016 har debatten om kommunesamanslåingar vore svært omfattande. Ordførar, politikarar og kommunetilsette har hatt hendene fulle med arbeid i samband med dette. Sykkylvsbladet - redaksjonelt og gjennom lesarinnlegg - har halde saka varm i lang tid. Det er lagt ned ein formidabel innsats med intensjonsavtalar i aust og vest, folkemøte og innbyggjarhøyring. Det har ikkje mangla på engasjement. Vi kjenner resultatene av intensjonsavtalane og innbyggjarhøyringa.

Vi kjenner også fylkesmannen si tilråding til Stortinget. Dette let eg ligge her. Så får det vise seg om Stortinget sine vedtekne mål for kommunereforma blir ein realitet også her i Sykkylven eller om dei blir skrota «så lenge skuta kan gå».

Ordlyden i desse måla er følgjande:

«Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.

Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.

Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.

Styrka lokaldemokrati og fleire oppgåver til kommunane.»



Ole Strømme vart den første ordføraren i Sykkylven kommune etter hopehavet med Ørskog.

Kjelder: Kommunale dokument, lokale skrifter, internett. Ragnar Bakken, Kommunal rapport.

Desse har vore med å støtta utgjevinga av
Årbok for Sykkylven 2016

Sparebanken Møre

Coop Mega Sykkylven

Amatec AS

Nyborg

Formfin Møbler AS

Nordea

SandellaFabrikken AS

Spar Sykkylven

B. S. Aure AS

Handelsservice AS

Sykkylven Gjensidige Trygdela

Sykkylven Bok & Papir AS

Kiwi Sykkylven

Ekornes ASA

Møre Trafo AS

Advokat Kjetil Kvammen

Brunstad AS



Syklus

Støtt vil unge spirar
gro av gamle røter.
Støtt vil dagar
gå mot kveld
for atter stige
vonfull imot morgonsky.

Støtt vil unge
trø med tunge fet
på gamle hjarte.
Støtt vil hausten
i ei sval og stille ro
lyfte sine bleike bryn
spørjande og undrast.

Alltid vil unge auge
doggast av beiske dropar,
når jorda med si kalde famn
tek imot dei trøyte steg
og der er ikkje veg
attente.

PETTER KURSETGJERDE

*Diktet er henta frå minne-
og diktsamlinga*

*Lat draumen vare,
utgitt av*

*Sykkylven sogenemnd
i 2003.*